

# Økonomiplan for 2025 – 2028 og årsbudsjett 2025

## Gol kommune

---

## Kommunedirektørens innleiing

### Ei fortsatt optimistisk kommune

Kommuneplanen for Gol, samfunnsdelen blei vedtatt av kommunestyret i juni 2018. Samfunnsdelen er kommunen si rettesnor for langsiglig og heilskapleg planlegging. I samband med visjonen for Gol er det uttrykt slike tankar om korleis me ynsker at Gol skal vere i 2030:

Gol er vekstsenteret og knutepunktet i den nye storkommunen i regionen. Folketalet i Hallingdal har vaks og Gol er motoren i etablering av nye arbeidsplassar. Gol er det sentrale knutepunktet mellom aust- og vestlandet. Det er her folk møtast. Bygginga av ny rv52 er i gang og kollektivtransporten har fått eit stort løft med ny Ringeriksbanen og ny flott knutepunktstasjon på Gol. Besøksnæringane er i stor vekst og handelssenteret Gol har vist veg i nye digitale handletrendar. Gol sentrum med miljøgate, nisjebutikkar og aktivitetar er ein handelsmagnet. Turistnæringa blomstrar og hyttebygginga er konsentrert og knytt til aktivitetar både vinter og sommar. Kommunale tenester er av god kvalitet og tilpassa brukarane i alle livsfasar. Gol er inkluderande og familievennleg. Folk flyttar til den nye kommunen. Unge trivst med fritidsinteresser og Gol som by. Befolkinga er aktiv og mange finn frivillig arbeid som viktig del av kvardagen. Gol er ein god stad å bu for alle.

Samfunnsdelen er overordna og legg føringer for utarbeiding av kommunedelplanar og ulike temaplanar i kommunen, og budsjett. Det må handlingar til for å få den utviklinga vi vil ha, difor vert samfunnsdelen følgt opp gjennom handlingsprogram og budsjett for å sikre at det vert gjennomført ei prioritering, og at det vert sett av ressursar til gjennomføring.

Gol kommune har gjennom dei siste åra gjort ei satsing på barn og unge, infrastruktur og næringsliv. I alt er det brukt om lag 356 mill. kommunale kroner til ny 10-delt skule, ny fleirbrukshall med basishall og ny avkøyring og veg frå RV7 til Gol sentrum. I tillegg har ungdomsrådet vore pådrivar for etablering av aktivitetstilbod som skatepark og pumptrack i sentrum. Satsinga har vore bevisst og har hatt som mål å gjøre kommunen attraktiv for innbyggjarar, for næringslivet og for andre arbeidsgjevarar. Satsinga har også som mål å trekke til seg nye innbyggjarar. Folketalet veks i Gol. Gol kommune står foran større satsingar i den neste perioden og, med blant anna realiseringa av ny barnehage.

Den mest spennande satsinga i Hallingdal er fortsatt Campus Hallingdal. Hausten 2024 starta Universitetet i SørØst -Norge opp undervisning i 3 fag, totalt 60 studieplassar på Gol. Dette var berre starten. I statsbudsjettet for 2025 har regjeringa foreslått å løyve midlar til å vidareføra og utvide Campus Hallingdal. Det er satt av midlar til å auke tal studieplassar og utvide studietilbodet, med mål om å nå 120 studentar i 2025 og 180 studentar i 2026.

### Kommunen sitt plansystem

I samarbeid med kommunalsjefane legg kommunedirektøren fram eit saldert budsjett for 2025. Det salderte budsjettet er eit resultat av arbeid med prioriteringar mellom avdelingane og deretter sektorane. Budsjettarbeidet startar kvart år tidleg. Kommunestyret og administrasjonen har ei økonomikonferanse i mai der dei grove utfordringane for kommunen blir presentert. Dette gjeld både økonomisk handlefridom, kjente endringar og utfordringar, kjente signal frå sentralt politisk hald osb. Lokale politiske prioriteringar som administrasjonen skal greie ut skal vedtakast eller signaliserast slik at administrasjonen kan avklare kva som er mogeleg og kva for konsekvensar eventuelle tiltak kan få. I juni blir budsjettdirektivet frå kommunedirektøren skrive. Då får kommunalsjefane i oppdrag å greie ut diverse nye tiltak, innsparingstiltak og mogelegheiter til å gjøre tenestene annleis og meir effektive.

## Særlege utfordringar

### Økonomi og budsjett

Budsjettet for 2025 og økonomiplanen for 2026-2028 er lagt fram i balanse. Den økonomiske kvarldagen er fortsatt krevjande med aukande utgifter til drift av tenesteproduksjonen, høge renteutgifter og auka avdrag. Oppsummert alle sentrale inntekter og driftsinntekter, med frådrag for driftsutgifter og renter/avdrag, har kommunedirektøren berekna eit netto driftsresultat på 18,3 mill. kr i 2025 og eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 2,4 prosent. Beløpet er foreslått avsett til disposisjonsfond. Kommunedirektøren legg fram eit nøktern budsjett der det er lagt inn eit relativt høgt driftsresultat i % av driftsinntekter for avsetning til usikkerheit og avsetning til disposisjonsfond. Det er ein del usikkerheit knytt til den økonomiske utviklinga i Noreg når det gjeld renteutvikling og kommunen sine inntekter, som skatteinntekter og kraftinntekter. På denne måten har kommunen anledning til å revidere budsjettet gjennom året om inntektene skulle gå ned, og samtidig oppretthalde nivået på tenestene. I tillegg ynskjer kommunedirektøren å ha eit solid disposisjonsfond for framtida og ha ei nøktern men forsvarleg drift med tanke på større investeringar som kan komma i perioden, med ny barnehage og nødvendige investeringar som resultat av tjenestekonseptutviklinga.

Det er utfordrande å gje ein prognose for resultatet utover i økonomiplanperioden. Gol kommune har ved inngangen til 2025 eit akseptabelt nivå på disposisjonsfondet og KOSTRA-tal syner at Gol kommune har ei nøktern tenesteproduksjon innan dei fleste områda. Me må likevel gå gjennom drifta og vurdere om tenestene kan driftast på ein anna måte enn i dag og det er mi vurdering at me må omstille oss slik at me i framtida kan gje fleire tenester innan dagens økonomiske rammer.

Kraftinntektene er viktige for Gol kommune, og bruk av kraftinntekter bør etter kommunedirektørens vurdering, ikkje variera betydeleg frå år til år. Prognosene for 2025 er om lag 30 mill. kr. Det er lagt inn same forventapronose i økonomiplanperioden, men kommunedirektøren ynskjer å vera mindre avhengig av kraftinntekter. Kommunedirektøren ynskjer ei nedtrapping av budsjettering med bruk av kraftinntekter i økonomiplanperioden. Målet vil vera at ein i 2028 budsjetterer med bruk av inntekter frå konsesjonskrafta, og ikkje andelskraft, som utgjer om lag halvparten av kraftinntektene.

### Ny barnehage

Kommunestyret vedtok i 2023 å byggje ny barnehage, og kommunedirektøren skulle i framlegget til budsjett 2024 «leverast priskalkyle og skisseløysingar til budsjettbehandlinga hausten 2023». Plassering av barnehage og reguleringsplanen er ferdig, prosjektering pågår og innan året er omme vil ulike alternativ vera kostnadsrekna.

### Samlokalisering av bygg og tenester

Kommunen ynskjer i løpet av 2025 å leggja fram eit forprosjekt som ser på samlokalisering av Samfunnshuset og ombygging multimediarom, i samanheng med behov knytt til vekst i Campus Hallingdal, og behovet for ny ungdomsklubb.

Tjenestekonseptutviklinga ser og på samlokalisering av tenester, som samlokalisering av forebyggande tenester for born og unge. Dette vil kunne gje betre og meir effektive målretta tenester og legga føringer for framtidige prioritering av nødvendige investeringar.

## Økonomiplan for 2025-2028

### Tenestekonsept i helse og omsorg

Arbeidet med tenestekonseptutviklinga i helse og omsorgstenesta er eit viktig arbeid, det understrekast ved å sjå på forventa utvikling i mottakarar av kommunale tenester og det framtidige utgiftsbehovet i Gol kommune. Kommunedirektøren ynskjer at dette arbeidet skal fortsette i 2025. Det samla utgiftsbehovet vil sannsynleg auke dei neste åra, og det er stadig nye krav til tenestene som vil vera krevjande å få løyst innafor rammene kommunen har. Utvikling og endringar i innbyggjar-samansetninga påverkar kommunen sitt utgiftsbehov og kan medføra at det blir aktuelt å flytta budsjettmidlar mellom sektorane om ikkje budsjetttrammene aukar. Det meste av kommunen sine kostnader er knytt til løn, og ei omprioritering frå eit område til eit anna, eller ei nedskalering av tenestene vil ta tid. Det kan med andre ord bli behov for endre våre prioriteringar og ressursbruk i dei kommande åra.

### Rekruttering og sjukefråvær

Ei av våre største utfordringar er å rekruttere fagfolk. Dette gjeld fleire fagområde, slik me alt opplever innanfor helse og omsorgstenesta. Denne utfordringa er ikkje Gol kommune åleine om, og utfordringa må løysast på fleire plan. Gjennom målretta arbeid internt i Gol kommune vi må løyse fleire oppgåver i fellesskap og me må sannsynlegvis løyse fleire oppgåver saman med dei andre kommunane i Hallingdal. Dette er eit omfattande arbeid som det blir arbeida målretta og konkret med.

Det er høgt sjukefråvær i Gol kommune, som i landet elles. Kommunedirektøren ynskjer i 2025 å arbeide med målretta tiltak for å få ned sjukefråvær og behalde nøkkelpersonell.

Kommunedirektøren har ambisiøse mål for våre tenester, sjølv om dei økonomiske rammene gjerne skulle vore større, og me søker å sikre så høg kvalitet og så god brukartilfredsheit som mogeleg.

### Sist, men ikkje minst,

Gol kommune skal vere ein arbeidsplass kor tilsette trivst, både med dei faglege utfordringane og i sitt arbeidsmiljø.

Gol 8.november 2024

Hege Mørk  
kommunedirektør

## Budsjettvedtak

### Løvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd (tilpassa)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Økonomiplan			
				2023	2024	2024	2025
				2025	2026	2027	2028
<b>Sentrale inntekter</b>							
Andre generelle statstilskudd	-30 238	-25 800	-25 800	-26 917	-24 117	-19 017	-17 017
Skatt på eiendom	-30 648	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557
Naturressursskatt	0	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500
Skatt på inntekt og formue	-182 574	-188 758	-188 758	-223 255	-216 579	-216 579	-216 579
Ordinært rammetilskudd	-170 812	-181 409	-181 409	-193 482	-196 585	-195 725	-194 513
Næringsstøtte	-149	0	0	0	0	0	0
Kraftsalg	-37 467	-30 000	-30 000	-29 000	-30 000	-30 000	-30 000
Andre tilskudd	0	-500	-500	0	0	0	0
<b>Sum Sentrale inntekter</b>	<b>-451 887</b>	<b>-471 524</b>	<b>-471 524</b>	<b>-517 711</b>	<b>-512 338</b>	<b>-506 378</b>	<b>-503 166</b>
<b>Sentrale utgifter</b>							
Kraftomsetning - utgifter og overføringer	16 411	9 221	9 221	14 221	14 221	14 221	14 221
<b>Sum Sentrale utgifter</b>	<b>16 411</b>	<b>9 221</b>	<b>9 221</b>	<b>14 221</b>	<b>14 221</b>	<b>14 221</b>	<b>14 221</b>
Driftsutgifter per tenesteområde	371 352	405 173	405 173	430 892	462 323	462 503	460 253
Avskrivninger	22 685	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845
<b>Brutto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-41 439</b>	<b>-34 285</b>	<b>-34 285</b>	<b>-49 753</b>	<b>-12 949</b>	<b>-6 809</b>	<b>-5 847</b>
<b>Netto finansutgifter og inntekter</b>							
Renteinntekter og utbytte	-55	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter Startlån	978	600	600	600	600	600	600
Renteinntekter Startlån	-703	-600	-600	-600	-600	-600	-600
Utbytte	-1 397	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260
Renteutgifter ordinære lån	23 953	33 825	33 825	27 095	31 612	31 017	31 017
Renteinntekter	-6 794	-5 850	-5 850	-5 850	-5 850	-5 850	-5 850
Renteinntekter av utlån	-94	-50	-50	-50	-50	-50	-50
Avdrag på ordinære lån	24 177	25 649	25 649	29 058	33 383	33 782	33 782
Finansutgifter i tenesteområda	-347	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Netto finansutgifter og inntekter</b>	<b>39 718</b>	<b>52 314</b>	<b>52 314</b>	<b>48 993</b>	<b>57 835</b>	<b>57 639</b>	<b>57 639</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0

## Økonomiplan for 2025-2028

	Rekneskap	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Økonomiplan			
				2023	2024	2024	2025
				2025	2026	2027	2028
Motpost avskrivningar i tenesteområda	-22 685	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845
<b>Netto resultat</b>	<b>-24 406</b>	<b>-4 816</b>	<b>-4 816</b>	<b>-23 604</b>	<b>22 042</b>	<b>27 986</b>	<b>28 948</b>
<b>Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar</b>							
Til bundne avsetninger	4 611	2 180	2 180	2 180	2 180	2 180	2 180
Bruk av bundne avsetninger	-400	-2 525	-2 525	-2 525	-2 525	-2 525	-2 525
Bruk av ubundne avsetninger	-18 035	0	0	0	-10 230	-27 840	-27 840
Til ubundne avsetninger	27 408	9 984	9 984	28 875	-6 985	4 700	3 738
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	10 822	-4 823	-4 823	-4 926	-4 482	-4 501	-4 501
<b>Sum Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar</b>	<b>24 406</b>	<b>4 816</b>	<b>4 816</b>	<b>23 604</b>	<b>-22 042</b>	<b>-27 986</b>	<b>-28 948</b>
<b>Årsoverskot / underskot</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Løyingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd (tilpassa)

	Rekneskap	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Økonomiplan			
				2023	2024	2024	2025
				2025	2026	2027	2028
Kommunedirektøren	37 211	49 996	49 996	44 861	63 278	66 250	64 750
UKL - helse, omsorg og sosial	189 190	190 033	190 033	207 928	215 228	213 228	213 228
UKL - oppvekst og kultur	123 619	125 459	125 459	136 878	137 003	137 573	137 323
UNN – kommunal drift	47 258	48 329	48 329	53 379	58 654	57 954	57 454
UNN - selvkost	-8 100	-13 848	-13 848	-18 308	-17 550	-18 231	-18 231
Sentrale poster	-9 809	0	0	4	4	4	4
Interkommunale samarbeidstiltak	2 458	381	381	1 225	1 225	1 225	1 225
<b>Sum netto rammer</b>	<b>381 828</b>	<b>400 350</b>	<b>400 350</b>	<b>425 966</b>	<b>457 841</b>	<b>458 002</b>	<b>455 752</b>
<b>Av dette:</b>							
Avskrivninger	22 685	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845
Renteinntekter	-349	0	0	0	0	0	0
Utbytter	-5	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	-22 685	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 908	472	472	472	472	472	472
Bruk av bundne driftsfond	-6 087	-5 295	-5 295	-5 398	-4 954	-4 973	-4 973
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum rammer utan 1A- poster</b>	<b>371 352</b>	<b>405 173</b>	<b>405 173</b>	<b>430 892</b>	<b>462 323</b>	<b>462 503</b>	<b>460 253</b>

## Løyingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

## Økonomiplan for 2025-2028

*Beløp i 1000*

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
<b>Kommunedirektøren</b>	<b>37 151</b>	<b>49 996</b>	<b>44 861</b>	<b>63 278</b>	<b>66 250</b>	<b>64 750</b>
Av dette:						
Avskrivninger	22 685	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845
Motpost avskrivninger	-22 685	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845
Netto renteutgifter og -inntekter	-63	0	0	0	0	0
<b>UKL - helse, omsorg og sosial</b>	<b>189 190</b>	<b>190 033</b>	<b>207 928</b>	<b>215 228</b>	<b>213 228</b>	<b>213 228</b>
Av dette:						
Avsetninger til bundne driftsfond	4 028	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-411	0	0	0	0	0
<b>UKL - oppvekst og kultur</b>	<b>123 619</b>	<b>125 459</b>	<b>136 878</b>	<b>137 003</b>	<b>137 573</b>	<b>137 323</b>
Av dette:						
Avsetninger til bundne driftsfond	360	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-259	0	0	0	0	0
<b>UNN – kommunal drift</b>	<b>47 258</b>	<b>48 329</b>	<b>53 379</b>	<b>58 654</b>	<b>57 954</b>	<b>57 454</b>
Av dette:						
Netto renteutgifter og -inntekter	-5	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	3 604	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-3 483	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
<b>UNN - selvkost</b>	<b>-8 100</b>	<b>-13 848</b>	<b>-18 308</b>	<b>-17 550</b>	<b>-18 231</b>	<b>-18 231</b>
Av dette:						
Avsetninger til bundne driftsfond	6 261	472	472	472	472	472
Bruk av bundne driftsfond	-1 705	-2 825	-2 928	-2 484	-2 503	-2 503
<b>Sentrale poster</b>	<b>-21 170</b>	<b>-35 779</b>	<b>-29 275</b>	<b>-30 275</b>	<b>-30 275</b>	<b>-30 275</b>
<b>Interkommunale samarbeidstiltak</b>	<b>2 458</b>	<b>381</b>	<b>1 225</b>	<b>1 225</b>	<b>1 225</b>	<b>1 225</b>
Av dette:						
Netto renteutgifter og -inntekter	6	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	2 655	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-229	-620	-620	-620	-620	-620
<b>Sum løyingar drift, netto</b>	<b>370 406</b>	<b>364 571</b>	<b>396 687</b>	<b>427 562</b>	<b>427 723</b>	<b>425 473</b>
Av dette:						
<b>Avskrivninger</b>	<b>22 685</b>	<b>22 845</b>	<b>22 845</b>	<b>22 845</b>	<b>22 845</b>	<b>22 845</b>
Kommunedirektøren	22 685	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845
<b>Motpost avskrivninger</b>	<b>-22 685</b>	<b>-22 845</b>	<b>-22 845</b>	<b>-22 845</b>	<b>-22 845</b>	<b>-22 845</b>
Kommunedirektøren	-22 685	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845
<b>Netto renteutgifter og -inntekter</b>	<b>-62</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kommunedirektøren	-63	0	0	0	0	0
UNN – kommunal drift	-5	0	0	0	0	0
Interkommunale samarbeidstiltak	6	0	0	0	0	0
<b>Overføring til investering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Avsetninger til bundne driftsfond</b>	<b>16 908</b>	<b>472</b>	<b>472</b>	<b>472</b>	<b>472</b>	<b>472</b>
UKL - helse, omsorg og sosial	4 028	0	0	0	0	0
UKL - oppvekst og kultur	360	0	0	0	0	0
UNN – kommunal drift	3 604	0	0	0	0	0
UNN - selvkost	6 261	472	472	472	472	472
Interkommunale samarbeidstiltak	2 655	0	0	0	0	0
<b>Bruk av bundne driftsfond</b>	<b>-6 087</b>	<b>-5 295</b>	<b>-5 398</b>	<b>-4 954</b>	<b>-4 973</b>	<b>-4 973</b>
UKL - helse, omsorg og sosial	-411	0	0	0	0	0
UKL - oppvekst og kultur	-259	0	0	0	0	0
UNN – kommunal drift	-3 483	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
UNN - selvkost	-1 705	-2 825	-2 928	-2 484	-2 503	-2 503
Interkommunale samarbeidstiltak	-229	-620	-620	-620	-620	-620
<b>Korrigert sum løyingar drift, netto</b>	<b>359 646</b>	<b>369 394</b>	<b>401 613</b>	<b>432 044</b>	<b>432 224</b>	<b>429 974</b>
Kommunedirektøren	37 214	49 996	44 861	63 278	66 250	64 750
UKL - helse, omsorg og sosial	185 572	190 033	207 928	215 228	213 228	213 228
UKL - oppvekst og kultur	123 518	125 459	136 878	137 003	137 573	137 323
UNN – kommunal drift	47 142	50 179	55 229	60 504	59 804	59 304
UNN - selvkost	-12 656	-11 495	-15 852	-15 538	-16 200	-16 200

## Økonomiplan for 2025-2028

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Sentrale poster	-21 170	-35 779	-29 275	-30 275	-30 275	-30 275
Interkommunale samarbeidstiltak	26	1 001	1 845	1 845	1 845	1 845

### Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Investeringar i varige driftsmidlar	54 891	41 900	41 900	83 250	167 825	67 425	10 400
Tilskot til andre sine investeringar	4 250	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 191	1 300	1 300	1 300	1 300	1 300	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>60 332</b>	<b>43 200</b>	<b>43 200</b>	<b>84 550</b>	<b>169 125</b>	<b>68 725</b>	<b>10 400</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 016	-5 920	-5 920	-11 405	-23 170	-8 560	0
Tilskot frå andre	-5 393	0	0	0	0	0	0
Sal av varige driftmiddel	-6 611	0	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-49 724	-37 280	-37 280	-73 145	-155 955	-62 165	-10 400
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-66 745</b>	<b>-43 200</b>	<b>-43 200</b>	<b>-84 550</b>	<b>-179 125</b>	<b>-70 725</b>	<b>-10 400</b>
Vidareutlån	4 909	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000	0
Bruk av lån til vidareutlån	-4 909	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	0
Avdrag på lån til vidareutlån	1 734	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 306	0	0	0	0	0	0
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>-573</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	823	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	11 604	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-5 441	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>6 986</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-10 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>0</b>

# Økonomiplan for 2025-2028

## Løvvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025-2028
<b>Kommunedirektøren</b>								
Kommunedirektøren	1 330	1 250	1 250	3 000	625	625	0	4 250
<b>Sum</b>	<b>1 330</b>	<b>1 250</b>	<b>1 250</b>	<b>3 000</b>	<b>625</b>	<b>625</b>	<b>0</b>	<b>4 250</b>
<b>Kommunedirektøren</b>								
<b>UKL - helse, omsorg og sosial</b>								
UKL - helse, omsorg og sosial	0	500	500	300	0	900	0	1 200
<b>Sum UKL - helse, omsorg og sosial</b>	<b>0</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>300</b>	<b>0</b>	<b>900</b>	<b>0</b>	<b>1 200</b>
<b>UKL - oppvekst og kultur</b>								
UKL - oppvekst og kultur	3 390	2 000	2 000	23 200	117 500	41 000	0	181 700
<b>Sum UKL - oppvekst og kultur</b>	<b>3 390</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>23 200</b>	<b>117 500</b>	<b>41 000</b>	<b>0</b>	<b>181 700</b>
<b>UNN – kommunal drift</b>								
UNN – kommunal drift	20 815	28 050	28 050	32 400	30 700	14 500	500	78 100
<b>Sum UNN – kommunal drift</b>	<b>20 815</b>	<b>28 050</b>	<b>28 050</b>	<b>32 400</b>	<b>30 700</b>	<b>14 500</b>	<b>500</b>	<b>78 100</b>
<b>UNN - selvkost</b>								
UNN - selvkost	29 356	10 100	10 100	24 350	19 000	10 400	9 900	63 650
<b>Sum UNN - selvkost</b>	<b>29 356</b>	<b>10 100</b>	<b>10 100</b>	<b>24 350</b>	<b>19 000</b>	<b>10 400</b>	<b>9 900</b>	<b>63 650</b>
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>54 891</b>	<b>41 900</b>	<b>41 900</b>	<b>83 250</b>	<b>167 825</b>	<b>67 425</b>	<b>10 400</b>	<b>328 900</b>

### 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025-2028
<b>Kjøp og salg av Grunn og Eiendommer</b>								
Kjøp og salg av Grunn og Eiendommer	4 250	0	0	0	0	0	0	0
<b>Tilskot til andre sine investeringar</b>	<b>4 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

*Beløp i 1000*

## Økonomiplan for 2025-2028

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025-2028
Kjøp av aksjer og andeler	1 191	1 300	1 300	1 300	1 300	1 300	0	3 900
<b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>	<b>1 191</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>0</b>	<b>3 900</b>

### 4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan Sum 2025-2028
<b>Utlån av eigne midlar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum del 1-4</b>	<b>60 332</b>	<b>43 200</b>	<b>43 200</b>	<b>84 550</b>	<b>169 125</b>	<b>68 725</b>	<b>10 400</b>	<b>332 800</b>

### Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Rammetilskot	-170 812	-181 409	-181 409	-198 482	-200 585	-197 725	-194 513
Skatt på inntekt og formue	-193 624	-188 758	-188 758	-223 255	-216 579	-216 579	-216 579
Eigedomsskatt	-20 928	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557	-30 557
Andre skatteinntekter	-8 168	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500	-14 500
Andre overføringer og tilskot frå staten	-30 238	-25 800	-25 800	-21 917	-20 117	-17 017	-17 017
Overføringer og tilskot frå andre	-250 290	-152 513	-257 955	-155 167	-155 167	-155 167	-155 167
Brukarketalingar	-19 956	-18 930	-18 755	-18 460	-18 460	-18 460	-18 460
Sals- og leigeinntekter	-114 582	-94 081	-96 733	-99 764	-101 459	-103 006	-103 006
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-808 599</b>	<b>-706 548</b>	<b>-814 467</b>	<b>-762 102</b>	<b>-757 424</b>	<b>-753 011</b>	<b>-749 799</b>
Utgifter til løn	325 771	329 899	350 628	358 072	367 663	368 233	366 483
Sosiale utgifter	71 763	72 936	79 816	65 892	83 693	86 665	86 665
Kjøp av varer og tenester	275 011	196 663	277 511	210 979	215 713	213 898	213 398
Overføringer og tilskot til andre	71 929	49 920	49 381	54 561	54 561	54 561	54 561
Avskrivningar	22 685	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845	22 845
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>767 160</b>	<b>672 263</b>	<b>780 181</b>	<b>712 349</b>	<b>744 475</b>	<b>746 202</b>	<b>743 952</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-41 439</b>	<b>-34 285</b>	<b>-34 285</b>	<b>-49 753</b>	<b>-12 949</b>	<b>-6 809</b>	<b>-5 847</b>
Renteinntekter	-7 995	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500
Utbytte	-1 401	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260	-1 260
Renteutgifter	24 937	34 425	34 425	27 695	32 212	31 617	31 617
Avdrag på lån	24 177	25 649	25 649	29 058	33 383	33 782	33 782
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>39 718</b>	<b>52 314</b>	<b>52 314</b>	<b>48 993</b>	<b>57 835</b>	<b>57 639</b>	<b>57 639</b>
Motpost avskrivningar	-22 685	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845	-22 845
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-24 406</b>	<b>-4 816</b>	<b>-4 816</b>	<b>-23 604</b>	<b>22 042</b>	<b>27 986</b>	<b>28 948</b>

## Økonomiplan for 2025-2028

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	21 519	2 652	2 652	2 652	2 652	2 652	2 652
Bruk av bundne driftsfond	-6 487	-7 820	-7 820	-7 923	-7 479	-7 498	-7 498
Avsettingar til disposisjonsfond	27 408	9 984	9 984	28 875	-6 985	4 700	3 738
Bruk av disposisjonsfond	-18 035	0	0	0	-10 230	-27 840	-27 840
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>24 406</b>	<b>4 816</b>	<b>4 816</b>	<b>23 604</b>	<b>-22 042</b>	<b>-27 986</b>	<b>-28 948</b>
<b>Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Verbalvedtak

### Verbalvedtak

#### Kommunestyrets vedtak til årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 — 2028.

**1. Handlingsprogram 2025 — 2028** vert vedteke med dei mål og premissar som går fram av handlingsprogramdokumentet.

**2. Økonomiplan 2025 — 2028** vert vedteke som retningsgjevande for perioden 2026 — 2028.

**3. Årsbudsjett 2025** vert vedteke med følgjande hovudpunkt:

**A. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.**

**B. For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. Eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 første ledd bokstav a.**

1. For næringseigedomar, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum blir skattesatsen fastsett til 7 0/00 — 7 promille — av takst for eigedomsskatt, med heimel i esktl. §§ 10 — 12.

2. Med heimel i esktl. § 12 a) blir eigedomsskatten fastsett til 2 0/00 — 2 promille — av takst for eigedomskatt for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar. Med dette meinast bustader for fast busetting og på tomter for fast busetting, fritidsbusquedaer, og dessutan bustadhus på landbrukseigedomar.

3. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Gol kommune er vedteke av sakkunnig takstnemnd.

## Økonomiplan for 2025-2028

4. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2025 er basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering gjennomført i år 2020.
5. Klage over takstvedtaket og klage over utskrivingsvedtaket vert etter esktl. § 20 avgjort av ei sakkunnig klagenemnd.
6. Med heimel i esktl. §7 fritek kommunestyret eigedomar for eigedomsskatt i retningsliner som er vedteke av sakkunnig nemnd.
7. Eigedomsskatten blir skrive ut i 2 terminar, jf. esktl. § 25 første ledd. Terminforfall er sett til 1. april og 15. september.

### C. Driftsbudsjettet for 2025 blir vedteke i samsvar med forskriftsskjema §5-4 første ledd og Bevillingsoversikt § 5-4 annet ledd.

Sum sentrale driftsinntekter	-517,711
Sum sentrale utgifter	14,221
Netto driftsramme	425,966
Netto finansutgifter	48,993
<b>Netto resultat</b>	<b>-23,604</b>
Sum disponeringar	23,604

<b>Der netto driftsramme til einingane fordeles slik per område</b>	
Kommunedirektøren	44,861
UKL - helse, omsorg og sosial	207,928
UKL - oppvekst og kultur	136,878
UNN – kommunal drift	53,379
UNN – selvkost	-18,308
Interkommunale samarbeidstiltak	1,225
<b>Sum netto driftsramme</b>	<b>424,686</b>

Det visast til vedlagte budsjett dokument slik desse er presentert i Framsikt.

Kommunedirektøren får fullmakt til å overføre midlar frå avsett reserve til lønsoppgjer til dei enkelte tenesteområda når dei kommunale lønsforhandlingane er gjennomført.

**D. Investeringsbudsjettet for 2024 blir vedteke i samsvar med løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd og løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.**

• Sum investering i varige driftsmidlar	83,25 mill.kr.
• Eigenkapitalinnskot KLP	1,3 mill.kr.
• Investeringsene finansierast slik	
○ Kompensasjon for merverdiavgift	11,405 mill.kr.
○ Bruk av lån	73,145 mill.kr

Kommunedirektøren får fullmakt til å overføre restbeløp på ikke avslutta investeringsprosjekt (i 2023 og 2024) til budsjett 2025, dette inkludera også vedtatt finansiering.

**E. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2025 på inntil 73,14 mill.kr for å finansiere netto løyvingar til nye investeringar.**

Det visast til vedlagte budsjettdokument slik desse er presentert i Framsikt.

Lånet takast opp ved behov i løpet av året i samsvar med framdrift på investeringsprosjekta.

- Låneopptak til nye investeringar innanfor sjølvkostområda skal ha 35-års avdragstid og med flytande rente.
- Låneopptak til mye investeringar utanfor sjølvkostområdet tas opp med 30-års avdragstid og med flytande rente.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre låneopptak og godkjenne lånevilkår innanfor nemnde låneramme.

**F. Startlån til videreutlån i 2025. Kommunestyret vedtar å låne kr. 12.000.000,- i Husbanken. Låna skal nyttast til videreutlån i Gol kommune, og i tråd med Husbankens reglar.**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre låneopptak i tråd med det løpende behovet i 2025.

**G. Godtgjersle til folkevalde for 2025.**

Fastsettast i samsvar med forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgodar i Gol kommune vedteke 24.03.2020.

**H. Tilskot til politiske parti og grupper som er representert i kommunestyret.**

For 2025 tildelast det kr. 1.000,- i grunntilskot og kr 2.000 pr. representant.

**I. Gebyrreglement, avgifter og satsar for betaling av kommunale tenester.**

Dersom ikkje anna er fastsett i eigne reglementet, fastsett kommunestyret nye pris- og gebrysatsar slik desse framkommer i «Gebyrliste» (Framskilt), nye pris/gebyr gjeld frå 01.01.2025, eller slik nye prisar er vist i dokumentet.

Kommunedirektøren får fullmakt til å redigere Gol kommune sitt pris- og gebyrreglement i tråd med vedtekne satsar.

**J. Kommunedirektøren gjennomgår gjeldande finansreglement og økonomireglement og fremma forslag om endringar for kommunestyret.**

**Verbpunkt frå formannskapet 21.11.2024**

**K. Administrasjonen bes gā i gang med allereie vedtatt satsing på førebyggande informasjonarbeid i form av eldrebesøk frå 75 år**

**L. Legevaktbil - ved manglende finansiering får kommunestyret saka attende**

**M. Formannskapet ber administrasjonen auke bruken av språk- og arbeidspraksis som supplerande tiltak i alle tenestene.**

**N. Kommunestyret ber administrasjonen lage sak om tal barnehageavdelingar samt sambruksfunksjonar så snart som mogleg.**

**O. Formannskapet ber administrasjonen gjera eit konkret prøveprosjekt på bygdekino i Gol i 2025.**

**P. Gebyrlista- Satsane for leige av GIA for utanbygds lag og foreningar vert ikkje auka.**

**Tilleggspunkter vedtatt i kommunestyret 10.12.2024**

## Økonomiplan for 2025-2028

**Q. Kommunestyret ber administrasjonen søke relevante ordningar eller finne finansiering innan eige ramme til å utvide tilbodet ved BUA med eit kles- og utstyrssbyttesentral. Kommunestyret forutsett ein god dialog og utviding av avtale med idrettslaget som driftar BUA ordninga for Gol kommune.**

**R. Beredskapsavtale mellom Gol kommune og Gol og Hemsedal Røde Kors**

**Kommunestyret ber administrasjonen legge fram beredskapsavtala mellom Gol kommune og Gol og Hemsedal Røde Kors til politisk behandling med ei vurdering om økonomisk kompensasjon i løpet av vinteren 2025.**

## Status og rammevilkår

### Utvikling i økonomiske nøkkeltal

	Gol 2022	Gol 2023	Ål	Hemsedal	Nord-Aurdal	Ringsaker	Nes	Kustragruppe (Busk.)	05
<b>Økonomi</b>									
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,4 %	5,1 %	-2,6 %	7,5 %	-4,1 %	2,9 %	-1,8 %		1,9 %
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	12,2 %	16,0 %	55,9 %	86,1 %	33,0 %	39,1 %	4,0 %		40,5 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	63 929	67 496	73 817	74 814	66 875	67 415	71 844		68 107
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	114 573	109 232	60 948	137 444	109 989	170 672	205 808		131 241
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	80,1 %	64,4 %	35,2 %	79,6 %	70,2 %	117,5 %	123,1 %		90,2 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	0,6 %	3,4 %	21,6 %	8,5 %	-4,3 %	6,1 %	-3,1 %		3,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	92 693	87 964	51 024	115 613	101 832	139 835	174 276		105 728
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	64,8 %	51,9 %	29,4 %	67,0 %	65,0 %	96,2 %	104,3 %		72,7 %

## Økonomiplan for 2025-2028

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	30,1 %	16,7 %	-17,5 %	20,7 %	34,9 %	46,7 %	58,2 %	38,7 %
Skatt på inntekt og formue Beløp per innbygger (kr)	38 878	38 370	36 297	54 125	31 362	33 239	41 597	32 328


## Utvikling i befolkning

### Befolkningsutvikling per årsak

	2019	2020	2021	2022	2023	Prognose 2024	Prognose 2025	Prognose 2026	Prognose 2027	Prognose 2028	Prognose 2029	Prognose 2030	Prognose 2031
Folketal ved inngangen av kvarteralet	4 576	4 608	4 636	4 667	4 767	4 986	5 171	5 317	5 406	5 459	5 499	5 528	5 561
Fødde	38	36	31	45	36	42	46	51	52	55	55	58	58
Døde	40	37	57	49	33	47	46	46	46	47	47	47	47
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>-2</b>	<b>-1</b>	<b>-26</b>	<b>-4</b>	<b>3</b>	<b>-5</b>	<b>0</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>8</b>	<b>8</b>	<b>11</b>	<b>11</b>
Netto innvandring	9	17	29	45	211	209	171	111	74	58	45	45	45
Innenlands flytting	23	13	28	57	7	-19	-25	-27	-27	-26	-24	-23	-23
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>32</b>	<b>30</b>	<b>57</b>	<b>102</b>	<b>218</b>	<b>190</b>	<b>146</b>	<b>84</b>	<b>47</b>	<b>32</b>	<b>21</b>	<b>22</b>	<b>22</b>
Folkevekst	32	28	31	100	219	185	146	89	53	40	29	33	33
Folketalet ved utgangen av kvarteralet	4 608	4 636	4 667	4 767	4 986	5 171	5 317	5 406	5 459	5 499	5 528	5 561	5 561

## Demografi

### Befolkningsprognose



2024 2025 2026 2027 2028 2029 2030 2031 2032 2033 2034


## Økonomiplan for 2025-2028

0 - åringer	36	43	45	45	45	46	46	46	46	46	46
Barnehage (1-5 år)	233	248	254	252	256	246	248	250	249	248	248
Grunnskole (6-15 år)	502	513	522	528	525	533	526	523	525	523	528
Videregående (16-19 år)	265	250	239	239	233	234	232	224	220	219	208
Voksne (20-66 år)	2 956	3 065	3 124	3 149	3 166	3 174	3 170	3 166	3 159	3 154	3 147
Eldre (67-79 år)	664	670	680	678	684	680	688	702	723	740	763
Eldre (80-89 år)	268	269	284	306	314	332	341	351	346	348	351
Eldre (90 år og eldre)	62	64	61	60	68	73	74	80	82	82	82
Total	4 986	5 122	5 209	5 257	5 291	5 313	5 324	5 336	5 348	5 360	5 373

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

### Prognose vekst



	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
0 - åringer	100,0 %	119,4 %	125,0 %	125,0 %	125,0 %	127,8 %	127,8 %	127,8 %	127,8 %	127,8 %	127,8 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	106,4 %	109,0 %	108,2 %	109,9 %	105,6 %	106,4 %	107,3 %	106,9 %	106,4 %	106,4 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	102,2 %	104,0 %	105,2 %	104,6 %	106,2 %	104,8 %	104,2 %	104,6 %	104,2 %	105,2 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	94,3 %	90,2 %	90,2 %	87,9 %	88,3 %	87,5 %	84,5 %	83,0 %	82,6 %	78,5 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	103,7 %	105,7 %	106,5 %	107,1 %	107,4 %	107,2 %	107,1 %	106,9 %	106,7 %	106,5 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	100,9 %	102,4 %	102,1 %	103,0 %	102,4 %	103,6 %	105,7 %	108,9 %	111,4 %	114,9 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	100,4 %	106,0 %	114,2 %	117,2 %	123,9 %	127,2 %	131,0 %	129,1 %	129,9 %	131,0 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	103,2 %	98,4 %	96,8 %	109,7 %	109,7 %	117,7 %	119,4 %	129,0 %	132,3 %	132,3 %
Total	100,0 %	102,7 %	104,5 %	105,4 %	106,1 %	106,6 %	106,8 %	107,0 %	107,3 %	107,5 %	107,8 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

### Investeringar i økonomiplanen

#### Investeringstabell for kommunen samla

##### Ikke-avgiftsfinansierede investeringar

Beløp i 1000

## Økonomiplan for 2025-2028

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Tidlegare løyving	Økonomiplan				Sum 2025-28
		2025	2026	2027	2028	
<b>Kommunedirektøren</b>						
Kjøp av aksjer og andeler		1 300	1 300	1 300	0	3 900
Utbetring av tak Gol kyrkje	1 250	3 000	0	0	0	3 000
Utviding parkeringsplass Gol kyrkje	0	0	625	0	0	625
Vidareføring sprinkling Gol kyrkje	625	0	0	625	0	625
<b>Sum Kommunedirektøren</b>	<b>1 875</b>	<b>4 300</b>	<b>1 925</b>	<b>1 925</b>	<b>0</b>	<b>8 150</b>
<b>UKL - helse, omsorg og sosial</b>						
Legevaktsbil	0	300	0	0	0	300
<b>Sum UKL - helse, omsorg og sosial</b>	<b>0</b>	<b>300</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>300</b>
<b>UKL - oppvekst og kultur</b>						
Gol bibliotek multimediarom / Campus Hallingdal /ny ungdomsklubb	7 250	500	15 000	15 000	0	30 500
Gol skule - oppgradering og tilpassinger av aula-kultursal	2 000	0	2 000	0	0	2 000
Kulturstig - aktivitetsanlegg Hallingmo	0	500	500	0	0	1 000
Kunstgressbane - skifte ut plastinnfyll og miljøtiltak	0	2 200	0	0	0	2 200
Ny barnehage Hallingmoområdet (prosj 3024)	2 000	20 000	100 000	26 000	0	146 000
<b>Sum UKL - oppvekst og kultur</b>	<b>11 250</b>	<b>23 200</b>	<b>117 500</b>	<b>41 000</b>	<b>0</b>	<b>181 700</b>
<b>UNN – kommunal drift</b>						
Brannsikring omsorgsbustader	400	400	2 400	0	0	2 800
Driftsstyringsanlegg teknisk anlegg formålsbygg	0	500	4 500	0	0	5 000
Enøk- tiltak - oppfølging rapport mulighetsstudie Enøk	0	500	500	500	500	2 000
Fortau Runding	-250	0	900	0	0	900
Gol samfunnshus - energitiltak	3 000	0	3 000	7 000	0	10 000
Gol samfunnshus- rehabilitering garderobeanelegg og idrettshall	9 700	13 000	0	0	0	13 000
Gol skule -solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena - ENØK-tiltak	0	0	3 000	7 000	0	10 000
Ny avkjøring RV7	250	200	0	0	0	200
Oppgradering avdeling ODA Gol helsetun	0	10 000	0	0	0	10 000
Rehabilitering PU-Helsetunvegen 24-42	0	0	2 000	0	0	2 000
Samferdselsloft kommunale vegar	26 400	0	7 000	0	0	7 000
Trafikktryggleikstiltak - fartsreduserende tiltak	2 050	400	0	0	0	400
Utskifting av LED-belysning- ENØK-tiltak	0	7 400	7 400	0	0	14 800
<b>Sum UNN – kommunal drift</b>	<b>41 550</b>	<b>32 400</b>	<b>30 700</b>	<b>14 500</b>	<b>500</b>	<b>78 100</b>
<b>Sum</b>	<b>60 889</b>	<b>60 200</b>	<b>150 125</b>	<b>57 425</b>	<b>500</b>	<b>268 250</b>

### Avgiftsfinansierede investeringer

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Tidlegare løyving	Økonomiplan				Sum 2025-28
		2025	2026	2027	2028	
<b>UNN - selvkost</b>						
Brønnhus vassverk	0	400	0	0	0	400

## Økonomiplan for 2025-2028

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Tidlegare løyying	Økonomiplan				Sum 2025-28
		2025	2026	2027	2028	
Eiklid avløppspumpestasjon - rehabilitering	0	1 500	0	0	0	1 500
Gol vannverk nytt høgdebasseng Skaga	-0	0	7 000	0	0	7 000
Hemsil avløppspumpestasjon- rehabilitering	0	1 300	0	0	0	1 300
Intelligente vassmålarar	500	500	1 000	1 000	0	2 500
Nye renovasjonspunkt kildesortering	4 700	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Nye tiltak avløp	3 000	300	300	600	300	1 500
Nye tiltak vann	3 300	600	600	600	600	2 400
Rehabilitering VA-hovudledning Glitre- Hemsil	6 000	7 500	7 100	7 100	7 000	28 700
II						
Sekundærrensing - Gol renseanlegg	113 600	5 500	0	0	0	5 500
Solcelleanlegg Gol reinseanlegg - ENØK-tiltak	0	0	1 000	0	0	1 000
Utskifting belysning til LED på VA bygg	0	250	0	0	0	250
VA ledning Vikojordet	2 000	2 000	0	0	0	2 000
VA-ledning Herad (Gol RA-Bilia)	2 000	2 500	0	0	0	2 500
<b>Sum UNN - selvkost</b>	<b>135 100</b>	<b>24 350</b>	<b>19 000</b>	<b>11 300</b>	<b>9 900</b>	<b>64 550</b>
<b>Sum</b>	<b>135 100</b>	<b>24 350</b>	<b>19 000</b>	<b>11 300</b>	<b>9 900</b>	<b>64 550</b>

### Ikke-avgiftsfinansierede investeringer

#### UKL - oppvekst og kultur

##### Gol bibliotek multimediarom / Campus Hallingdal /ny ungdomsklubb

Utviding av Gol bibliotek har lenge stått som mål i Gol kommune sin økonomiplan. I tillegg er det ønskt at Klubb1 flyttar til meir sentral plassering og dermed frigjer plass til Breidokk barnehage.

I 2023 starta administrasjonen forprosjekt for eit nytt kultursenter ved Gol bibliotek. Dette forprosjektet inkluderer også ny klubb1. Kommunen bør sjå dette tiltaket i lag med vidareutvikling av Campus Hallingdal , ny ungdomsklubb og mulig samlokalisering .

Administrasjonen foreslår å avsette 500.000 kr til vidareføring av forprosjekt med mål å kunne presentere skisser og økonomiske overslag til politisk behandling sommaren 2025. I tillegg blir det fremja forslag om å avsette 30 millionar kroner til gjennomføring av prosjektet i 2026 og 2027. Dersom ein skal ta omsyn til Campus Hallingdal og ny ungdomsklubb som del av prosjektet vil ein koma attende med ny kostnadskalkyle.

##### Kulturstig - aktivitetsanlegg Hallingmo

Utbygging av aktivitetsanlegg på Hallingmo blir ferdigstilt i utgangen av 2024. Mykje bra er kome på plass og potensialet i Hallingmo- området har vist seg på beste måten -det er mykje aktivitet for mange målgrupper.

I prosjektperioden har det kome fram tiltak som kan støtte opp om den fyrste utbygginga. 5-6 tiltak innan kulturformidling, kunst og aktivitet vil løfte dagens nivå og gjøre Hallingmo til eit område av høg regional betydning.

Kostnad inntil kr. 1 million ex MVA kan finansierast av spelemidlar som tidlegare er gitt til Gol skule (6 millioner). I tillegg vil prosjekta søkje støtte frå stiftelser og statlege midler.

#### UNN – kommunal drift

### **Brannsikring omsorgsbustader**

Brannteknisk rådgjevarfirma har gjennomført ei grovanalyse av moglege tiltak som kan auke branngjælken. Dette må også vurderast i forhold til oppdeling av prosjektet. Førebelts prioritert rekkefølgje; Elgfaret 4, (4 eininger), Helsetunvegen 6-20 (8 eininger på to bygg), Helsetunvegen 24-42 (11 eininger). Av ressursmessige årsaker og mange prosjekt på same tid må prosjektet skyvast eit år fram i tid. Ubrukte midlar i 2024 blir overført til 2025. Midlar i 2025 blir skyvd til 2026.

### **Driftsstyringsanlegg teknisk anlegg formålsbygg**

Sentral driftskontroll av de tekniske anlegg på formålsbygga. Moglegheitsstudiet i 2024 viser at det er behov for å oppgradere styringsanlegga og brønnvarmepumpene for å gje meir effektiv drift og ta ut potensiale som ligg i styring og dermed reduserte energikostnader. Det same gjeld ei rekke ventilasjonsanlegg. Det bør derfor etablerast eit felles SD-anlegg for de viktigaste bygga, med unntak av kommunehuset som må sjåast på som som eit eiga prosjekt.

### **Enøk- tiltak - oppfølging rapport mulighetsstudie Enøk**

Gjennomføring av mindre tiltak med stor effekt, årlig i perioden. Tiltaka er skildra i moglegheitstudien for energisparing utarbeida i 2024 .

### **Fortau Runding**

Fortau Runding, strekninga Sentrumsvegen- Gol helsetun. Prosjektet må sjåast i samanheng med oppgradering av VA-anlegg i området. Prosjektet er skyvd frå 2025 til 2026 og auka frå kr 750 000 til kr 900 000. Det er førebels ikkje lagt inn midlar til VA i økonomiplanen.

### **Gol samfunnshus - energitiltak**

Prosjektet omfattar utskifting av radiatorar i heile bygget og utskifting av glasvindauga i heile bygget, inkl. nye vindaugefelt ved hovudbygningen. Dette er er installasjonar og bygningsdelar som ikkje er gjort noko med sidan bygginga av samfunnshuset for vel 50 år sidan. Viktig med utskifting av radiatorar som kan få stort skade omfang om det skulle oppstå ei vasslekkasje. Uskifting av vindauge vil ha energisparande verknad på sikt.

### **Gol samfunnshus- rehabilitering garderobeanlegg og idrettshall**

Gol samfunnshus- rehabilitering garderobeanlegg. Sanitær/garderobeanlegget er svært nedslite og er ikkje i tråd med dagens krav. Tiltaket er prioritert høgt i avtalen med Viken fylkeskommune. Renovering av idrettshallen vart gjort i 2023. Det vart i 2024 utlyst konkurranse men innkomne tilbod låg så høgt at ein valde å vurdere anna konkurranseform. Med bakgrunn i prissetting tilbod i 2024 vil ein likevel rá til at samla ramme for prosjektet blir auka frå 7,5 til 13 mill.kr inkl. mva. Det blir overført 7,5 mill.kr i ubrukte midlar frå 2024 til 2025 samt ei auke på 5,5 mill.kr, totalt 13 mill.kr. i 2025.

### **Gol skule -solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena - ENØK-tiltak**

Solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena. Moglegheitsstudie i 2024 viser eit godt potensiale for solcelleanlegg. Anlegga vil gi høgare del eigenproduksjon og eigenforbruk av straum.

### **Ny avkøyring RV7**

Attståande midlar etter bygging av veg over Storøyne, satt av til sluttføring av vegprosjektet. Restmidlar på kr. 200.000 blir overført til 2025 til bruk for kommunens del i finansiering av 50 meter av veg S4 iht. utbyggingsavtale og/eller andre tiltak. Når dette skal skje er avhengig av når utbygger skal bygge resterande del av S4 mot Vikojordet. Dersom utbygging ikkje skjer i 2025, bør kommunen i budsjett for 2026 vurdere om midlane skal setjast av på fond til formålet, eller løyve midlane på nytt når behovet melder seg og tiltaket skal gjennomførast.

### **Rehabilitering PU-Helsetunvegen 24-42**

Det er behov for rehabilitering av PU-Helsetunvegen 24-42. Kartlegging gjennomført i 2024 viser at to bad må totalrenoverast, ventilasjonsanlegget er underdimensjonert og det blir anbefalt drenering av grunnmur på heile nordsida av bygget. Dette vil være tiltak som vil betre inneklimaet for beboarar og tilsette. Tiltaket er førebels kostnadsestimert til om lag 2 mill.kr.

### **Samferdselsløft kommunale vegar**

Hovudplan veg er vedtatt av kommunestyret. Kommunen er i ferd med å oppgradere grendavegane i kommunen. I 2024 er det løyvd 12 mill.kr til Liagardsvegen. Dette prosjektet blir oppstarta i 2024 og avslutta i 2025. Restmidlar frå 2024 må overførast til 2025.

Det er forslag om å utbetre Nordre Øygardsveg med midlar i 2026 med eit førebels ramme på 7 mill.kr inkl. mva. Samla ramme til vegløftet aukar i så fall frå 26,4 mill.kr. til 33,4 mill.kr inkl. mva. Då vil alle dei viktigaste kommunale grendavegane vere utbeta i løpet av 6 år.

### **Trafikktryggleikstiltak - fartsreduserande tiltak**

Trafikktryggleikstiltak inkl. fartsreduserande tiltak på kommunale vegar. Det vart løyvd til saman 1,2 mill. kr til dette i 2023 og 24. Det er ynskje om å utvide denne ramma med kr 400 000 i 2025. Prioritering av tiltak blir gjort av kommunalteknisk avdeling

### **Utskifting av LED-belysning- ENØK-tiltak**

Fra 2023 er det ikkje lenger anledning til å selje lysstoffrøy, og det må prioriterast å få på plass nye armatur i alle bygg. Moglegheitsstudiet viser at tiltaket ikke har så stort inntjeningspotensiale, men det må gjennomførast innan relativ kor tid.

## **Avgiftsfinansierede investeringar**

### **UNN - selvkost**

#### **Brønnhus vassverk**

Brønnhus over grunnvassbrønnar på Gol vassverk. Tiltaket har mellom anna bakgrunn i erfaringane frå ekstremværet Hans i 2023.

#### **Eiklid avløppspumpestasjon - rehabilitering**

Eiklid avløppspumpestasjon, rehabilitering.

#### **Gol vannverk nytt høgdebasseng Skaga**

Nytt høgdebasseng i området ved Skaga. Dette er eit ledd i arbeidet med sikker vassforsyning og sløkkevatn for bustadområde på Tuppenkogen/Steinmoen. Blir også vurdert i revidering av hovudplan vatn(avløp i 2024/25. Prosjektet blir skyvd frå 2025 til 2026.

#### **Hemsil avløppspumpestasjon- rehabilitering**

Hemsil vasspumpestasjon, rehabilitering.

#### **Intelligente vassmålarar**

Vurdere installasjon av nye intelligente vassmålarar hos abonnentane. Ettersom de aller fleste vassmålarane må skiftast ut, må prosjektet gå over fleire år. Intelligente vassmålarar vil kunne gje langt betre oversikt over vassforbruk og lekkasjekontroll. Abonnementen slepp å lese av målar sjølv. Dette tiltaket vil bidra til at Gol kommune blir ein «smart kommune» i tråd med strategi for kommunen sin samfunnsdel. Må også vurderast ut frå erfaringar frå prøveprosjekt i andre kommunar. Prosjektet blir skyvd eit år fram og midlar på kr 500.000 i 2024 blir overført til 2025.

## Økonomiplan for 2025-2028

### Nye renovasjonspunkt kildesortering

Planlegging og etablering av nye renovasjonspunkt i tråd med nye krav til kjelde-sortering for fritidsbustader og bustader som i dag har containerrenovasjon. Ordninga skal erstatte dagens containerrenovasjon. Kostandene er usikre, årleg ramme er foreslått auka frå 1,7 til 2 mill per år, og utvida til 2028. Etablering kan i ein del tilfelle bli avhengig av reguleringsplan og grunnkjøp, dette kan virke inn på framdrift og gjennomføring.

### Rehabilitering VA-hovudledning Glitre- Hemsil II

Hovedleidningsnettet mellom Glitre over Storøyne og fram til Hemsil II er av det eldste nettet i kommunen. Leidningsstrekket med installasjonar er svært viktig for forsyningstryggleiken. Det er utarbeida forprosjekt. Konkrete prioriteringar på strekninga blir teke omsyn til i prosjekteringen og fordelt på fleire år.

### Sekundærrensing - Gol reinseanlegg

Gol reinseanlegg- overføring av restmidlar til 2025. Pga. ekstremværet Hans i 2023 og forsikring vart ferdigstilling og prøvedrift utsett i forhold til plan. Sluttføring av prosjekt i 2025.

### Solcelleanlegg Gol reinseanlegg - ENØK-tiltak

Solcelleanlegg Gol reinseanlegg. Tiltaket er i tråd med moglegheitsstudie for energisparing utarbeida i 2024.

### Utskifting belysning til LED på VA bygg

Utskifting av belysning til LED på VA-bygg, mellom anna deler av Gol reinseanlegg. Tiltaket er omtalt i moglegheitsstudie for energisparing utarbeida i 2024.

### VA ledning Vikojordet

Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 689 594	1 807 088	1 546 204	1 496 696	1 601 529	1 797 500	3 073 462	1 523 302
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	21,3 %	22,9 %	32,3 %	31,0 %	32,4 %	17,9 %	33,1 %	23,8 %
Andel beboere på institusjon under 67 år (B)	14,7 %				12,7 %		45,5 %	14,0 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	21,9 %	20,2 %	43,3 %		33,9 %	6,0 %	23,3 %	18,3 %
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	91,3 %	94,1 %	100,0 %	100,0 %	97,0 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	32,8 %	0,0 %	52,2 %	29,4 %	37,5 %	40,0 %	0,0 %	31,7 %

## Økonomiplan for 2025-2028

Kvalitet										
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem (B)	0,03	0,01	0,01	0,02	0,01	0,06	0,36			0,01
Økonomi										
Brukertilbetalning i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	13,4	13,6	10,7	10,5	8,3	1,7	2,3			11,3

## UTFORDRINGER

### TENESTER

Statlege myndigheiter sine forventningar til kommunane kjem bl.a. til uttrykk i dei mange NOU, stortingsmeldingar og handlingsplanar som har kome dei siste åra:

- Nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-27 (Meld.St.9)
- En motstandsdyktig helseberedskap 2023-24 (Meld.St.5)
- Folkehelsemeldingen 2022-23 (Meld.St.15)
- Opptrappingsplan psykisk helse 2023-33 (Meld.St. 23)
- Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner 2024-28 (Prop. 36 S)
- Fellesskap og mestring - bo trygt hjemme 2022-23(Meld.St.24)
- Allmennlegetjenesten og profesjonsnøytrale takster (ekspertrapport 2023)
- Tid for handling (NOU 2023:4)
- Avtaler mellom KS og Regjeringen om iverksetting mm.
- Regjeringas perspektivmelding 2024

Framtidas helse- og omsorgstenester må ta utgangspunkt i befolkninga sine behov. For å forme framtidas helse- og omsorgstenester har Gol kommune satt igang eit stort prosjekt kalla «Tenestekonseptutvikling». Dette arbeidet omfattar alle avdelingane i helse og omsorg, men får innverknad også på andre sektorar. Ei forskyving til meir tidleg innsats og førebygging krev brei og tverrsektoriell medverknad og samskaping, slik det framgår av «Omsorgstrappa» under.

## Økonomiplan for 2025-2028



Til høgare opp i «Omsorgstrappa» eit omsorgstilbod er, til meir omfattande og kostnadskrevjande er tenestetilbodet.

Sjukdom knytta til livsstil, kosthald, inaktivitet og rus er samfunnsmessige trendar. Førebyggande arbeid, kurs- og informasjonsverksemd, friskliv, samt læring og meistring er verkemiddel som gjer innbyggjarane motivert og i stand til å ta ansvar for eigen helse.

SSB sin befolkningsprofil viser at Gol kommune fram mot 2040 vil vi få færre barn og unge, færre i arbeidsfør alder og ein større andel eldre – særleg over 80 år. Kommunen vil i 2040, om framskrivingane slår til, ha ei befolkning der fleire enn i dag sannsynlegvis vil trenge helsehjelp, pleie og omsorg. Aldring og Helse si framskriving (Demenskartet) seier at nærmere 80 personar fleire enn i dag vil ha ei demensdiagnose i 2040.

Eldreomsorga må dimensjonerast for denne auken og tenestenivå vil måtte variere avhengig av plassering i Omsorgstrappa. Kommunen merkar allereie no eit aukande press på omsorgsbustad og sjukeheimspllass. Det er behov for både langtids- og korttidspllassar.

Kommunen tilbod bør innehalde ein meny med eit definert og differensiert omsorgsnivå i omsorgsbustadane. Ein slik meny vil vere omsorgsbustad utan bemanning, omsorgsbustad med ambulerande tenester frå heimetenesta, omsorgsbustad med personalbase og sjukeheimspllass.

På både kort og lang sikt har kommunen behov for fleire plassar med heildøgns omsorg. Det er starta utgreiing av om avdeling Oda på Gol helsetun kan godkjennast som sjukeheimspllassar, og denne vil vere klar i mai 2025. Denne utgreiinga vil også innehalde ei mulighetsstudie for underetasjen på Gol helsetun.

På kort sikt kan behovet for plass med heildøgns omsorg løysast ved å omdefinere ordinære omsorgsbustadar til omsorgsbustad med bemanning (ofte kalla for Omsorg +). Omsorgsbustadane i Torstadvegen, underetasjen på Gol helsetun og Rundinga er godt eigna til Omsorg +.

Kommunen har også ei omfattande yngreomsorg. Barnevernsreforma inneber at kommunane må ta ein større andel av plasseringskostnadane innan barnevern. Førebyggande tenester, godt oppvekstmiljø, gode barnehagar og skular er viktig for det einskilde barn, men også for å halde kostnadane til barnevern på eit berekraftig nivå.

Gol kommune har mange brukarar med behov for særleg ressurskrevjande pleie- og omsorgstenester. For brukarar mellom 16 og 67 år får kommunen refusjon for deler av kostnadane, men kommunen sin

## Økonomiplan for 2025-2028

«eigenandel» vert likevel på ca 50 %. Desse tenestene er kjøp av private omsorgstenester eller butilbod med heildøgns omsorg i personalbasar i kommunal regi, samt arbeids- og aktivitetstilbod.

Utanforsk og psykisk uhelse/rus er to av dei store utfordringane barn og unge og unge vaksne står ovanfor. I tillegg til dei menneskelege kostnadane for den enkelte og familiene deira er dei økonomiske kostnadane for kommunen til bl.a. barnevern, kjøp av private omsorgsplassar, økonomisk sosialhjelp mm omfattande, men også uforutsigbar.

Våren 2024 vedtok kommunestyret etablering av bo- og omsorgstilbod for ROP-pasientar i Furuvegen. Tilboden vil bli starta opp i løpet av haust 2024/vinter 2025, og det vil då vere behov for å styrke bemanninga innanfor fagområdet.

Gol kommune og Nesbyen kommune har samarbeid om legevakt på ettermiddag/kveld og helg/høgtid. Gol inngår i samarbeid med Hallingdalskommunane om nattlevakt. Gol kommune har ikkje eigen legevaktsbil, noko som det er eit stort behov for når alle kommunane som deltek i nattlevakts-samarbeidet no må ha eigen legevaktsbil.

Kostnadane til økonomisk sosialhjelp har auka vesentleg. Gol kommune har siste åra tatt imot mange flyktningar frå Ukraina. For å lukkast med inkludering, samt at flyktningane og familiene deira kan stå på eigne bein økonomisk er det viktig at flyktningane kvalifiserer til og får arbeid og inntekt.

Regjeringa si perspektivmelding 2024 tilseier at talet på omsorgsmottakarar vil auke, men at det vil være færre i arbeidsfør alder til å yte desse tenestene. Mangel på arbeidskraft vil vere den største utfordringa. Dette framtidsbiletet er også i tråd med helsepersonellkommisjonen sin rapport frå 2022, som peikar på at auken i behova må handterast utan auke talet på helsepersonell.

Auka bruk av velferdsteknologi er eit kompenserande tiltak som kan redusere behovet for personell, og må takast i bruk der slik teknologi har nytte. Helse og omsorg har i dag ein 20 % stillingsressurs til velferdsteknologiske løysingar krev infrastruktur i formålsbygg, omsorgsbustader og private heimar, men og at sektoren har stillingsressursar og tilsette med kompetanse på velferdsteknologi. Det må og settast av budsjettmidlar til finansiering av velferdsteknologiske løysingar.

## BYGG

Gode bygg med naudsnyt infrastruktur, sentral beliggenhet og samlokalisering er føresetnader for effektiv og kvalitetsmessig god drift, samarbeid og samskapning, samtidig som ein nyttar ressursane best mogleg. Dette arbeidet er ein viktig del av Tenestekonseptutvikling-prosjektet. Gol kommune har også satt i gang ei mulighetsstudie på Gol helsetun, og har vedtatt samlokalisering av førebyggande tenester til barn og unge.

Kommunen har mange omsorgsbustader, der fleire er i så dårleg stand at det krev renovering/omfattande oppussing for å kunne takast i bruk. Det er viktig at omsorgsbustadar med oppussingsbehov raskt vert sett i stand for å unngå proppar i systemet.

I helse og omsorgssektoren har ein bygg som vert drifta av Egedomsavdelinga og bygg som ikkje vert drifta av Egedomsavdelinga. Bygg som ikkje vert drifta av Egedomsavdelinga treng midlar til reinhald, vaktmesterteneste og vedlikehald. Dette gjeld lokala som kommunen eig i Kristenbråten, i Vesterhusvegen og på Hallingdal krisesenter.

## ØKONOMI

## Økonomiplan for 2025-2028

Ei framtidsretta teneste må ha eit berekraftig kostnadsnivå, og helse og omsorgstenestene må fortsatt tenke både kvalitet og økonomi. Ein av dei viktigaste føresetnadane for god økonomisk styring er at kommunen har ei teneste som sikrar at tenester kan tildelast og utførast på Lavaste Effektive Omsorgs Nivå (LEON), gode bygg og kompetente medarbeidalar og fagmiljø.

Dei økonomiske rammene til sektoren er stramme, men siste åra har det vorte meir samsvar mellom drift og budsjetttramme. Budsjetta vert justert for lønnsstigning kvart år, medan det har ikkje vore justert for prisstigning på fleire år. Budsjettet til økonomisk sosialhjelp og interkommunale tenester har heller ikkje vært regulert på nokon år. Omfanget av økonomisk sosialhjelp har auka kraftig.

Pga rekrutteringsutfordringane har kommunen nytt vikarbyrå i fleire år, og bruken er aukande. Å kjøpe vikartenester er meir kostbart enn å bruke eigne tilsette, og utfordrar økonomien i sektoren.

Den statlege refusjonsordninga for særleg ressurskrevjande pleie- og omsorgstenester ga etter ein gjennomgang av vedtak og berekningsmåte Gol kommune 9 millionar ekstra i 2023. Refusjonsordninga sikrar brukaren sine rettar til eit godt liv, men ordninga si utforming gir ei gradvis overføring av belastninga til kommunane gjennom innstrammingar i regelverk og auka innslagspunkt. Når brukaren fyller 67 år fell refusjonsordninga bort. I og med at kriteria og dekningsgrad først vert først vedtatt i desember, og med verknad for inneverande år er det dessutan uforutsigbart kva kommunen kan forvente å få i refusjon.

Største utfordringa ligg i befolkning sine framtidige behov for helse- og omsorgstenester. Tabellen under viser endring i utgiftsbehovet pr tenesteområde basert på framskrivne endringar i befolkningsamansetninga (SSB).

Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenesteområde som følge av befolkningsendring

(Inntil kroner og endring fra t.t. 2022)

Endring utgiftsbehov per 1%	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barn-evern	SUM GDL
2023	-7%	944	27	368	307	109	3 681
2024	5,0%	-1 887	3 174	279	310	25	6 938
2025	11,4	157	429	261	318	-2	1 879
2026	9,1%	-796	285	31	207	-19	2 886
2027	3,6%	-3 425	-395	-11	343	-107	1 857
2028	3,9%	0	229	-200	125	-55	4 196
2029	4,6%	-472	-459	32	81	-94	3 749
2030	2,3%	-157	64	18	85	-44	2 279
2031	3,8%	-1 258	283	-126	388	-80	2 887
2032	4,5%	0	229	-71	345	-26	4 627
Taum 2023-2032	31 981	-4 875	3 197	681	1 702	-381	92 946

Basert på demografiske endringar vil utgiftsbehovet til pleie og omsorg om anslaget stemmer være nær 32 mill.kr (nominell verdi) høgare i 2032 enn i 2023.

## MEDARBEIDARAR

Den største utfordringa i helse og omsorg er og vil i framtida vere å rekruttere nok folk, både fagarbeidalar og høgskuleutdanna. Dette er ei utfordring vi deler med alle landets kommunar. Utan større innsats på rekrutteringsfeltet vil ikkje kommunen vinne i kampen om dei gode fagfolka.

## Økonomiplan for 2025-2028

Pleie- og omsorgstenestene har mange tilsette i deltidsstillingar. Rekruttering og etablering av heiltidskultur må bli eit satsingsområde i åra framover. Ein betra rekrutteringssituasjon vil gje mindre bruk av vikarbyrå.

Effektiv drift er avhengig av mange faktorar. God oppgåvedeling, samt å nytte tilsette sin kompetanse der det er størst behov vil vere ei viktig oppgåve framover. Det er også naudsynt å sjå på organisering av helse- og omsorgstenestene, større einingar og ev. interkommunalt samarbeid.

Desentralisert sjukepleieutdanning i Hallingdal vil forhåpentlegvis betre tilgangen på sjukepleiarar framover. Det er også ynskjeleg at Campus Hallingdal kan utvidast med andre utdanningstilbod innan helsefaga.

I ein vanskeleg rekrutteringssituasjon er det ikkje minst viktig å ta vare på og utvikle eige personell. Det er difor å viktig at kommunen som arbeidsgjevar satsar på kompetanseutvikling framover. Helse og omsorg tar også imot studentar i praksis, og tilbakemeldingane frå studentane er svært gode. Dette kan også vere eit tiltak som styrker rekrutteringa på litt sikt.

Gjennomsnittleg sjukefråvær i helse og omsorgssektoren i Gol kommune var i 2023 på 11,47 %. Gjennomsnittleg sjukefråvær i landet er på ca 7 %, men ca 10 % i helse- og omsorgssektoren. Målet er å få sjukefråværet ned, i første omgang til gjennomsnittet for helse- og omsorgssektoren i landet og nærmere seg gjennomsnittleg sjukefråvær på sikt. Eit høgt sjukefråvær i turnusavdelingane gjer det også utfordrande å ha tilstrekkeleg med vikarressursar. Korleis helse og omsorgssektoren kan ivareta vikarbehovet i åra framover må vere ein viktig del av strategiarbeidet.

Effektiv drift er også avhengig av samarbeid og avklart oppgåvedeling med andre avdelingar i kommunen, bl.a. eigedomsavdelinga, økonomiavdelinga og lønn og personalavdelinga, samt av kapasiteten disse støttefunksjonane har.

## INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Interkommunale samarbeidstiltak er aktuelt når samarbeid må til

- for å skaffe befolkninga naudsynte tenester som kommunane i Hallingdal aleine er for små til å kunne tilby
- for å kunne tilby tilsette eit fagmiljø, eller
- når interkommunalt samarbeid gir ein ønska meirverdi for kommunen.

Interkommunalt samarbeid kan også vere utfordrande når det kjem til politisk styring, økonomisk kontroll og fordeling av kostnader, samt at nytten ikkje er lik for alle deltakarkommunane.

Vertskommune-modellen er valgt som organisasjonsmodell til samarbeida innan helse og omsorg:

- Gol kommune er vertskommune for Krisesenter og barnevernsvakt, NAV Hallingdal og Miljøretta helsevern
- Ål kommune er vertskommune for Hallingdal barnevernsteneste, intermediære plassar på Hallingdal sjukestugu (HSS), Hallingdal nattlegevakt og Hallinghelse

Krisesenter og barnevernsvakta samt Miljøretta helsevern sel tenester til Valdres-kommunene.

## Økonomiplan for 2025-2028

I tillegg til vertskommunesamarbeida har Gol kommune samarbeid med Nesbyen kommune om fordeling av legevakt på ettermiddag/kveld/helg og høgtid.

### OMSTILLING OG PRIORITERING

#### KOSTNADSREDUSERANDE TILTAK

Samlokalisering av helse- og omsorgstenestene og ambulerande tenester er meir kostnadseffektivt enn spreidde tenester og tenester med eigne personalbasar. Gode formålsbygg er dessutan ein føresetnad for effektiv drift. Dette vert det arbeidd med i Tenestekonseptutviklings-prosjektet.

Gol kommune som er vertskommune for Miljøretta helsevern leiger pr i dag lokaler på Torpomoen. Miljøretta helsevern er der samlokalisert med Hallinghelse. Kommunen har ledige lokaler på Gol kommunehus, og vil flytte kontoret for Miljøretta helsevern frå Torpomoen til kommunehuset på Gol.

#### TENESTEUTVIKLING

For å utvikle tenestene i ein situasjon med rekrutteringsutfordringar og færre fagfolk med helseutdanning må tenestene vridast mot

- Å bruke velferdsteknologi der det er mogleg
- Samskaping med andre tenesteområde og frivilleg sektor
- Betre oppgavedeling mellom tenesteområde og profesjonar

Dette vert det arbeidd med i Tenestekonseptutviklings-prosjektet.

### PRISENDRING

Gol kommune har eit unytta inntektpotensiale innanfor enkelte områder, og kan vurdere å innføre

- eigenandel for tenester som ikkje er lovpålagt - dagaktivitetar og arbeidssenter
- eigenandel for transport til arbeidssenteret og andre ikkje lovpålagte tilbod
- eigenandel for ettermiddagstilbud/etter-skuletid-tilbod
- eigenbetaling for mat for bebuarar på Krisesenter
- auka sats på sal av tenester som opphold på familiesenter, kontrollbesøk og samvær

### Innsatsområde og mål for helse og omsorgssektoren

Innsatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
---------------	-----------------------------------	----------	----------

Økonomiplan for 2025-2028

<b>Tenestekonseptutvikling</b>	Oppgåvedeling Samlokalisering Samskaping	Effektiv oppgåvedeling og bruk av tilsette sin kompetanse  Samlokaliserte bustader til ROP-pasientar er starta opp i Furuvegen  Samlokalisering av førebyggande tenester barn og unge er gjennomført  Avklart bruk av Gol helsetun  Avlastningsbustad i ny barnehage	Samlokaliserte helse- og omsorgstenester
<b>Velferdsteknologi</b>	Ta i bruk velferds-teknologi der det har nytte  Utvide stillingsressurs til 50 %	Medisindispenser til alle som kan nytte det i heimetenestene  Digitalt nattilsyn i omsorgsbustader	Medisindispenser til alle som kan nytte det på institusjon  Digitalt nattilsyn på institusjon
<b>Legevaktsbil</b>	Kjøp av legevaktsbil	Legetenesta har eigna og utstyrt bil på legevakt	Legetenesta har eigna og utstyrt bil på legevakt
<b>Omsorgsbustad i Torstadvegen som Omsorg+</b>	Etablere Omsorg+ i Torstadvegen  Styrke Heimetenesta	Betre dekning av plassar med heildøgns omsorg  Betre teneste kvalitet	Omsorgs+ er etablert  Brukarar gis heildøgns omsorg med tilstrekkeleg resursar
<b>Reinhald, vaktmester og vedlikehald</b>	Budsjettmidlar til reinhald og vaktmester-ressurs, samt vedlikehaldsbudsjett	Betre reinhald og vedlikehald kommunalt bygg	Godt vedlikehald av Gol kommune sine bygg
<b>Rekruttering, heiltidskultur og omdømme</b>	Jobbe aktivt med å rekruttere og behalde medarbeidaranar	Redusere vikarbyråkostnaden 25 %	Kommunen har tilstrekkeleg bemanning og fagkompetanse

## Økonomiplan for 2025-2028

	Etablere heiltidskultur  Omdømmebygging		Den føretrekte arbeidsgjenvaren i Hallingdal
<b>Sjukefråvær</b>	Kartleggje sjukefråværet  Haldningsarbeid (betydning av arbeidstakarar sitt nærvær)  Sjå på mogelegheiter for tilrettelegging i andre avdelingar i kommunen  Etablere medarbeidaransvar  Følgje opp dei sjukemelde etter Gol kommunens retningsliner	Sjukefråvær på under 10 %.	Sjukefråvær på under 7 %

### Innspel frå avdelingane

#### KOMMUNALSJEF FOR HELSE OG OMSORG

Ansvar Kommunalsjef for helse og omsorg har to tilsette, kommunalsjef og controller.

Staben til kommunalsjefen består i tillegg til controller av stabsleiar og kvalitetsrådgjevar. Ei viktig oppgåve for staben er å bistå kommunalsjefen med å styre og vidareutvikle helse- og omsorgssektoren og finne løysingar på felles utfordringar.

Kommunalsjef og stab jobbar aktivt med prosjektet «Tenestekonseptutvikling» som vart starta opp i 2023. Dette arbeidet må halde fram.

Staben jobbar aktivt med tilpassing av drifta til økonomiske rammer, kvalitetsarbeid og pasientsikkerhet, samt kompetanseplanar. Staben yter også leiarstøtte til dei ulike tenesteytande avdelingane i helse og omsorgssektoren.

## Økonomiplan for 2025-2028

Helse- og omsorgstenestene er personalintensive og dei tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har. Alle avdelingar melder at rekrutteringssituasjonen både for fagarbeidarar og høgskuleutdanna er vanskeleg. Dette vil vere eit satsingsområde framover.

Innsatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Tenestekonsept-utvikling 2.0</b>	Implementere og vidareutvikle tenestekonsept som metode  Samskapning og oppgåvedeling	Ein effektiv organisasjon  Effektiv bruk av formålsbygg	Samlokaliserte helse- og omsorgstenester
<b>Rekruttering, heiltidskultur og omdømme</b>	Jobbe aktivt med rekruttering, heiltidskultur og omdømmebygging	Redusere vikarbyråkostnaden 25 %	Kommunen har tilstrekkeleg bemanning og fagkompetanse  Den føretrekte arbeidsgjeveren i Hallingdal
<b>Velferdsteknologi</b>	Ta i bruk velferds-teknologi der det har nytte	Medisindispenser til alle som kan nytte det i heimetenestene  Digitalt nattilsyn i omsorgsbustader	Medisindispenser til alle som kan nytte det på institusjon  Digitalt nattilsyn på institusjon

### **ESIF — EINING FOR STAB, INNOVASJON OG FORVALTNING**

ESIF er ein del av stabsfunksjonen for helse og omsorg. Staben gjer støtte til dei tenesteytande avdelingane og bidrar med kompetanse, kvalitetssikring, tverrfagleg samhandling og innovasjon.

Stillingane som høyrer til i ESIF er avdelingsleiar, kvalitetsrådgjevar, folkehelsekoordinator, leiar av KE (koordinerande eining), saksbehandlarar og administrativt personale.

#### **Visjon for ESIF**

Støtte, forenkle, fornye og forbetra

#### **Mål**

1. ESIF skal vera synlege og tilgjengelege for alle avdelingar i helse og omsorg
2. ESIF skal ha kompetanse for god leiarstøtte

3. ESIF skal innføre digitale system der det er mogeleg
4. ESIF skal bidra til standardiserte prosessar og rutinar
5. ESIF skal vareta nyttilsette leiarar
6. ESIF skal ha system for sjølvbetening for leiarar og andre tilsette
7. ESIF skal sørge for effektiv og god saksbehandling
8. ESIF skal sørge for koordinering av helse og omsorgstenestene
9. ESIF skal sørge for at folkehelsehensynet ivaretas
10. ESIF skal sørge for at helse og omsorgstenestene jobber med kontinuerlig kvalitetsforbetring

#### **Staben med ESIF skal ha ansvar for**

- Saksbehandling og kartlegging for Tildelingsteamet
- Koordinerande eining, inkl. barnekoordinator
- Dokumentasjons-forvaltning
- Serveringsløyve, sals- og skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, kontrollar av løyva
- Administrative oppgåver innan helse og omsorg,
- Vederlagsbereking
- Folkehelse
- Refusjonar
- Kvalitetsforbetring

#### **Staben og ESIF skal hjelpe avdelingane med**

- Kompetanseheving og opplæring
- Rekruttering
- Budsjettkontroll
- Turnusplanlegging og planlegging, oppfølging og vedlikehald av turnus
- Dokumentflyt og tilgangsstyring
- Kvalitetssikring og systematisk avviks-handtering
- Innleige
- Tilsyn
- Velferdsteknologi
- Folkehelsetiltak og oversiktsarbeid
- Tverrfagleg samarbeid
- Tilskot
- Råd og rettleiing
- Kvalitetsforbetring
- Kontering og attestering av faktura og løn

#### **Utfordringar og strategi**

##### *Innsatsområde*

Innsatsområde	Strategi-korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
---------------	------------------------------	----------	----------

Økonomiplan for 2025-2028

<b>Synleggjering av kva ESIF skal bidra med</b>	Utarbeide beskrivingar av tenester og stillingar	Leiarar og tilsette i helse og omsorg veit kor dei kan hente hjelpe og støtte utanfor avdelinga	Leiarar i helse og omsorg har betre tid til sentrale leiaroppgåver
<b>Velferdsteknologi</b>	-Kabla nett til alle omsorgsbustader  -Samarbeid med IKT Hallingdal og eigedomsavd.	Alle bustadar og avdelingar skal ha tilstrekkeleg nettkapasitet.  Brukarar og pårørande er positive til digitale tenester, og dette blir alltid vurdert først ved tildeling av tenester	Auke moglegheit for å omdisponere personale frå natt til dag  Betre oversikt for tilsette med digitalt tilsyn, som gir rolegare kvardag for brukarar
<b>Systematisk opplæring av nytilsette</b>	-Vere tilgjengelege når det er behov for opplæring av nytilsette	Nytilsette i helse og omsorg får systematisk opplæring.	Alle tilsette kjenner dei digitale systema og verktøy dei har behov for, for å utføre arbeidet sitt.
<b>Systematisk opplæring av nye leiarar</b>	-Invitere til opplæringspakka «Ny som leder»	Nye leiarar får systematisk opplæring	Låg turnover for leiarar i helse og omsorg
<b>Systematisk kvalitetsforbetring</b>	Kvalitetsrådgivar skal lage ein kvalitetsstrategi, slik at måla kan realiserast. Dei tilsette skal lærest opp i Kvalitetsforbetringssmetodikk og gjerast i stand til kontinuerleg forbetring i drifta.	Alle avdelingar har struktur for kontinuerleg forbetring. De skal være i stand til å rette opp i sine feil ut ifrå forbetringssmetodikk.	Avdelingane skal ha målbare målsetjingar for forbetringar i sin drift.
<b>Koordinerande eining</b>	Revidere <i>Rutine for koordinerande eining, koordinator, ansvarsgrupper og individuell plan</i>  Lage rutine for opplæring av koordinator.  Lage egen rutine for barnekoordinator	Betre tverrfagleg innsats (BTI) er kjent og implementert av alle tenester for barn og unge i kommunen  Heimla 50 % stilling som barnekoordinator	Heilskapleg og samanhengane tenester for barn, unge og vaksne med samansette og langvarige behov

Økonomiplan for 2025-2028

<b>Turnusar</b>	<p>Kurs og studietur for opplæring i kalenderplan.</p> <p>Innhente erfaring frå andre kommunar som nyttar kalenderplan.</p> <p>Handlingsplan for implementering.</p> <p>Innhente erfaring frå andre kommunar som nytter Digital vaktbok fullt ut.</p>	<p>Implementert kalenderplan skal være på plass hos dei fleste avdelingane. Ei avdeling skal vera pilot.</p> <p>Digital vaktbok nyttast av dei fleste avdelingane.</p> <p>Plan for den einskilde avdeling for implementering.</p> <p>Alle avdelingar er kartlagt for arbeidsmetode for innleie.</p>	<p>Alle avdelingar med turnus skal ha kalenderplan.</p> <p>Digital vaktbok nyttast fullt ut av alle avdelingar.</p> <p>Alle avdelingar jobbar likt med innleie.</p>
<b>Sikker jurnalføring og arkivering.</b>	Kartlegge dokumentflyt og revidere rutinane for dokumentforvaltninga i kommunen.	<p>Reduksjon av dokumenter som blir sendt mellom avdelingane.</p> <p>Kartlegge dokumentflyt og dokumentarkiv i alle avdelingar</p>	Alle avdelingar jurnalfører sine eigne interne dokument digitalt.
<b>Folkehelsekoordinator</b>	Øke stillingsprosent til folkehelsekoordinator.	<p>Revitalisere Folkehelseforum i Gol kommune (tidlegare Bolyst og Folkehelseforum). Et tverrfagleg forum for å ivareta folkehelse.</p> <p>Stillingsprosent til folkehelsekoordinator aukast til 40 %.</p>	<p>Godt tverrfaglig folkehelsearbeid mellom etatene, frivilligheten og næringslivet.</p> <p>Klare å ligge i forkant av samfunnsproblemene. Tilsette Folkehelsekoordinator i større stilling.</p>

## Økonomiplan for 2025-2028

<b>Styrke konsulenttenesta</b>	Styrke konsulentar i en overgangsperiode ved å midlertidige stillingar som bidrag i tenestekonseptutvikling.	Kunnskapsdeling mellom konsulentane i helse og omsorg slik at alle kan bidra i kvarandres oppgåver	Tatt i bruk kunstig intelligens der det er mogleg
<b>Sals- og skjenkekontrollar</b>	<p>God dialog med kontrollselskapet.</p> <p>Dialog med politi og skjenkestader for å arrangere ansvarleg vertskapskurs</p>	<p>Alle store arrangement skal ha skjenkekontroll.</p> <p>Minst 6 kontroller årlig på de stedene med størst omsetning.</p> <p>Gjennomføre ansvarleg vertskapskurs for skjenkestadene i samarbeid med politiet</p>	<p>Alle skjenkestader har gjennomført ansvarleg vertskapskurs og har dette i sitt program for nytilsette.</p> <p>Utarbeide rettleatingsprogram for skjenkestadene.</p>
<b>Saksbehandling</b>	<p>Bistå i opplæring av ADL/IPLOS for primærkontakter/ansatte</p> <p>Rutine for dokumentering av brukarmedverknad/samtykke</p>	<p>Fortsette å bistå i oppdatering og registrering av ADL/IPLOS</p> <p>Sikre rutinar, praksis og dokumentasjon for brukarmedverknad/samtykke</p> <p>Revurderinga av tenestene etter behov</p>	<p>All ADL/IPLOS er registrert</p> <p>Brukarmedverknadar/samtykke er dokumentert ivaretatt</p> <p>Tenester blir revurdert ved behov</p>

### **GOL HELSETUN**

Gol Helsetun har totalt 32 sjukeheimslassar. Desse er fordelt på ei korttidsavdeling og dessutan tre langtidsavdelingar kor den eine er demensavdeling. I tillegg er både kjøkken, dagsenter og natt-teneste knytt til Helsetunet.

### **Overordna mål for Institusjon (kommunedelplan 2017-2026):**

## Økonomiplan for 2025-2028

Institusjonen skal sikre:

- Langtidsplassar for sterkt pleietrengjande og pasientar med alvorleg grad av demens
- Plassar til målretta korttidsopphald og avlastning

Plass på institusjon blir tildelt av Tildelingsteamet etter søker sitt behov.


- Dagsenteret gir 5 dagar i uka dagaktivitetstilbod til personar med demens, forebygge ensomhet og gi avlastning til pårørande

### Utfordringar i kvarldagen:

- Auka behov for tenestene
- Auka antall eldre over 80 år
- Auka krav til fagkompetanse
- Auka forventningar til kva tenesta kan tilby
- Rekruttering av fagkompetanse

### Demografiske utfordringar i kommunen:

Statistikken syner at tal på eldre vil auke monaleg i tida framover, medan tal på yrkesaktive vil vera stabile eller gå svakt ned. Kort sagt, i tida framover blir det færre tilsette til å utføre dei aukande tenestebehova.



Innatsområde	Strategi — korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
--------------	--------------------------------	----------	----------

## Økonomiplan for 2025-2028

<b>Rekruttering av fagpersonell</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Fokus på rekruttering av sjukepleiarar jf. overordna strategi</li> <li>-Jobbe for rekrutterings-tilbod</li> <li>-Motivere og leggje til rette for kompetanseheving både av fagutdanna og ufaglærte</li> <li>-Leggje til rette for å ta i mot studentar i praksis, lærlingar og personar som ynskjer arbeids-utprøving</li> <li>-Leiarstøtte (ESIF)</li> <li>- Internundervisning/kursing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Redusere bruk av vikarbyrå</li> <li>Nødvendig fagkompetanse i faste stillingar</li> <li>Kompetanseløft til assistentar</li> <li>Gode støtteordningar og avtaler med sjukepleiestudentar og sjukepleiarar under vidareutdanning</li> <li>Tilby gode tilrettelagde turnusar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Redusert bruk av Vikarbyrå/kjøp av tenester med 30 % samanlikna med 2022</li> <li>Tydeleg oppgåvefordeling ut i frå fag-kompetanse</li> </ul>
-------------------------------------	---	---	--

Økonomiplan for 2025-2028

<b>Betring av pårørandekontakt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ansvarleg-gjera primærkontaktar når det gjeld sine oppgåver</li> <li>- Tettare pårørande-kommunikasjon</li> <li>- Samtale ved innkomst</li> <li>- Samtale med pårørande</li> <li>- Faste møter med pårørande-foreininga</li> <li>- Utarbeide informasjonsbrosjyre til pårørande og brukarar</li> </ul>	Minimum tilbod om ein årleg pårørande-samtale	Ei betring av siste gjennomførte brukar- og pårørande-undersøking
<b>Betre arbeidsmiljøet-</b>  <b>Vi skal glede oss til å gå på jobb!</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Jobbe med samarbeid og kommunikasjon som hovudtema med dei tilsette</li> <li>-Hjelp til handtering av konfliktar</li> <li>-Tett oppfølging av tilsette ved sjukefråvær</li> </ul>	Samla sjukefråvær 8 %	Samla sjukefråvær 7 %
<b>Demografiske utfordringar (eldrebølgja)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Utarbeide planar både på kort og lang sikt. Plan både for korttids- og demensavdeling</li> <li>-Vurdere interkommunalt samarbeid om enkelte pasientgrupper</li> <li>-Jobbe for avtale om avlastning i nabokommune</li> <li>-Eiga stilling i helse- og omsorg for implementering av velferdsteknologi</li> <li>- Meir ressursar på kvardagsrehabilitering</li> </ul>	<p>Dagens bygningsmasse og framtidige behov er kartlagt og vurdert</p> <p>Plan for framtidas demensomsorg er påbegynt</p> <p>Rullerande avlastning blir avhalde utanom sjukeheimens 32 plasser</p>	<p>Kommunen har ein god og langsiktig plan for å møte framtidas behov hjå dei eldre</p> <p>Nytteverdien av velferdsteknologi er godt kjent og akseptert hjå dei tilsette</p> <p>Ferdigstilling av ny avdeling på ODA</p>

Økonomiplan for 2025-2028

		<p>Jobbe førebyggjande:</p> <p>“Rett tiltak til rett tid”</p> <p>Det blir jobba målretta med velferdsteknologi</p>	
<b>Tid til å utøve leiarskap</b>	Leiarstøtte (ESIF)	<p>Reindyrke leiarrolla</p> <p>Betre tid til dei tilsette .</p> <p>Jobbe meir med innovasjon og utvikling.</p> <p>Bruke mindre tid på innleige.</p>	Innovative leiarar
<b>Aktivitør i tenesta</b>	Utdanne aktivitør	Fagleiar på Dagsenteret tek utdanninga 2023/2024	Auka kompetanse innan aktivisering av brukarar
<b>Betre lokale for kjøkkenet</b>	Utarbeide plan for utbygging, evt nytt lokale	Ferdigstille plan for meir effektiv drift sett i samanheng med utbetring/nytt lokale	<p>Auka omsetning</p> <p>Meir forebyggande arbeid for eldre</p>

			Utviding av tenesta
--	--	--	---------------------

## HEIMETENESTA

Tenesta omfattar ambulerande heimetenenester, praktisk bistand, kreftkoordinator, tryggleiksalarm og omsorgsbustader for eldre.

I løpet av kalenderåret 2023 har rolla som "demenskontakt" også kommen til ein tilsett i heimetenesta. Det er følgjer ingen økonomiske midlar med denne funksjonen, og innbyggjarane behov for bistand frå demenskontakten aukar.

### Overordna mål frå kommunedelplan for helse og omsorg 2017-2026:

- Gol kommune skal bruke heimebaserte tenester som basistilbod i omsorgstenestene
- Gol kommune skal vidareutvikle kvardagsrehabilitering på ein systematisk måte
- Gol kommune skal ta i bruk velferdsteknologi når den gir ei positiv nytte for brukar, pårørande og kommunen

Heimetenesta har ein robust arbeidsstab trass i for høgt arbeidspress i periodar og komplekse tenestemottakarar. Liggetida på sjukehus er kort, og dette krev mykje av tenesta både i tidsbruk og kompetanse. Det er tydeleg at innbyggjarane i Gol ynskjer å bu heime lengst mogleg og gjerne få lov til å avslutte livet i eigen heim òg.

Bebuarar i omsorgsbustadene har krevjande hjelpebehov, både innan fysisk og psykisk helse. Ein vesentleg stor del av dei har kognitiv svikt og demenssjukdom, noko som utløyer store tenestebehov. Det er eit spørsmål om kva tenester ein skal yte i omsorgsbustad og når mengda helsehjelp utløyer behovet for heildøgns omsorg på sjukeheim. Gol kommune har vesentleg færre innbyggjarar over 80 år som har institusjonsplass enn andre kommunar i same Kostra-gruppe.

Tenesta er i god gang med kvardags-rehabilitering, noko som vi har erfart forsinkar tenestebehovet. Implementering av velferdsteknologi krev meir innsats og ressursar.

### Utfordingar og strategi

#### Innsatsområde

Innsatsområde	Strategi- korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
---------------	-------------------------------	----------	----------

<b>Sjukefråværet i heimetenestenesta låg på eit gjennomsnitt med 10,6 % i august 2023.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kartleggje sjukefråværet</li> <li>Haldningsarbeid (betydning av arbeidstakrar sitt nærvær)</li> <li>-Sjå på mogelegheiter for tilrettelegging i andre avdelingar i kommunen</li> <li>-Etablere medarbeidaransvar</li> <li>-Følgje opp dei sjukemelde etter Gol kommunens retningslinjer</li> </ul>	Sjukefråvær på under 7 %.	Sjukefråvær på under 7 %
<b>Rekruttere ynskja kompetanse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Snakke fram arbeidsplassen</li> <li>-Få studentar til å ha praksis i avdelinga</li> <li>-Sjå på korleis Gol kommune kan vera ein meir attraktiv arbeidsplass enn nabokommunar. Korleis kan vi skilje oss ut?</li> <li>-Auke fagmiljøet og grunnbemanninga av sjukepleiarar</li> </ul>	<p>Ha riktig og tilstrekkeleg med kompetanse og fagpersonell for å kunne yte forsvarleg helsehjelp.</p> <p>Vidareutdanne sjukepleiarar til å kunne være veileder for sjukepleiestudentar.</p>	<p>Heimetenesta er ein attraktiv arbeidsplass med god rekruttering.</p> <p>Ha sjukepleiar-studentar regelmessig, og at dei har praksisveilederar med kompetanse.</p>
<b>Bruk av overtid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Rekruttere inn i vakante stillingar</li> <li>-Tilsetje fleire vikarar</li> <li>-Haldningsarbeid med dei tilsette</li> <li>-Kartleggje mogelegheita for å etablere ein vikarpool som kan brukast på tvers av avdelingane</li> </ul>	Redusere bruk av overtid og likevel yte fagleg forsvarlege tenester	Det er ikkje behov for bruk av overtid i tenesta

Økonomiplan for 2025-2028

	innan helse og omsorg - Stillingar som krev helsefagleg kompetanse lysast ut som 100%.		
<b>Auke kompetansen hos dei tilsette</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Utarbeide kompetanseplan for tilsette og dele inn i faggrupper, slik at kompetansehevinga blir tilpassa kvar yrkesgruppe</li> <li>-Leggje inn tid for kompetanseheving i grunnturnus</li> <li>Gjennomføre Klin-OBS og Pro-Act + kurs i handtering av vold og truslar</li> <li>- Tilsette ein sjukepleiar i en midlertidig stilling som "Fagsjukepleiar".</li> </ul>	<p>Tilsette i heimetenesta er i stand til å utøve fagleg forsvarleg pleie og omsorg til ei aukande og meir kompleks brukargruppe</p> <p>Fagsjukepleiar er tilsett og startar sitt arbeid med å strukturere kurs og bidrar til kompetanseheving, samt å lage forslag til rutinar og prosedyrer som vil styrke utøvelse av tenestene.</p>	<p>Tilsette i heimetenesta er i stand til å utøve fagleg forsvarleg pleie og omsorg til ei aukande og meir kompleks brukargruppe</p>
<b>Utøve kvardags-rehabilitering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Fortsette å leggje til rette for, vidareutvikle og auke kapasiteten med kvardags-rehabilitering.</li> </ul>	Kvardagsrehabilitering er ein del av den naturlege tankegangen til kommunen og tilsette i tenesta	Avsatte midlar og stillingar til å drive kvardags-rehabilitering.

<b>Implementere velferdsteknologi i tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Implementere velferdsteknologi som tankegang og mogelegheit hos dei tilsette når behov for nye/auka tenester melder seg</li> <li>-Få eit godt samarbeid med leverandør av utstyr</li> <li>-Prøve ut ny teknologi og gjere oss erfaringar ved bruken av dei.</li> <li>-Ressursperson i full stilling i kommunen.</li> <li>- Tilsette fagutviklingssjukepleiar i heimetenesta.</li> </ul>	<p>Velferdsteknologiske hjelpemiddel i er i drift og vi har gjort oss erfaringar med kva hjelpemiddel vi ynskjer å satse på</p>	<p>Velferdsteknologi er godt implementert i avdelinga og brukarar og pårørande er positivt innstilt til teknologiske løysingar</p>
<b>Betre samarbeid med frivilligheita</b>	<p>Delta på møter med frivilligheita</p>	<p>Frivillige deltek i oppgåver som sørger for betre trivsel, mindre einsamheit og utfører oppgåver helsepersonell ikkje treng å bruke si tid på</p>	<p>Godt samarbeid med frivilligheita.</p>

<b>Torstadvegen som Omsorg+</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Etablere Omsorg+ -styrke Heimetenesta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Framtidige behov for Omsorg+ er kartlagt og vurdert</li> <li>-betre teneste kvalitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Omsorgs+ er etablert -brukarar gis heildøgns omsorg med tilstrekkeleg resursar</li> </ul>
---------------------------------	--	---	---

## MILJØTERAPITENESTA

### No-situasjon

Tenesta er delt inn i sju ansvarsområde:

- Miljøterapitenesta - leiing, avdelingsleiar
- Helsetunvegen 1. Personalbase, 7 omsorgsbustader
- Helsetunvegen 2. Personalbase, 8 omsorgsbustader
- Kristenbråten. Personalbase, 7 privat eigde bustader
- Avlastning. Avlastning, Brukarstyrt personleg assistanse (BPA), omsorgsstønad, Inn på Tunet og støttekontaktar
- Arbeidssenteret. Arbeids- og aktivitetstilbod på dagtid.
- Vesterhusvegen inkl. avlastning. Personalbase, 3 omsorgsbustader

### Overordna mål frå kommunedelplanen

- Utvikle eit god og samordna miljøterapeutisk tilbod til personar med utviklingshemming og med psykiske plager
- Vidareutvikle fritidstilbod med miljøterapeutisk gevinst
- Sette i verk tiltak for å auke kompetansen innan miljøterapi

### Generelt om tenestene og utfordringane

Helsedirektoratet sin veileder "Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming" påpeiker at det overordna målet i tenesteytinga er å *bidra til at personar med utviklingshemming og deira familiar får leve gode liv i tråd med egne forutsetningar, ønskje og behov. Formålet er å bidra til kunnskapsbasert praksis, riktige prioriteringar, god samhandling og redusert uønskt variasjon i kommunane.*

## Økonomiplan for 2025-2028

Miljøterapitenesta yt teneste til personar med ulike hjelpebehov, utfordringar, diagnosar, behov og eit breitt aldersspenn. Dette medfører ei tett oppfølging av personell, behov for veiledning og kompetansesikring, som også krevst frå sentralt hold, samt tett dialog og samarbeid med pårørande og verger. Miljøterapitenesta er i behov for oppgradering og investering i medisinsk utstyr for betre samhandling og samarbeid med lege/legevakt og heimetenesta.

Til personar med særleg tyngande omsorgsarbeid skal kommunen tilby nødvendig pårørandestøtte i form av opplæring og veiledning, avlastning og omsorgsstønad, jf. Hol. § 3-6. Miljøterapitenesta innehavar ansvaret og vil måtte legge til rette for ei teneste som dekker dette lovkravet.

Miljøterapitenesta har omsorgsbustadar med personalbasar på ulike stader i Gol. Det kan av og til opplevast vanskeleg å få tilgang til reinhalds- og vaktmeistertenester til desse formålsbygga, t.d. innehalar ikkje Vesterhusvegen eller Kristenbråten reinhaldstenester. Enkelte leilegheiter i Helsetunvegen er i behov av oppussing og renovering for å tilfredsstille dagens standard. Bruk av ressursar og bistand frå kvarandre på tvers er også utfordrande, då Miljøterapitenesta ikkje innehavar ein egen tenestebil til disposisjon. Tidvis vil ein være i behov for å bemanne opp som i feriar, høgtider og ved planleggingsdagar, då dagtilbod som for eksempel VENN stenger. Det er også knyttt utfordringar til lading av hjelpemiddel som elektriske rullestolar, som krev plass og sikkerheit ved lading i forhold til brann.

Innatsområde	Strategi- korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar</b>	- Rekrutteringsprosjekt	Unngå bruk av vikarbyrå	Alle stillingar skal vera besett medrett kompetanse.  Tilby utdanning til alle assistenter.
<b>Sjukefråvær</b>	-«Tett på» - god oppfølging av sjukemeldte etter Gol kommunens retningslinjer  -Helsefremmande turnusar  -Godt arbeidsmiljø	Tenesta samarbeider tett med NAV og fastlege	Sjukefråværet skal vera som landsgjennomsnittet
<b>Kvalitet i tenestene</b>	-Inneha gode rutinar for fagleg utvikling, veiledning og	Bruke kurstilbod og kompetanse i Hallinghelse	Utvikle og oppretthalde eit forsvarleg

## Økonomiplan for 2025-2028

	kompetansehevande tiltak	Interkommunalt og tverrfagleg samarbeid med andre Miljøterapitenester/fagmiljø	tenestetilbod ut ifrå nasjonale styringsdokument
<b>Tilrettelegging for arbeid/ aktivitet og meiningsfylt fritid</b>	<p>-VINN kan utviklast som arbeidsstad for fleire grupper</p> <p>-Arbeidssenteret kan brukast til aktivitetar for brukarar på ettermiddagstid og i helgane</p> <p>-Etablere ein arbeidssentral</p>	<p>Idrettslag/ organisasjonar har tilbod om aktivitetar</p> <p>Det er aktivitetstilbod til eldre brukarar</p>	<p>Alle brukarar har tilbod om arbeid eller dagaktivitetstilbod</p> <p>Brukarane har tilbod om deltaking i fritidsaktivitetar</p>
<b>Manglande bustader til unge vaksne og avlastningsbustad for barn</b>	-Etablere nye bustader og avlastningsbustad	<p>Framtidige behov for bustadar er kartlagt og vurdert</p> <p>Avlastningsbustad er oppretta</p>	<p>Unge vaksne brukarar får bistand i val, utforming og tilrettelegging av bustad</p> <p>Avlastning er eit interkommunalt tilbod</p>

### **HELSEAVDELINGA**

**Helseavdelinga har følgjande tenesteområde:**

- Legeteneste
- Friskliv
- Helsestasjonsteneste
- Jordmorteneste
- Fysio- og ergo-terapi-teneste
- Psykisk helse og rus
- Krisesenter og barnevernsvakt

**Overordna mål frå kommunedelplanen ” Meistring i alle livets fasar”**

- Barn, unge og unge vaksne med store hjelpebehov skal sikrast heilskaplege tenester med god kvalitet til rett tid
- Nye, førebyggjande tiltak retta mot eldre og utsette grupper er i sett i verk
- Innbyggjarane i Gol kommune skal ha kunnskap om korleis ein kan planleggje eigen alderdom

### **Generelt om tenestene og utfordringane**

Helseavdelinga sine tenester skal både førebyggje og behandle. Det er eit mål å førebyggje mest mogeleg slik at det bli mindre behov for behandling. Dette gjeld for menneske i alle aldrar, men aller viktigast er det for barn og unge.

Dei førebyggjande tenestene for barn og unge har i løpet av seinare åra fått større fokus gjennom barnevernsreforma eller oppvekstreforma. Den stiller større krav til at kommunane skal førebyggje meir og betre og at barnevernstenesta no i større grad skal ta dei mest alvorlege sakene. Dette har aktualisert behovet for å samordne tenestene for barn og unge betre.

### **Helseavdelinga**

Psykisk helse må i dag kjøpe tenester til brukere som er i behov av et bemannet botilbud, det medfører at de som regel må bosette seg utenfor Hallingdal midlertidig. Det er også kostnadskrevende tiltak. Vi jobber derfor i tjenesten med å opprette dette tilbodet i eget regi i løpet av 2025.

Det er også viktig å tenkje tverrfagleg og heilskapleg rundt menneske med psykiske vanskar og lidingar. Slike lidingar gjer seg ofte utslag i fysiske "vondlar" som igjen fører til inaktivitet, og samarbeid med fysioterapi og friskliv er i gang og bør vidareutviklast. På same måte må samarbeid med FACT (oppsokjande behandling for innbyggjarar med alvorleg psykisk liding og ev rus problem. Spesialisthelsetenesta i samarbeid med kommunehelsetenesta), FACT-ung og IPS (individuell jobbstøtte i NAV), halde fram.

Fastlegeordninga er under press i heile landet, også i Gol. En fordel er sannsynlegvis at legane her er fastløna og har overkommelege fastlegelister. Det er også inngått avtalar om ALIS (allmennlegar i spesialisering), slik at nye legar får hjelp og tilrettelegging til å gjennomføre det obligatoriske spesialiserings-løpet. Staten yter tilskot til dette. Gol har utfordringar i å konkurrera med andre kommunar på markedsstyrte høye legelønningar.

For å rekruttere legar er det også viktig at legevaktordninga er god og kjennast overkommeleg. Gol har i dag flere med vaktfritak pga alder og helse, det øker belastningen på de andre som går i vakt. Dei fleste legane ynskjer no ikkje lenger heimevakt, men til stades-vakt med fast løn og medhjelpar. Dette krev at fleire kommunar går saman, og i første omgang ynskjer Gol eit samarbeid med Nesbyen og Hemsedal fast lokalisert på Gol.

De fleste kommunar støtter seg til lægeforeningens sin nøkkelberegning av hjelpepersonell til fastlegekontor. Her beregnes det 0,8 hjelpepersonell per fastlege (1 årsverk) på store legekontor og 1,2 hjelpepersonell på små legekontor. I distriktskommunar med lang reiseveg til spesialisthelsetenestene vil ofte 1,2 være det som er aktuelt. Gol legekontor sitt hjelpepersonell bør auke til 5 årsverk totalt. Erfaringa fra legetenesta er at arbeidsoppgåvene har endra seg og at de brukas til flere arbeidsoppgåver. Ved en økning støttepersonell vil det opne for å bruke diabetessjukepleier til egne konsultasjonar som genererer refusjon og avlastar legene. Samt at fleire pasientar kan behandlast i løpet av en dag.

Fysio- og ergoterapi-tenesta har utfordringar med stress og ein lite føreseieleg arbeidsdag. Grunnen er formidling og utkøyring av hjelphemiddel. Talet på pasientar som skal ha hjelphemiddel er aukande, og det

hastar ofte med å få desse heim til folk. Ein må ofte avbryte planlagde oppgåver for å ordne med hjelpemiddel. Gol kommune har 60 % ergoterapiressurs og 20 % vaktmeisterressurs. Nabokommunene med same innbyggjartal har 200 % ergoterapi-ressursen og 50 % vaktmeisterressurs.

Helsestasjonen har over en lengre periode hatt utfordringar med å behalde og rekruttere helsesjukepleiere. Helsestasjonen har derfor konstituert sjukepleiere, og fleire av disse tar vidareutdanning til helsesjukepleier, men det inneber at det i perioder er lite tilgjengelig personell. Utdanningstiltaket vil vedvare over noen år for å få kvalifisert personell.

Helseavdelinga har dei siste åra hatt utfordringar med å rekruttere og behalde fagpersonar, det gjeld jordmødrer, helsesjukepleiarar og legar. Det er viktig at kommunen står fram som ein attraktiv arbeidsplass, med gode løns- og arbeidsvilkår. Særleg er det viktig å gje rom for etter- og vidareutdanning. Dei ulike profesjonane er høgt utdanna og stiller krav til å kunne halde seg fagleg oppdatert på sine område. Det er difor viktig at det blir sett av midlar til kurs og vidareutdanning.

Hallingdal familie- og krisenter har felles vaktberedskap for krisenter og barnevernsvakt. Valdres kjøper tenester fra den interkommunale tenesten. Det er ei sårbar teneste som deler av driften benytter prosjektmidler i turnusen. Dette må fremover sikt innarbeides i budsjett.

Hallingdal familie- og krisenter har også behov for fleire kostbare oppgraderinger for å tilfredsstille risiko og sårbarhetsanalyser. For eksempel vegbom, bevegelsessensorer, dørklokke med skjerm, mobilt varslingssystem, nytt låsesystem m.m.

I alle tenestene ser vi at det er oppgraderingsbehov på kostbart utstyr som er uunnverleg. For eksempel dekontaminator, steriliseringsmaskin, CTG maskin. I tillegg kommer IKT plattformer, mobiler, pc som i dagens samfunn blir raskt utdatert etter noen år. Det bør derfor også lages en plan for å innarbeides i budsjett i større grad slikt utstyr.

## Utfordringar og strategi

### Innatsområde

Innatsområde	Strategi-korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Rekruttere og behalde fastlegar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Arbeide for interkommunal legevakt som følger krav i akuttmedisinforskrifta</li> <li>- Tilby ALIS-avtalar med legar i spesialisering</li> <li>- Rekruttere leger som deltar i legevaksarbeidet.</li> <li>- Rekruttere vikarleger som kan avlaste leger som deltar i legevakten.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rimeleg vaktbelastning og forsvarlege arbeidsforhold på legevakt.</li> <li>Kommuneoverlegen er ansvarleg for smittevern og kan fatte vanskelege avgjerder som omfattar bruk av tvang</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gol har stabil legedekning med legar som er under spesialisering eller er ferdige spesialistar i ålmennmedisin</li> <li>Gol har en interkommunal legevakt med fastlønn og støttepersonell.</li> </ul>

<b>Fleire innbyggjarar over 80 år skal få hjelp til å leve aktive og meiningsfylte liv heime</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Innføre førebyggjande heimebesök v/fysioterapitenesta og heimetenesta (jf. Leve hele livet)</li> <li>-Fleire tilbod om gruppetrenings både til heimebuande og dei som bur i omsorgsbustader</li> <li>-Behalde og utvide tilbodet om kvardagsrehabilitering saman med heimetenesta</li> </ul>	Eldre skal få hjelp til å sikre fysiske og kognitive ferdigheter slik at dei kan bu heime så lenge som mogeleg	Eldre skal få hjelp til å sikre fysiske og kognitive ferdigheter slik at dei kan bu heime så lenge som mogeleg
<b>Overvekt og inaktivitet hos barn, unge og unge vaksne</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Tidlegare tilvising til Friskliv</li> <li>-Tilbod om trening for gravide og barselkvinner</li> <li>-Foreldrerettleiing og deltaking på foreldremøte, undervisning v/ helsestasjonen eller friskliv.</li> </ul>	Alle barn og unge skal vera fysisk aktive og delta på sosiale arenaer	Barn og unge har god fysisk og psykisk helse
<b>Barnevernsreforma (oppvekstreforma) stiller store krav til tidleg innsats og førebyggjande tenester for barn og unge</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Betre tverrfagleg innsats (BTI). Fortsette implementering av BTI.</li> </ul> <p>Samordne forebyggende tenester for barn, unge og familie.</p>	Det skal vera 1 dør inn til kommunens helsetenester for barn, unge og familiar	Teambaserte tenester med ulike helseprofesjonar sikrar eit heilskapleg tilbod
<b>Effektiv formidling av hjelpemiddel</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Auka vaktmeisterressurs</li> <li>-Auka ergoterapiressurs</li> </ul>	Fysioterapeutane har meir tid til primæroppgåvane	Kortare ventelister og fleire treningsgrupper
<b>Fysioterapeut på legekontoret</b>	Fysioterapeut sitter fast på legekontoret og tar i mot pasienter der som er satt opp til dem via legekontoret.	Betre samhandling med legekontoret og fysio/ergo/friskliv	

## Økonomiplan for 2025-2028

		Avlaste legene Riktig behandling til riktig tid Tverrfaglig arbeidsmiljø.	
Manglende bustader med bemanning til Psykisk helse og ROP brukere.	-Etablere nye bustader i Furuvegen, og nær tilknytning.	Framtidige behov for bustadar er kartlagt og vurdert  Gol kommune tilbyr bemanna boliger som bidrar til å øke bomestringsevne.  Gol kommune deltar i et interkommunalt tilbod for å gi disse brukargruppene et tilbod.	

### Driftsbudsjett

Beløp i 1000

#### Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2023	2024	2025	2026
Kommunalsjef Helse og omsorg		5 748	7 537	3 197	2 897	2 897
Gol Helsetun		43 724	38 145	40 576	46 676	46 676
ESIF - eining for stab, innovasjon og forvaltning		4 986	6 065	9 379	11 379	11 379
Heimetenesta		27 955	27 832	31 835	31 835	31 835
Miljøterapitenesta		38 240	48 783	52 457	52 457	52 457
Helseavdeling		40 602	37 886	43 870	43 870	43 870
Barnevern		17 104	16 692	16 731	16 731	16 731
NAV Gol		10 831	7 093	9 884	9 384	7 384
<b>Sum</b>		<b>189 190</b>	<b>190 033</b>	<b>207 928</b>	<b>215 228</b>	<b>213 228</b>
						<b>213 228</b>

### Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>190 033</b>	<b>190 033</b>	<b>190 033</b>	<b>190 033</b>
Sum Tekniske justeringer		<b>11 721</b>	<b>11 721</b>	<b>11 721</b>	<b>11 721</b>
<b>Vedtak forrige periode</b>					
Fagsystemet Gerica	UKL - helse, omsorg og sosial	-249	-249	-249	-249
Tjenestekonseptutvikling 2.0	UKL - helse, omsorg og sosial	-300	-300	-300	-300
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>-549</b>	<b>-549</b>	<b>-549</b>	<b>-549</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>11 172</b>	<b>11 172</b>	<b>11 172</b>	<b>11 172</b>

## Økonomiplan for 2025-2028

Beskriving tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
		2025 201 205	2026 201 205	2027 201 205	2028 201 205
<b>Konsekvensjustert ramme</b>					
<b>Driftskonsekvens</b>					
Drift avdeling ODA	UKL - helse, omsorg og sosial	0	6 100	6 100	6 100
<b>Sum Driftskonsekvens</b>		<b>0</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Auka refusjonar ressurskrevjande tjenester	UKL - helse, omsorg og sosial	-4 700	-4 700	-4 700	-4 700
Barnevern	UKL - helse, omsorg og sosial	-654	-654	-654	-654
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-5 354</b>	<b>-5 354</b>	<b>-5 354</b>	<b>-5 354</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka driftskostnader nødnett og nattlegevakt	UKL - helse, omsorg og sosial	600	600	600	600
Auka lønnskostnad nattlegevakt	UKL - helse, omsorg og sosial	600	600	600	600
Dagsenteret- auke kapasitet	UKL - helse, omsorg og sosial	300	0	0	0
Døgntilbud avd. Psykisk helse	UKL - helse, omsorg og sosial	1 900	1 900	1 900	1 900
E-helse/Velferdsteknologi	UKL - helse, omsorg og sosial	227	227	227	227
Faste Vikarstillinger	UKL - helse, omsorg og sosial	3 000	5 000	5 000	5 000
Omsorg+ Torstadvegen omsorgsbustader	UKL - helse, omsorg og sosial	2 500	2 500	2 500	2 500
Sosalkontor	UKL - helse, omsorg og sosial	500	0	0	0
Tilskot leie behandlingsbasseng	UKL - helse, omsorg og sosial	150	150	150	150
Tjenestekonseptutvikling 3.0	UKL - helse, omsorg og sosial	300	300	300	300
Økonomisk sosialhjelp	UKL - helse, omsorg og sosial	2 000	2 000	0	0
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>12 077</b>	<b>13 277</b>	<b>11 277</b>	<b>11 277</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>6 723</b>	<b>14 023</b>	<b>12 023</b>	<b>12 023</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>		<b>207 928</b>	<b>215 228</b>	<b>213 228</b>	<b>213 228</b>

### Vedtak forrige periode

#### Fagsystemet Gerica

Nye modular i Gerica (Bilder i Gerica og prosjektbasert opplæring) kr 184 500. Kr. 65 000 til drift av faggruppa

#### Tjenestekonseptutvikling 2.0

Formannskapet vedtok å bevilge kr. 300.000,- til tjenestekonseptutvikling 2.0

### Innsparingstiltak

#### Auka refusjonar ressurskrevjande tjenester

Ny beregningsmodell for ressurskrevjande tjenester.

#### Barnevern

Korrigering av barnevernskostnader i tråd med budsjett frå Hallingdal barnevernteneste. Barnevernsbudsjettet er redusert med kr 2854 000. Eit nytt barnevernstiltak vil ha ein årleg kostnad på kr 2200 000. Netto innsparing kr 654 000

## Nye tiltak

### Auka driftskostnader nødnett og nattlegevakt

Korrigering av budsjett i tråd med budsjettutkast frå vertskommunen Ål. Kr. 600 000 i auka kostnader til drift av nødnett og nattlegevakt.

### Auka lønnskostnad nattlegevakt

Gol kommune har auka kostnader til legelønn på kr 600 000 ved deltaking i Hallingdal nattlegevakt.

### Døgntilbud avd. Psykisk helse

Kommunestyret vedtok i sak 24/2024 å omdisponere omsorgsbustader i Furuvegen til samlokaliserte bustader for ROP-pasientar. I budsjett 2024 vart det oppretta 2,8 årsverk til døgntilbod i avdeling Psykisk helse. Det er behov for ytterlegare 2 årsverk i 2025 for å ha bemanning gjennom heile døgnet. Eit tilbod med samlokaliserte bustader med døgnbemanning vil innebere at kjøp av private omsorgstenester til denne gruppa kan avviklast.

### E-helse/Velferdsteknologi

Gol kommune har 20 % stillingsressurs til implementering av e-helse/velferdsteknologi. Det er behov for å utvide til 50 % stilling

### Faste Vikarstillinger

Det er behov for å opprette eigne faste vikarstillinger for å gjere kommunen mindre avhengig av vikarbyrå. Organisering av faste stillingar kan enten vere i form av auka grunnbemannning, vikarstilling på den einskilde avdeling eller i felles ein vikarpool. Organisering må drøftast nærmare, også med tillitsvalde.

### Omsorg+ Torstadvegen omsorgsbustader

Gol kommune har få plassar med heildøgns omsorg, og det er stort press på dei 32 plassane på Gol helsetun. Det er mogleg å auke antall plassar med heildøgns omsorg ved å omgjøre omsorgsbustader til eit høgare omsorgsnivå, ofte kalla Omsorg+. Omsorgsbustadane i Torstadvegen har pr. i dag 8 plassar + fellesareal, og det ligg godt tilrette for å auke omsorgsnivået. Pr i dag er Torstadvegen bemanna av Heimetenesta, men med auka behov også ute vert det knapt med ressursar.

Ei omgjering av Torstadvegen til Omsorg+ vil auke personalbehovet med tre årsverk med 1 tilsett på vakt dag/kveld. Med därlegare pasientar i Torstadvegen kan det vere behov for å auke bemanninga til 2 tilsette på vakt dag/kveld.

### Sosialkontor

Det er behov for å auke budsjettet til sosialkontor-funksjonen i NAV med kr 500 000.

### Tjenestekonseptutvikling 3.0

Prosjektet Tjenestekonseptutvikling 2.0 planlegges slutført i mai 2025. Det er behov for prosjektstøtte i prosjektperioden.

### Økonomisk sosialhjelp

Kostnadane til økonomisk sosialhjelp har auka mykje dei siste åra. Det er behov for å styrke budsjettet med 6 mill.kr.

## Økonomiplan for 2025-2028

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Netto prosjektutgift	Økonomiplan				Sum Økonomiplan  2025-28
		2025	2026	2027	2028	
<b>UKL - helse, omsorg og sosial</b>						
Legevaktsbil	300	300	0	0	0	300
<b>Sum UKL - helse, omsorg og sosial</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>300</b>

### UKL - oppvekst og kultur

#### Innleiing

##### Oppvekst og kultur

Sektoren omfattar desse avdelingane

Kommunalsjef oppvekst og kultur

Gol barnehage

Gol skule

Gol vaksenopplæring

Kulturavdelinga

Oppvekst og kultur prioriterer mål og strategiar særleg knytta til pkt 10.3 i kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 "Det gode liv i Gol".

#### Mål

1. Gol skal ha eit variert kultur og fritidstilbod
2. Barnehage og grunnskule skal gje kunnskap og ferdigheter slik at unge kan fullføre vidaregåande opplæring
3. Snitt grunnskulepoeng skal ligge over 40 poeng og ikkje under landsgjennomsnittet. Del av elevar med mindre enn 30 poeng skal vere under 10%
4. Etablere 4 nye utdanningstilbod
5. Gol skal legge til rette for deltaking og mestring i ulike livsfasar

**FN sine berekraftmål som er sentrale for sektorens tenesteområder:**



I perioden 2025-2028 prioriterer sektoren følgjande strategiar knytt til utfordringane i samfunnssdelen:

Oppvekst:

Oppvekstforemen – tettare samarbeid helgestasjon-barnehage – skule – psykisk helse

Foreldrerettleiing og nettverksbyggjing gjennom heile oppvekstløpet med start på helsetasjonen

Pedagognormen og bemanningsnormen i barnehagen i tråd med nasjonale føringer

Norsktilbodet i barnehagen

Pedagogtettleiken 1.-4. trinn

Regionale tilbod vidareutdanning

Regionalt tilbod grunnutdanning barnehage (ABLU) og lærarutdaninng (master 1.-7. trinn)

Regional satsing – kompetanseløftet; etterutdanning som gjeld spesialpedagogikk

Prosjektere og bygge ny barnehage

Integrering:

## Økonomiplan for 2025-2028

Språkpraksisplassar i kommunal regi

Golsamfunnet tek ansvar for integrering

Forelderettleiing og nettverksbyggjing

### Kultur:

Prisjustreng ordinær drift kulturbudsjettet

Kulturkonsulent

Arbeide vidare med konseptet «det nye samfunnshuset»

Fullføre kulturmiljøplan

Etablere frivilligråd

Padelbanar og sykkelstigar. Tippemidlar

Tilpassing av aula Gol skule

Innsatsområde, strategi og mål er definert i avdelingsvis omtale av handlingsprogrammet. Tiltak er definert i sektorens forslag til nye drifts- og investeringstiltak.

### **Generelt for sektoren**

Avdelingane er leia ein avdelingsleiar Gol barnehage to rektorar på skule, og ein avdelingsleiar kultur.

Skule og barnehage rekrutterer godt og dei tilsette er godt kvalifiserte. Det blir satsa mykje på etter- og vidareutdanning. Det er relativt lågt sjukefråvær i sektoren. Det er eit omfattande interkommunalt samarbeid på dei ulike fagområda som sektoren omfattar.

Det er ei forventing om auka barnetal, i fyste omgang i barnehage etter kvart også i skulen. Klassetalet går ned fyrste del i perioden, men talet på klassar vil auke att. Tal frå SSB viser at prognosane for 2050 er ein auke i folketalet til 5535 innbyggjarar. I aldersgruppa 0-17 år er det ein auke med 13 individ (1,5%) frå 2024. Gol har ambisjonar om å vekse, og ambisjon om ei vidareføring av den demografiske fordelinga med 5000 innbyggjarar i 2030. Her har ein lagt til grunn ein auke i barnetalet på 18 i aldersgruppa 0-5 år.

Pedagognorm i skule og barnehage og bemanningsnorm i barnehagen, legg noko av rammevilkåra for ressursbruken for desse tenestene. Tilbod om gratis SFO for 3. trinn frå august 2024 får verknad for økonomiplanperioden, og for tal tilsette i skulefritidsordninga. Vaksenopplæringa har elevar frå alle kommunane i dalen, og drifta baserer seg i stor grad på statstilskot pr elev. Økonomien og volumet er avhengig av tal flyktningar som kjem til dalen. Same forholdet gjeld integreringstenesta, som også baserer mykje av aktiviteten på integreringstilskotet, som er eit kronebeløp fordelt over fem år pr person i målgruppa.

## Økonomiplan for 2025-2028

Med bakgrunn i flyktningesituasjonen med tilstrøyming av flyktningar frå Ukraina, vil integreringstenesta ha styrka bemanning så lenge som det er behov for det.

Gol kommune har eit stort innslag av minoritetsspråklege både i barnehage og skule. Styrking av kulturtilbodet både innan kulturskulen og friviljuge og organisasjonar vil vera med på å fremje integrering. God integrering krev også tilstrekkeleg tilfang av språkpraksisplassar både innan offentleg og privat sektor og god kompetanse i språkopplæringa for både barn og vaksne minoritetsspråklege.

Alle avdelingane har til tider behov for det som ein tidlegare omtala som «vaktmeistertenester». I dag er denne funksjonen utøvd av Eigedomsavdelinga, og primært er det drift av bygg som er oppgåva. Det er i liten grad rom for andre praktiske oppgåver. Dette er utfordrande, særleg for barnehagen som relativt ofte treng å endre den fysiske tilrettelegginga. Dette skjer fleire gonger i året, litt etter som korleis barnegruppene er samansett og korleis dei utviklar seg. Skulen har litt meir føreseieleg behov; etter skuleslutt og før skulestart med ein god del praktisk arbeid, som ikkje er fagarbeid. Integreringstenesta har løyst dette med innleige av pensjonistar når det har vore behov for praktisk tilrettelegging ved busetting av flyktningar, men det er heller inga varig løysing.

Ein slik type praktisk person/funksjon må kunne disponerast av skule, barnehage og integrering etter ein oppsett årspann og ut ifrå behov, og elles nyttast av eigedomsavdelinga når det er rom for det. Funksjonen må fagleg sorterast under eigedomsavdelinga og budsjetterast der.

### Kommunalsjef oppvekst og kultur

Kommunalsjefen har direkte budsjettansvar for kommunal del PPT. Utgiftene blir fordelt på tenesteområda barnehage, grunnskule og vaksenopplæring. Kommunalsjefen har også budsjettansvaret for skuleskyss og kostnader til Gol vaksenopplæring til grunnskueleopplæring, spesialundervisning, kombinasjonsprogram og tilskot frå staten til norskopplæring.

Gol kommune skal vera ein aktiv og støttande skuleeigar. Utval for Kultur og Levekår får politiske saker gjennom året som orienterer om fagleg status og psykososiale tilhøve ved skulen. Desse sakene dannar grunnlag for skulen sin tilstandsrapport, som kommunestyret har til årleg handsaming.

Kommunalsjefen arbeider saman med dei andre kommunane om tilretteleggjing av grunnutdanning og vidareutdanning for barnehagelærarar og lærarar.

### Gol barnehage

Gol barnehage omfattar desse områda:

Gol barnehage – administrasjon

Herad barnehage 6 avdelingar

Breidokk barnehage og naturavdeling Hallingmo 4 avdelingar

Vesterhuset barnehage 4 avdelingar

## Økonomiplan for 2025-2028

Kommuneplanen sin samfunnsdel «Det gode liv i Gol»

*«Barnehage og grunnskule skal gje kunnskap og ferdigheitar slik at unge kan fullføre vidaregåande opplæring.*

Strategi: Styrke tverrfagleg samarbeid som tidleg innsats for å fremje god helse i alle livsfasar.»

Visjon for Gol barnehage: "Starten på eit godt liv"

Barnehagedrifta skal ha fokus på både kvalitative og kvantitative mål samtidig.

Gol barnehage og skulen satsinga si i åra framover er "Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø" og regional satsing fram til vår 2026 er; «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». For å nå dette må barnehagane fortsette med å vere med på regionale samlingar, barnehagebasert kompetanseutvikling; fagleg utvikling der **alle** tilsette er med.

197 barn har plass i barnehagane i Gol haust 2024, og 1 som er på venteliste til Bredokk. Frå januar 2025 startar 15 nye barn, totalt 213 barn vil ha behov for plass i barnehagane. I Gol barnehage pr. no er det plass til 205 barn og 214 ved midlertidig utviding i Herad barnehage. Erfaringstal frå tidlegare viser at det vil kome fleire søker i løpet av barnehageåret. Då vil det vera behov for fleire barnehageplassar enn det ein i dag har kapasitet til reint arealmessig

I fylgje prognosar for framskriving av folketalet skal det i 2028 vera 208 barn i aldersgruppa 1–5 år ved normal framskriving; 236 barn ved høg vekst, 180 barn ved låg vekst. (SSB tabell 12882). Etterspurnaden etter barnehageplass aukar. Det er fleire grunnar til dette: Inntak av barn gjennom heile året, fleire ynskjer større plass og auka tilflytting/fødselstal. Hausten 2024 er tre barn med 3- dagars plass i heile kommunen.

Behovet for spesialpedagogiske tiltak og anna tilrettelegging er stor. Gol barnehage brukar mykje av ressursane på språkopplæring og det er eit aukande behov sida det har vore ein auke av barn som ikkje kan norsk som startar i barnehagen i Gol.

Det må leggjast til rette for ei betre forvaltning av utstyr/inventar inne, uteområde, leikeplass m.m. i samarbeid med eigedomsavdelinga.

Innatsområde	Strategi	Nivå i dag (2024)	Mål 2025	Mål 2028
<b>Resultatkvalitet</b>				

Økonomiplan for 2025-2028

<b>Auka leiarressurs i barnehagen</b>	Styrar har 100 % leiing for å vareta utvida oppgåver. Tidlegare var styrar 20 % på avdeling med barn. Dette blir kompensert med auka grunnbemanning 20 % stilling x3		60 %	
<b>Styrarressurs i Hallingmo</b>	Kvar barnehage skal ha eigen styrar. Breidokk sin styrarressurs er delt med Hallingmo.	20 %	40 %	
<b>Utvida 3 midlertidige avdelingar i Herad, ekstra styrerressurs</b>	<b>Auka leiarressurs</b>		<b>20%</b>	
<b>Auka grunnbemanning</b>	Ytterlegare styrking av grunnbemanning. Kvar avdeling aukar med 20 % stilling x 13 for å vareta tid til planleggjring for pedagogar og møteverksemd i barnehagen seie opningstid (pedagogen er ikkje på avdeling 4 timer pr. veike grunna tariffesta planleggjringstid). Styrking av grunnbemanning morgen og kveld.	260 %	520 %	650 % 50 % i kvar avdeling
<b>Ein til ny midlertidig avdeling</b>	Ny pedagogstilling  Anna personale  Leiarressurs		100 %  220%  40%	
<b>Talet på tilsette i grunnutdanning (barnehagelærar)</b>	Legge til rette for å rekruttere eigne tilsette til deltidsstudie i barnehagelærarutdanning. (Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning – ABLU)  Krav 43 % ped.leiar: haust 2024 43 %, mål 50 %	3	4	8
<b>Talet på tilsette i vidareutdanning</b>	Stimulere til relevant vidareutdanning og gje lønssteg ut frå	4	5	10

Økonomiplan for 2025-2028

	høgskuleutdanning for pedagogar med og utan master, og fagskule for fagarbeidrar			
<b>Meir ressursar til språkopplæring,</b>	Fleire minoritetsspråklege og flyktningar, spesielt frå Ukraina	90 % (30 % i kvar barnehage)	210 % (70 % i kvar barnehage)	300 % (100 % i kvar barnehage)
<b>Fornyng av inventar – snitt 1</b>	Auke budsjettmidlar	0	300 000	300 000
<b>hus årleg, IKT og anna utstyr</b>	Alle avdelingar fornye inventar i løpet av ein 10-årsperiode, pedagogisk utstyr og pedagogiske leikar. Årleg forbruk av IKT utstyr og relevant arbeidstøy til alle tilsette både vinter og vår/haust			
<b>Leiker, lærematriell</b>				
<b>Utskifting av utdaterte damaskiner</b>				
<b>prosesskvalitet</b>				
<b>Inkluderande barnehage og skolemiljø:</b>				
<b>Større andel barn i barnehage</b>	Andel barn i barnehagen i Gol kommune er under landsgjennomsnittet (tal frå 2022)	90,4 %		95 %
<b>strukturkvalitet</b>				

## Økonomiplan for 2025-2028

<b>Fleire barn i Gol barnehage</b>	Behovet for fleire barnehageplassar aukar	201 barn	230 barn	260 barn

Investering			2025	2026
<b>Utviding midlertidig 3 avdelingar i Herad</b>	Ventilasjonsanlegg Inventar, leiker, rutsjebaner, leikeapparat.	X	X	
<b>Prosjektere ny barnehage</b>	Kommunestyret har vedteke at det skal greiast ut og prosjekterast ny barnehage innflyttingsklar til 1.1.2025	X	X	
<b>Bygge ny barnehage</b>	Budsjettbehandlinga 2024 må sette av tilstrekkeleg med midar til bygging og drift av ny barnehage		X	X

### Gol skule

Gol skule har desse avdelingane:

## Økonomiplan for 2025-2028

Småskuletrinnet; 1.-4. trinn

Mellomtrinnet; 5.-7. trinn

Ungdomstrinnet; 8.-10 trinn.

SFO

Gol skule er ein 1-10 skule bygd for tre parallellear på kvart trinn, totalt 750 elevar. Skuleåret 2024-2025 er det 464 elevar ved skulen. I følgje prognosar for framskriving av folketalet skal det i 2028 vera 471 barn i aldersgruppa 6-15 år ved normal framskriving; 483 barn ved høg vekst, 460 barn ved låg vekst. (SSB tabell 13600)

Kommuneplanen sin tekstdel

*Barnehage og grunnskule skal gje kunnskap og ferdigheter slik at unge kan fullføre vidaregåande opplæring.*

*Snitt grunnskulepoeng skal ligge over 40 poeng og ikkje under landsgjennomsnittet. Del av elevar med mindre enn 30 poeng skal vere under 10%.*

Skulen forsøker gjennom langsiktig tenking å vere ein organisasjon i stadig utvikling.

Læringsmiljø, kompetanseheving og styrking av fagmiljø skal vera med på å halde oppe kvaliteten i skule og barnehage. Dette er omtalt i kommuneplanen som viktige satsingsområdet.

Gjennom prosjektet "Inkluderande barnehage og skolemiljø, samt arbeid med fagfornyinga, er store delar av utviklingsarbeidet ved skulen konsentrert om inkluderande undervisningspraksis. Skulen jobbar kvar veke med kollektive utviklingsprosessar for å møte trendar i skolemiljøet og sentrale føringer.

Innsatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
Andel elevar med enkeltvedtak spes ped	Tilstrekkeleg pedagogettleik og fleksibel tilpassa opplæring. Større del av ressursar til tidleg innsats og tilpassa opplæring og mindre til øyremerkt spesial- undervisning.	9%	<8%

<b>Gol skule - andel elevar &lt;30 gr sk p</b>	Styrke 1.-4. trinn. Vidareutdanning av tilsette.  Inkluderande skolemiljø	10%	<10%
--	---	-----	------

<b>Innsatsområde (prosesskvalitet)</b>			
<b>Inkluderande undervisningspraksis</b>	Innarbeide leseplanen og det systematiske arbeidet med elevar som har lese- og skriveutfordringar. Om naudsynt ta opp igjen arbeidet med «Dysleksivenleg skule»		
<b>Auka fokus på fagfornyinga sin vektlegging på djupnelærings og tverfaglege tema.</b>	Arbeide med tema som er gjennomgående i fleire fag samstudes og dermed oppnå betre djupnelærings.		
<b>Situasjonshandtering</b>	Auke kompetansen innanfor førebygging og handling ved vald og truslar mellom elevar og mot tilsette.		

Innsatsområde  (Systemkvalitet)			
<b>Ferdigstille og innarbeide handlingsplan mot vald og trakassering</b>	Halde fram arbeid med inkluderande praksis som førebygging, men også ha fokus på handling når vald skjer. Vidareutvikle arbeidet med MOT og andre førebyggjande tiltak. Vurdere om ein skal ta inn igjen og utdanne ART-rettleiarar		
<b>Veilederutdanning</b>	Opparbeide eit godt veileder-team i samarbeid med Campus Hallingdal si veilederutdanning for å bistå i arbeidet med praksisplasser		
<b>Revidering av skulen sin trafikkplan etter fagfornyinga</b>	Oppdatere planen slik at den tek opp i seg kompetanseområda frå Fagfornyinga		

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga omfattar desse områda:

Kulturkontoret på kommunehuset

Integreringstenesta med Introduksjonsprogram og flyktningteneste

Klubb 1 – ungdomsklubben i Breidokk barnehage

## Økonomiplan for 2025-2028

Gol ungdomsråd

Gol bibliotek

Gol kulturskule på Gol skule

Offentleg bading på Gol samfunnshus

Ungdommens frivilligsentral

For kulturområdet er kultur- og fritidspolitikken sentral med mål og visjonar for arbeidet i sektoren. Det vil og bli lagt opp til brukarundersøkingar o.a. for å måle opplevd kvalitet på dei tenestene kulturavdelinga leverer.

### Kommuneplanen sin tekstdel

*Overordna mål:*

*«Gol kommune har bruk for aktive, kreative, deltagande og skapande innbyggjarar. (...) Gol kommune skal ta vare på og utvikle kulturar og tradisjonar i eit fleirkulturelt samfunn»(s 15 kommuneplanen)*

Eit mål for kulturavdelinga er å styrke samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i kommunen. Vidare jobbar avdelinga med eit mål om å styrke samarbeide med private og frivillige på Gol, for å utvikle nye tiltak. Dette blir særleg viktig, etter som dei kommunale midlane på kulturbudsjettet blir mindre.

Det bør spesielt arbeidast med samarbeidstiltak mellom barnehage, skule, kultur og helse/omsorg. Tiltak kan vera lesestunder og konsertar på helsetunet, samarbeid om temaserie av arrangement retta mot eldre. Det kan òg tenkjast eit samarbeid om å låne ut bøker i samband med matutlevering.

### Kultur- og fritidsplan

Det er 4 hovudmål for kulturarbeidet for perioden 2020-2030:

*Gi alle innbyggjarar i Gol kommune høve til å delta i fritidsaktivitetar, kunst og kulturtilbod, uansett alder, kor dei bur, kvar dei kjem ifrå; helse og funksjonsevne, språk, økonomi og sosiale forhold.*

*Styrke rolla i kommunen som støttespelar for den frivillige innsatsen, og leggje til rette for ein sterk og mangfaldig frivillig sektor innan kulturfeltet, der samskaping står sentralt som omgrep.*

*Gjennom kultur som drivkraft styrke identiteten til Gol og auke attraktiviteten for dei som bur i kommunen, bidra til auka tilflytting og trekke til seg næringsliv og tilreisande.*

*Hallingmoområdet skal byggjast ut i planperioden som eit felles område for kunst, kultur, læring og aktivitet med tre sentrale omgrep; Glad, inkluderande og aktiv, som styrande for organisert og uorganisert bruk.*

### Strategi for avdelinga

## Økonomiplan for 2025-2028

Det blir vist til kulturplanen for konkrete mål og tiltak. Einingane under Kulturavdelinga utarbeider eigne tiltaksplanar og eventuelle nye tiltak må innarbeidast gjennom årleg budsjettprosess eller sjølvstendige saker til politisk vedtak.

Kulturplanen skal rullerast etter 4 år.

Etablere frivilligråd

I forhold til integrering har avdelinga fokus på å legge til rette for god inkludering av busette flyktningar. Ein strategi er å etablere gode arenaer for språk- og arbeidspraksis for deltakarane både innanfor offentleg og privat sektor

Gol kommune ynskjer ei aktiv rolle andsynes lag og organisasjonar

Innatsområde	Strategi	Nivåa i dag (2024)	Mål 2025	Mål 2028
<b>Tal elevplassar på Gol kulturskule</b>	Gruppetilbod og gratistilbod	124	150	200
<b>Utarbeide plan for integrering</b>			x	
<b>Biblioteket – Besøk pr. innb</b>	Tilbygg med multirom (betre fasilitetar for møteplass)	4,8	4	7
<b>% Nettoutgifter til kultur av totale nettoutgifter Gol kommune</b>		4,1	6	10
<b>Auke talet på arrangement i regi av frivillige lag og organisasjonar</b>	Fast tilskot til arrangement. Enkel	8 arr	12 arr	24 arr

## Økonomiplan for 2025-2028

	søknad og enkel rapportering			
<b>Frivilligråd</b>	Etablere frivilligråd	x		

### Drift

#### Prisjustering ordinær drift kulturbudsjettet

Kulturmidlar avsett i årsbudsjett er kr 220.000. det har vore same nivået i 10 år. Med SSB prisjustering er prisauken i perioden 33 %. Administrasjonen foreslår på den bakgrunn at kulturmidlane blir auka med kr 80.000,- til kr 300.000 for budsjett 2025.

Prisauke, renteauke m.m. har gjennom dei siste åra påverka økonomien til mange familiar på Gol. Frå før veit vi at Gol kommune har forholdsmessig mange familiar med låg inntekt (10,5 % mot 9,9 %).

Gol kommune har dei siste 3 åra gjennomført aktivitetar for familiar gjennom sommaren som eit samarbeide mellom kultur, skule, barnehage og psykisk helse. Tiltaket er administrert av kulturavdelinga med støtte frå Bufdir. Vi har i 2023 og 2024 opplevd ein betydeleg auke i deltaking. Difor vart det mange som fekk delta på få aktivitetar. Administrasjonen foreslår å avsette 100.000 kr. ekstra til formålet som skal dekke eigendelen i kommunen.

Justere prisar på kommunale tenester – redusere elevprisane på Gol kulturskule og svømmehallen. Kr 150.000 kr.

#### Bøker og frakt av bøker – Gol bibliotek

USN / Campus Hallingdal; ønske om innkjøp av lærebøker for studenter. Kr. 50.000,-  
Frakt – ny avtale via fylkeskommunen, auka betaling kr. 50.000,- til i alt 65.000 kr.

#### Kulturkonsulent

## Økonomiplan for 2025-2028

Per no har kulturavdelingen ein tilsett som i tillegg til jobben med kultur og fritid er avdelingsleiar for heile avdelinga, samt sterkt involvert i integreringarbeidet og prosjektarbeidar (ny leikeplass, 17. Mai, Hallingmo, stadutvikling, regionale samarbeid).

Dette gir kommunen lite ressursar til å jobbe med kultur og fritidsområdet. Det er ynskjeleg å auke ressursane her for å kunne jobbe meir aktivt med kulturplanen, samt utarbeide Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. I tillegg er kulturfeltet sårbart i tilfelle av sjukdom m.m.

Det er ynskje om å opprette ein 20-40% heimel som kulturkonsulent. Kr. 250 – 500.000 kr.

### **Investering**

#### **Hallingmo 2.0**

Utbygging av aktivitetsanlegg på Hallingmo blir ferdigstilt i utgangen av 2024. Mykje bra er kome på plass og potensialet i Hallingmo- området har vist seg på beste måten -det er mykje aktivitet for mange målgrupper.

I prosjektperioden har det kome fram tiltak som kan støtte opp om den fyrste utbygginga. 5-6 tiltak innan kulturformidling, kunst og aktivitet vil løfte dagens nivå og gjere Hallingmo til eit område av høg regional betydning.

Kostnad inntil kr. 1 million ex MVA kan finansierast av spelemidlar som tidlegare er gitt til Gol skule (6 millioner). I tillegg vil prosjekta søkje støtte frå stiftelser og statlege midler.

### Det nye samfunnshuset

Utviding av Gol bibliotek har lenge stått som mål i Gol kommune sin økonomiplan. I tillegg er det ønskt at Klubb1 flyttar til meir sentral plassering og dermed frigjer plass til Breidokk barnehage.

I 2023 har administrasjonen starta prosess med eit forprosjekt for eit nytt kultursenter ved Gol bibliotek. Dette forprosjektet inkluderer også ny klubbb1.

Administrasjonen foreslår å avsette 500.000 kr til vidareføring av forprosjekt med mål å kunne presentere skisser og økonomiske overslag til politisk behandling sommaren 2025. I tillegg blir det fremja forslag om å avsette 30 millionar kroner til gjennomføring av prosjektet i 2026 og 2027.

### Kulturmiljøplan

Norsk institutt for kulturminneforsking kan utføre jobben med å ferdigstille kulturmiljøplanen med verdisetting av registrerte objekt. Kostnad kr 550.000,-

### Tilpassing av musikkrom og aula på Gol skule.

Gol skule blei teke i bruk i 2016. Etter nokon års brukstid er det behov for tilpassingar ut frå behova i dag. Dette vil mogleggjere betre utnytting av romma og betre funksjonalitet.

## Økonomiplan for 2025-2028

Dette gjeld lydanlegg, amfi med automatikk, flytande golv, delevegg med automatikk. Kostnad kr 2.000.000 (ikkje berekna enda) kan finansierast av dei 6 millionar Gol kommune har fått tildelt i spelemidlar til Aulaen på Gol skule som kulturarena. Dette er midlar som ikkje var budsjettert med.

### Idrettsanlegg

Gol kommune har gjennom dei siste 10 åra fått til mange nye fasilitetar for idrett og fysisk aktivitet. Av nye anlegg bør kommunen prioritere å styrke innsatsen for aktivitetar som er eigenorganisert og dessutan eit varmtvassbasseng.

Administrasjonen fremjar forslag om tre tiltak for 2025:

Etablering av 3 padelbanar (2 dobbelt og ein singelbane) på arealet for tennisbanen, som blir redusert frå 3 til 2 banar. Det blir med dette lagt til rette for eit nytt aktivitetstilbod for skule, vidaregåande skule og for eigenorganisering.

Padel er ein ny og raskt veksande sport som har stor målgruppe og er relativ enkel idrett å starte opp med. Det er venta at dette tiltaket vil ha ein popularitet på nivå med disk golf.

Kostnadsoverslag kr 2 millionar ex. mva. som tilsvavar eigendelen til kommunen. I tillegg vil der bli søkt om spelemidlar og om støtte frå stiftelsar.

Gol stisenter blei etablert på Hallingmo i 2022. Ut frå bruken i dag er dette eit bra tiltak som supplerer dei andre aktivitetar i området. Likevel ser vi at det med fordel kunne etablerast 2 mindre løyper for å skape betre flyt i området for syklande. Dette blir gjennomført i dialog med Gol sti og sykkel AS. Kostnadsoverslag kr 500.000 ex. mva. som tilsvavar eigendelen til kommunen. I tillegg vil der bli søkt om spelemidlar og om støtte frå stiftelsar.

### Ny kaffimaskin på Gol bibliotek

Eksisterende maskin er klar for å bli bytta. Kostnad 50.000,-

Maskinen har ein viktig funksjon i å skape miljø på biblioteket og er etterspurt blant brukarar av biblioteket.

### Nye PC'er for brukere

2 nye stasjonære maskiner for brukarar av biblioteket. Kostnad 30.000 kr.

Dei som finst frå før er eldre modellar minst 10 år gamle.

# Økonomiplan for 2025-2028

## Driftsbudsjett

Beløp i 1000

### Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2023	2024	2025	2026
Kommunalsjef Kultur og oppvekst		7 340	7 979	8 358	8 358	8 358
Gol skule		60 020	62 671	66 668	66 668	66 668
Gol barnehage		38 221	38 519	43 706	44 111	44 681
Kultur		18 038	16 290	18 146	17 866	17 616
<b>Sum</b>		<b>123 619</b>	<b>125 459</b>	<b>136 878</b>	<b>137 003</b>	<b>137 573</b>
						<b>137 323</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>125 459</b>	<b>125 459</b>	<b>125 459</b>	<b>125 459</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>		<b>6 399</b>	<b>6 399</b>	<b>6 399</b>	<b>6 399</b>
<b>Vedtak forrige periode</b>					
Foreldrebetaling pga flere barn i barnehagen	UKL - oppvekst og kultur	70	70	70	70
Integreringskonsulentar grunna flyktningar frå Ukraina	UKL - oppvekst og kultur	-605	-605	-605	-605
Kulturminneplan - ferdisetting Redusert egenandel (kr. 500,-) i barnehage	UKL - oppvekst og kultur	550 600	0 600	0 600	0 600
Redusert foreldrebetaling frå 1.8.2024 pga nye maksimalsatsar.	UKL - oppvekst og kultur	1 200	1 200	1 200	1 200
Årsverknad frå 2025					
Redusert inntekt SFO pga gratis tilbod 12 timer pr veke for 2. trinn	UKL - oppvekst og kultur	-200	-200	-200	-200
Styrke innkjøp lærebøker	UKL - oppvekst og kultur	-300	-300	-300	-300
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>1 315</b>	<b>765</b>	<b>765</b>	<b>765</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>7 714</b>	<b>7 164</b>	<b>7 164</b>	<b>7 164</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>133 173</b>	<b>132 623</b>	<b>132 623</b>	<b>132 623</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka bemaning kultukontoret	UKL - oppvekst og kultur	120	390	390	390
Barnehagen - styrka bemanning morgen og kveld (UKL innspel)	UKL - oppvekst og kultur	1 000	1 000	1 000	1 000
10% på kvar avdeling 15 avdelingar					
Ekskursjon Utøya	UKL - oppvekst og kultur	100	100	100	100

## Økonomiplan for 2025-2028

<b>Beskriving tiltak</b>	<b>Avdeling</b>	<b>Økonomiplan</b>			
		<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Fagleiar ITO - individuell tilrettelagt opplæring (tidl spes ped koordinator) 50%	UKL - oppvekst og kultur	475	475	475	475
Gol kommune andel 3 årig Prosjektstilling	UKL - oppvekst og kultur	250	250	250	0
Integreringskonsulentar grunna flyktningar frå Ukraina	UKL - oppvekst og kultur	605	605	605	605
Inventar og utstyr til barnehagane (UKL-innspel)	UKL - oppvekst og kultur	150	150	150	150
Ny styrar barnehage 2026	UKL - oppvekst og kultur	0	405	975	975
SFO- auka personellressurs	UKL - oppvekst og kultur	605	605	605	605
Skulefrukost	UKL - oppvekst og kultur	100	100	100	100
Tilskot til lag og organisasjoner	UKL - oppvekst og kultur	300	300	300	300
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>3 705</b>	<b>4 380</b>	<b>4 950</b>	<b>4 700</b>
<b>Nye tiltak og realandringer budsjett</b>		<b>3 705</b>	<b>4 380</b>	<b>4 950</b>	<b>4 700</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>		<b>136 878</b>	<b>137 003</b>	<b>137 573</b>	<b>137 323</b>

### Vedtak forrige periode

#### Integreringskonsulentar grunna flyktningar frå Ukraina

Det er tilsett to integreringskonsulentar i samband med flyktningestraumen frå Ukraina. Utgiften skal delast med Hemsedal kommune.

Formannskapet 21.11.2024: Tiltaket blir vidareført.

#### Redusert egenandel (kr. 500,-) i barnehage

Formannskapet vedtok i møte 24/11-23 "Redusert egenandel med kr 500,- barnehage kr 500.000,- . Inndeckning for framtidige år innarbeidast i saldert budsjett."

Tiltaket betyr at barnehagesatsene reduserast med med kr. 500,- per måned fra 1/8-2024. Reduksjonen kommer i tillegg til regjeringens forslag til nye satser fra 1/8-24. Gol kommune får dermed samme foreldrebetaling som nabokommunene. Effekten i 2024 medfører reduserte inntekter i budsjettet til Oppvekst med kr. 500.000,- helårseffekter fra 2025 blir kr. 1.100.000,-

#### Redusert foreldrebetaling frå 1.8.2024 pga nye maksimalsatsar. Årsverknad frå 2025

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt til grunn at foreldrebetalinga skal være kr. 2.000,- per plass. Gol kommune har 200 barn i barnehagen. Redusert foreldrebetaling vil i 2024 bety 1 million i redusert foreldrebetaling i 2024, og deretter er heilårsverknad 2,2 million kroner fra 2025.

#### Redusert inntekt SFO pga gratis tilbod 12 timer pr veke for 2. trinn

Mindreinntekt foreldrebetaling for elevar 2. trinn grunna 12 timer gratis kjernetid SFO er berekna til kr 850.000.

Det er 40 elevar vårhalvåret og forveta 36 elevar hausthalvåret. Kommunen er kompensert for inntektsbortfallet ved at regjeringen har økt rammetilskuddet til kommunen.

Formannskapet reduserte inntektstapet med kr. 200.000,- i sitt møte 23.11.2023.

Retningsliner og bemanningsnorm SFO:

<https://www.gol.kommune.no/siteassets/gol-skule/sfo/vedtekne-vedtekter-for-skulefritidsordning-i-gol-kommune-fom-1.8.2022.pdf>

Kommunestyret vedtok:

Post om redusert inntekt SFO justeres opp med 200.000,- til opprinnelig beløp. Finansieres mot post skiltmateriell. Kommunestyret ber om å få vedtekten for SFO til revidering på i løpet av første kvartal i 2024.

#### **Styrke innkjøp lærebøker**

Det er eit ynskje å auke budsjettposten for lærebøker, slik at det i enkeltfag kan vere eit utval av ulike typar oppdaterte læreverk som supplement til digitale læringsplattformer.

### **Nye tiltak**

#### **Auka bemaning kulturkontoret**

Avd. leiar må frigjerast til leiing ikkje sakshandsaming

#### **Barnehagen - styrka bemanning morgen og kveld (UKL innspel) 10% på kvar avdeling 15 avdelingar**

Dei fleste borna i branhangen kjem frå morgonen og er heile dagen. I praksis er det då for lite bemanning i samband med at born blir bringa og henta. Det er behov for å styrke bemanniga i banehaane moro og ettermiddag. 10 % stilling på kvar avdeling - 15 avdelingar

#### **Ekskursjon Utøya**

Ekskursjon til Utøya m.m. Politisk initiert. To turar; tur til Oslo og Aurlandsdalen er slege saman.

Overnatting

#### **Fagleiar ITO - individuell tilrettelagt opplæring (tidl spes ped koordinator) 50%**

Ny opplæringslov stiller større krav til tilpassa opplæring. Færre elevar skal ha vedtak om individuelt tilpassa opplæring (se ped), og det er krav om intensiv opplæring for 1.-4 trinn for dei elevane om treng det. Dette stiller større krav til koordinering og rettleiing av tilsette

#### **Gol kommune andel 3 årig Prosjektstilling**

Gol kommune sin andel av ei 3-årig prosjektstilling i regi av kulturkontoret for oppbygging av tilbod til studentar og elevar. Skal finansierast av næringsfondet. Vedtak i formannskapet 21.11.2024

#### **Integreringskonsulentar grunna flyktningar frå Ukraina**

Det er tilsett to integreringskonsulentar i samband med flyktningestraumen frå Ukraina. Utgiften skal delast med Hemsedal kommune.

Formannskapet 21.11.2024: Tiltaket blir vidareført.

#### **Inventar og utstyr til barnehagane (UKL-innspel)**

## Økonomiplan for 2025-2028

Det er stort behov for fornying av utstyr og inventar i barnahagane. Det er lagt opp til at ein i løpet av ein periode skal ha skifta ut alt utstyr og inventar i barnehagane. Beløpet som er sett av i økonomiplanen er ikkje stort nok. Tidlegare er det føreslege lagt inn kr 300.000 pr år, men dette er ikkje vedteke

### Ny styrar barnehage 2026

Ny barnehage er under prosjektering. I løpet av hausten 2025 evt frå årsskiftet 2026 må det tilsetast styrar for ny barnehage. Denne styraren må også vere "byggjestyrar" fram til barnahagen er ferdigstilt.

Prosjekt 3024 - ny barnehage

### SFO- auka personellressurs

gratis 12 timer SFO for 3 trinn. Dette gir fleire barn på SFO og dermed også behov for auka bemanning

Totalt 109 barn (gjennomsnitt vår 2025 og haust 2025) fordelt på 1. trinn (40) 2. trinn (36) og 3. trinn (33).

Det er lagt inn auke i bemanning med 36 timer pr veke (3 vaksne på 33 barn)

### Skulefrukost

Skulefrukosten har vore gjennomført ved hjelp av prosjektmidlar. Prosjektperioden er over, og det må leggjast inn friske midlar

### Tilskot til lag og organisasjoner

Initiert av UKL. Tilskot til lag og organisasjoner skal aukast. Tilskotet har ikkje fylgd prisutviklinga. Ynskjer i tillegg å styrka søkbar pott for alle lag og organisasjoner.

## Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Familieterapeut knytt til helsestasjonen., integreringstenesta eller barnehagen	420	845	845	845
<b>Sum</b>	<b>420</b>	<b>845</b>	<b>845</b>	<b>845</b>

## Nye tiltak

### Familieterapeut knytt til helsestasjonen., integreringstenesta eller barnehagen

Oppvekstreformen gir kommunane nye utfordringar når det gjeld å fylge opp utsette barn og unge. Ofte ligg løysinga i heimen. Vi har behov for å opprette ein funksjon med foreldrerettleilinga i form av ein familieterapeut e.l. Denne bør knytast til helsestasjonen, evt psykisk helse. Førebels er det lagt inn under kommunalsjef for oppvekst og kultur.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp	Økonomiplan				Sum Økonomiplan 2025-28
		2025	2026	2027	2028	
UKL - oppvekst og kultur						

## Økonomiplan for 2025-2028

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Netto prosjektutgift	Økonomiplan				Sum Økonomiplan  2025-28
		2025	2026	2027	2028	
Gol bibliotek multimediarom / Campus Hallingdal /ny ungdomsklubb	37 750	500	15 000	15 000	0	30 500
Gol skule - oppgradering og tilpassingar av aula-kultursal	4 000	0	2 000	0	0	2 000
Kulturstig - aktivitetsanlegg Hallingmo	1 000	500	500	0	0	1 000
Kunstgressbane - skifte ut plastinnfyll og miljøtiltak	2 200	2 200	0	0	0	2 200
Ny barnehage Hallingmoområdet (prosj 3024)	148 000	20 000	100 000	26 000	0	146 000
<b>Sum UKL - oppvekst og kultur</b>	<b>192 950</b>	<b>23 200</b>	<b>117 500</b>	<b>41 000</b>	<b>0</b>	<b>181 700</b>

### Gol bibliotek multimediarom / Campus Hallingdal /ny ungdomsklubb

Utviding av Gol bibliotek har lenge stått som mål i Gol kommune sin økonomiplan. I tillegg er det ønskt at Klubb1 flyttar til meir sentral plassering og dermed frigjer plass til Breidokk barnehage.

I 2023 starta administrasjonen forprosjekt for eit nytt kultursenter ved Gol bibliotek. Dette forprosjektet inkluderer også ny klubb1. Kommunen bør sjå dette tiltaket i lag med vidareutvikling av Campus Hallingdal , ny ungdomsklubb og mulig samlokalisering .

Administrasjonen foreslår å avsette 500.000 kr til vidareføring av forprosjekt med mål å kunne presentere skisser og økonomiske overslag til politisk behandling sommaren 2025. I tillegg blir det fremja forslag om å avsette 30 millionar kroner til gjennomføring av prosjektet i 2026 og 2027. Dersom ein skal ta omsyn til Campus Hallingdal og ny ungdomsklubb som del av prosjektet vil ein koma attende med ny kostnadskalkyle.

### Kulturstig - aktivitetsanlegg Hallingmo

Utbygging av aktivitetsanlegg på Hallingmo blir ferdigstilt i utgangen av 2024. Mykje bra er kome på plass og potensialet i Hallingmo- området har vist seg på beste måten -det er mykje aktivitet for mange målgrupper.

I prosjektperioden har det kome fram tiltak som kan støtte opp om den første utbygginga. 5-6 tiltak innan kulturformidling, kunst og aktivitet vil løfte dagens nivå og gjøre Hallingmo til eit område av høg regional betydning.

Kostnad inntil kr. 1 million ex MVA kan finansierast av spelemidlar som tidlegare er gitt til Gol skule (6 millioner). I tillegg vil prosjekta søkje støtte frå stiftelser og statlege midler.

## UNN – kommunal drift

### Innleiing

### Handlingsprogram for Samfunn og utvikling (SU) 2025-28

- Kommunalsjef samfunn og utvikling
- Kommunalteknisk avdeling

- Plan og utvikling
- Eigedomsavdelinga

#### Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030

**Samfunn og utvikling prioriterer strategiar og innsatsområder særskilt knytt til følgjande overordna mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:**

#### 10.1 Gol sin plassering regionalt og nasjonalt

#### 10.2 Næring og arbeidsplassar

##### Mål

1. Gol skal vere regionens vekstsenter med 5000 innbyggjarar i 2030
2. Gol skal vere det viktigaste knutepunktet mellom aust- og vestlandet
3. Gol skal redusere klimagassutsleppa med 40 % innan 2030 i høve 2009

##### Mål

1. Det skal skapast 250 nye arbeidsplassar innan 2030
2. Det skal utviklast minst ein større attraksjon/fyrtårn i planperioden
3. Gol skal vere ein av dei største turistdestinasjonane i landet
4. Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdiar for lokalsamfunnet
5. Gol skal vere ein av landets 3 største i detaljhandel i omsetnad per innbyggjar

#### FN sine berekraftmål som er sentrale for sektoren tenesteområder:



I perioden 2025-28 prioritiserer sektoren følgjande strategiar knytt til utfordringane i samfunnsdelen:

#### Folketalsutvikling og folkehelse:

- Teknisk infrastruktur skal brukast som bidrag til etablering og vekst
- Bli «smartkommune» med digitale løysingar i alle kommunale tenester
- Rekruttere rett kompetanse
- Legge til rette for framtidsretta innovativ og grøn næring

#### Miljø-, klima-, og samfunnstryggleik:

- Berekraftig og konsentrert hyttebygging
- Samanhengande og urørt landskap med viktig naturmangfald og friluftsinteresser skal skjermast mot utbygging
- Følgje opp Regional plan for vassregion Vestviken
- Samfunnstryggleik og klimatilpassing skal definera i ROS-analyser og ha fokus i alle planprosessar
- Tenkje miljø og klima i alt vi gjer

#### Tettstadutvikling og samferdsel:

- Gol sentrum skal ha bykvalitet med møteplassar og bilfrie soner
- Gol skal til ein kvar tid ha ledige næringsareal av ulik karakter og differensierast ut frå nærliek til Gol sentrum
- Utbygging i Gol tettstad skal knytast til god og sikker kommunal infrastruktur
- Ny rv7 og 52 og fv51 skal ivareta Gol som knutepunkt og handelsstad

Innsatsområde, strategi og mål er definert i avdelingsvis omtale av handlingsprogrammet. Tiltak er definert i sektoren sitt forslag til nye drifts- og investeringstiltak.

## Generelt for sektoren

Samfunnssdelen i kommuneplanen legg føring for kommunen sin ønska utvikling fram mot 2030. Kommunestyret har i 2024 behandle ny kommunal planstrategi for perioden 2024-27.

Ekstremværet «Hans» i 2023 viser at vi må rustast for eit anna klima i tida som kjem. Miljø- og klimatilpassing blir sentrale tema i alle planprosessar. Investeringane på VAR-området er heilt nødvendige for at vi skal ligge i forkant av utviklinga, og om vi skal nå nasjonale- og internasjonale miljø- og klimamål. Sjølvkostregimet må brukast til investering i infrastruktur og danne grunnlag for kommunens tilrettelegging for bustejing, næringsutvikling og vekst. Auka kapital- og driftskostnad som følgje av investeringane, samt rente- og prisutvikling vil ha innverknad på kommunale gebyr i åra som kjem.

Strategisk næringsplan skal bidra til styrka næringsarbeid. Tettstadsutvikling og tilrettelegging for bustad- og næringsareal blir saman med planvask av eldre reguleringsplanar ei sentral oppgåve i perioden. Kommunen må også legge til rette for å finne framtidige korridorar for Rv52.

Samferdselsløftet hevar standarden på dei lengste grendevegane. Den nye Smedvegen legg til rette for nærings- og bustadbygging i sentrum. Tiltaka på veg må følgjast opp med drift- og vedlikehaldsmidlar i tråd med hovudplan veg og erfaringane frå ekstremværet «Hans».

Forvaltning av kommunal eigedom må styrkast for å betre prosjekt- ressurs- og vedlikehaldsplanlegginga. Kommunen må også finne ei løysing på oppgåver knytt til grunnkjøp, sal og kjøp av eigedomar og innkjøp.

Rekruttering, organisasjonsutvikling og endringsleiing er sentrale tema i åra som kjem. Rekruttering av personell med ingeniør/høgskuleutdanning er spesielt utfordrande. Manglande rekruttering av nøkkelpersonell kan føre til at ambisjonsnivået må reduserast og investeringar må skyvast ut i tid. Manglande rekruttering er også kritisk for kommunal beredskap. Aukande kompleksitet, krav til tenesteyting og mål om vekst vil føre til auka behov for ressursar i sektoren. Utviklinga vil presse fram større og robuste fagmiljø, og bli avgjerande for at små kommunar skal levere som forventa. Den nye Plan og utviklingsavdelinga er eit ledd i dette arbeidet.

Samfunn og utvikling leverer jamt over gode tenester og har god ressursutnytting. Gol brukar mindre av kommunen sine samla driftsbudsjettpå sektorens tenesteområde enn mange andre kommunar. Tenestene som i stor grad er finansiert gjennom sjølvkostprinsippet og andre inntekter har såleis relativ liten innverknad på kommunen sine netto driftsutgifter.

Handlingsprogram for 2024-27 er med visse justeringar i stor grad vidareført til 2025-28.

## Kommunalsjef samfunn og utvikling

Kommunalsjefen leiar Samfunn og utvikling (SU) og har også funksjon som kommunens beredskapskoordinator. Det er ingen felles stabsfunksjon i sektoren. Budsjettansvar for beredskap og kommuneplanarbeid ligg direkte til kommunalsjefen.

### Nosituasjonen

#### Kommuneplan og planstrategi:

Kommunal planstrategi 2024-27 ligg til grunn for prioritering av kommuneplanarbeidet i valperioden. Kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan Gol tettstad er i sluttfasen. Samfunnsdelen skal reviderast og det skal gjennomførast planvask av eldre reguleringsplanar. Fag/temaplanar som blir prioritert i planperioden må synleggjerast og prioriteras i handlingsprogrammet frå dei einskilde avdelingane i kommunen.

Kommunen bør i løpet av økonomiplanperioden setje av ressursar/midlar til forstudie for ny korridor for rv52 mellom Gol sentrum og Robru. Bruken av midlane må ein vurdere ut frå kva som er viktig å få vurdert til neste rullering av Nasjonal transportplan.

#### Beredskap:


Overordna ROS-analyse for Gol vart behandla av kommunestyret i juni 2022 og er i ferd med å bli revidert med utgangspunkt i erfaringane frå ekstremværet «Hans». Førebyggjande tiltak og klimatilpassing må prioriteras og synleggjerast i økonomi- og handlingsprogram.

Krava til kommunal beredskap har auka vesentleg dei seinare åra. Dette blir også omtalt i rapporten frå Totalberedskapskommisjonen som regeringa la fram. Kommunen må auke ressursane til førebyggjande arbeid og beredskapsplanlegging og vurdere eigen funksjon som beredskapsleiar. Utgiftene til faste beredskapstiltak vil auke i økonomiplanperioden.

Gol kommune har i 2024 utarbeida miljørisikoanalyse med tilhøyrande beredskapsanalyse for mindre hendingar knytt til akutt forureining. Dette dannar grunnlag for beredskapsplanar for det interkommunale samarbeidet om akutt forureining- IUA.

Kommunestyret har fatta vedtak om å leige lokale til ny brannstasjon av GKE AS. Lokala til Hallingdal bilsenter på Glitre vil truleg kunne takast i bruk i løpet av 2026. Hallingdal bilsenter har fått innvilga dispensasjon for å etablere seg på Storøyne. Pris- og renteauke vil ha verknad på leigesum til GKE.

DSB er i ferd med å utgreie nytt nødnett som etter planen skal innførast frå 2028. Kostnadsdelinga mellom brukarbetaling og statleg finansiering er førebels ukjent. Kommunale beredskapsaktørar må belage seg på å ta deler av utgiftene, mellom anna til teknisk utstyr og nye radioterminalar.



Kjelde: SSB 11997 - nøkkeltall brann og ulykkesvern

**Netto driftsutgifter** per innbyggjar i Gol er om lag som for KOSTRA- gruppe 5, om lag 40 % høgare enn snitt for fylke (Viken fra 2020) og landet. Ei vesentleg årsak til høge utgifter er at kommunen og regionen har mange fritidsbustader og mange særskilte brannobjekt, spesielt i reiselivsnæringa.

Innatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Kommuneplan</b>	Kommuneplan-arealdel og KDP Gol tettstad	Vedteke	
	Kommuneplan-revidering av samfunnsdelen	Oppstart	Vedteke
	Planvask- eldre reguleringsplanar	Oppstart	Vedteke
	<i>Fag- og temaplanar for sektoren er omtalt avdelingsvis.</i>		
<b>Kommunal ROS og beredskapsplan</b>	ROS-analyse for Gol 2022-25	Oppfølging tiltak	Tiltak fullført
<b>Brann og redning</b>	Etablering av ny brannstasjon på Glitre (Hallingdal bilsenter)	Prosjektering ombygging	Ny stasjon etablert i 2026
<b>Nærvar i Samfunn og utvikling</b>	Snitt sjukefråvær i SU (drift) i 2018-23 var på 6,5%.	SU- drift- mindre enn 6,3%	Mindre enn 6,0%

## Kommunalteknisk avdeling

Avdelinga har ansvar for vatn, avløp og renovasjon (VAR) og kommunale vegar.

## Nosituasjonen

Kommunalteknisk avdeling har dei siste åra hatt to vakante ingeniør stillingar. Avdelinga har eit høgt aktivitetsnivå med komplekse saker og mange lovpålagte oppgåver. Personalsituasjonen gjer det krevjande å gjennomføre alle vedtekne investeringsprosjekt og mål, samtidig som lovpålagte oppgåver skal gjennomførast. Det er tilset ein ny avdelingsingeniør innanfor område veg, vatn og avløp i februar 2023, dette har betra situasjonen. Avdelinga har jobba med omorganisering i 2024.

## Vatn og avløp

Vassbransjen står framfor store investeringar i åra som kjem for å sikre reint vatn i springen og forsvarleg reinsing av avløpsvatn. Myndighetene følgjer nå tettare opp gjennomføring av investeringar. Kommunen må foreta investeringar som møter utfordingane, slik at investeringsbehovet ikkje aukar ytterlegare og kostnadane blir skyvd til framtidige generasjoner.

Det er behov for investeringar både til nye anlegg og til fornying av eksisterande anlegg som følgje av befolkningsvekst, skjerpa myndighetskrav, klimatilpassing og overvætn. Strengare regelverk stiller auka krav til vatn- og avløpstestenes kvalitet. Kommunen er lovpålagt å yte vatn- og avløpstester etter sjølvkostprinsippet. Det betyr at de som bruker tenestene i hovudsak skal betale det desse tenestene kostar. Gebyra vil auke i åra framover som følge av krav om nye investeringar.

Svikt i vatn- og avløpstestene vil ha store konsekvensar for mellom anna helse, miljø og tryggleik i samfunnet.

Kompetanse og kapasitet er sentralt når det gjelder evna til å lever gode tenester, og kommunen må sjå på eigen organisering samt å etablere større fagmiljø for å sikre nødvendig kompetanse og evne til å gjennomføre tiltak. Det må satsast på innovasjon og teknologiutvikling, slik at VA-bransjen kan løyse utfordringane i framtida på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte.

Hovudplan for vatn og avløp er det viktigaste styringsdokumentet for utbygging og rehabilitering av vatn og avløpsanlegg. Hovudplanen skal uttrykke kommunens eigne prioriteringar på avløpssektoren, og medverke til betre samordning mellom kommunal avløpsverksemd og kommunale arealplanar. Det er satt i gang arbeid med å revidere hovudplanane.

## Drikkevassforsyning

Vi produserer drikkevatn med god kvalitet døgnet rundt, og skal sørge for at alle som får vatn frå det kommunale vassverket har vatn i springen til ein kvar tid.

Det er viktig å redusere lekkasjeprosenten. Det har dei siste åra vorte fleire vasslekkasjar som har ført til at abonnentar i kortare periodar har vore utan vatn, med melding om kokevarsel. Det er derfor behov for å skifte ut meir leidningsnett i åra framover for å sikre vassforsyninga.

## Avløpsreinsing

Vi har ansvar for drift av kommunale avløpsanlegg og offentleg leidningsnett. Kommunen skal sørge for at alle som er tilknytt kommunale avløpsleidningar, får ledet bort sitt avløpsvatn til reinseanlegg. Avløpsvatnet skal reinsast i medhald av statlege krav og lokale mål. Kommunen har som forureinar eit ansvar for at det kommunale avløppssystemet til ein kvar tid er tilpassa kommunens utslepp av avløpsvatn i vassmengde og organisk belastning. Arbeidet med avløphandtering skal sikre at avløpet ikkje reduserer vasskvaliteten i vassførekostane.

## Økonomiplan for 2025-2028

Dei seinare åra er det gjort rehabilitering/oppgradering på leidningsnettet med bygging av to nye avløpspumpestasjonar innanfor reinsdistrikta Gol tettstad og Golsfjellet. Det er fortsatt behov for å investere i rehabilitering av avløpsinfrastruktur. Det er behov for store investeringar på VA-områda for å innfri statlege krav. Eit av dei mest sentrale tiltaka, Gol reinseanlegg med sekundærreinsing stod ferdig våren 2023. Anlegget er i prøvedrift.

### **Renovasjon**

Hallingdal Renovasjon IKS (HR) har revidert sin strategi for å imøtekommne nye krav i avfallsbransjen. Kommunen får som følgje av det, store endring i dagens returpunkt.

Kommunen skal saman med HR jobbe for å få fleire hushaldsabonnentar over på henteordning. For hushaldsabonnentar der det ikkje kan gjennomførast å ha henteordning, og for hytteabonnentar skal det etablerast returpunkt med nedgrave løysingar med kjeldesortering av fem avfallsfraksjonar - restavfall, papir/pappemballasje, glas- og metallemballasje, plast og matavfall).

For å få til ei god løysing på returpunkt; minimere misbruk, lette arbeidet med tilsyn og opprydding, samt få til ei universell utforming, må talet på returpunkt reduserast. I dag driftar HR 177 returpunkt i Hallingdal og Krødsherad. Etter HR si vurdering bør dette reduserast til om lag 70 returpunkt.

Tiltaket er i gang, returpunkt med nedgrave løysingar i Brennkrysset på Golsfjellet er etablert i 2023.

### **Kommunale veger**


På kommunale veger skal vi ha eit godt kunnskapsgrunnlag som gjev oss eit godt grunnlag for å sette i verk tiltak for å betre standarden og trafikktryggleiken på vegnettet. Gol kommune er trafikksikker kommune og trafikktryggleiksplanen skal reviderast i løpet av planperioden.

Det er utarbeida hovudplan for veg 2020-2027 som blir lagt til grunn for økonomiplanarbeidet. Det er eit stort utbetrings- og vedlikehaldsetterslep på kommunale veger. Utval for natur og næring prioriterer prosjekttiltak innanfor årlege budsjettrammer.

Det er nødvendig å auke administrativ ressurs innanfor vegsektoren frå 60% til 80% for å få gjennomført prosjekttiltak i tråd med hovudplan og politiske vedtak. Kompetanse og kapasitet er sentralt i evna til å levere gode tenester innan vegsektoren. Vi må styrke samarbeidet internt og med andre kommunar, slik at vi sikrar nødvendig kompetanse og evne til å gjennomføre tiltak.

Drift av kommunale veger krev god organisering og beredskap slik at nødvendige tiltak raskt kan setjast i verk for å halde krav som er satt. Det er inngått kontraktar/rammeavtaler med leverandørar av maskinentreprenørtenester og vinterdrift. Store deler av vegdrifta har vi i eigen driftsavdeling, og i samarbeid med Egedomsavdelinga.

Kontraktar for vinterdrift skal indeksregulerast og dette må det takast høgde for i budsjett og økonomiplan frå 2025 og framover.



Kjelde: SSB/KOSTRA- tabell 12183

Kjelde: SSB/KOSTRA- tabell 12362

Augen i brutto driftsutgifter i 2023 er knytt til utgiftene med handtering og utbetring av kommunale vregar etter ekstremværet Hans på omlag 5 mill.kr.

KOSTRA-tal må brukast med varsemd, då ikkje alle kommunar fører på relevante arter for vedlikehald. Driftsutgiftene inkluderer ikkje veglys. Gol har **veg/gatelys** langs 60% av det totale vegnettet, tilsvarende for kostragruppe 5 er 46%. Brutto driftsutgifter for veg/gatelys i Gol per. km veg er lågare enn både kostragr.5, fylke og landssnitt.

Innatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Kompetanse og rekryttering veg</b>	Etablere større fagmiljø og styrke samarbeidet. Auke administrativ ressurs.	Auke adm. ressurs. Styrke samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal.	Styrke samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal.
<b>Trafikktryggleik</b>	Revidering av TT-plan for Gol med mål om auka innsats på trafikktryggleik og Gol som knutepunkt	Revidere plan.	Følgje opp tiltaksdel.
<b>Hovudplan for veg 2020-2027</b>	Følgje opp tiltak i plan. UNN prioritær prosjekttiltak innan årleg budsjetttramme.	Gjennomføre vedtak/prioriterte prosjekttiltak.	Gjennomføre vedtak/prioriterte prosjekttiltak.

## Plan og utvikling

Avdelinga har ansvar for plan og byggesaker, næring, miljø, oppmåling/matrikkel, landbruk, skogbruk og utsleppsaker.

## Nosituasjonen

Ny samanslått avdeling mellom avdelingane utbygging og landbruk og miljø frå juni 2024.

## Økonomiplan for 2025-2028

Avdelinga handsamar i dag sakar innanfor mange ulike fagområde, og nokon funksjonar er delt med andre kommunar. Avdelinga handsamar sakar innanfor omlag 16 lover + tilhøyrande forskrifter. Som eit resultat av samanslåing av avdelingane vil brukarane oppleve ein meir saumlaus handsaming i sakar som blir påverka av fleire fagområde. Utsleppsaker er overført til KAV Hallingdal - Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning.

Avdelinga har i stor grad bidrige til revidering av kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen for Gol tettstad. Desse er ikkje endeleg vedteke på grunn av motsegn. Arbeidet med å løyse motsegn er tidkrevjande og komplisert og det er forventa at kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Gol tettstad er vedtatt innan utgangen av 2024. Fleire i avdelinga er med i arbeidet med utarbeiding av regional plan for klima, natur og klimatilpassing som er forventa vedteken i 2024.

I samfunnsdelen er det mål om å redusere utsleppa i Gol med 40% i 2030 med utgangspunkt i 2009. Utslepp per innbyggjar i Gol er redusert frå om lag 10 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar i 2016 til om lag 6,7 tonn i 2022. Målet om lågutsleppsamfunn i 2050 tilsvara eit utslepp på under 2 tonn per innbyggjar. Gol er med i KS sitt program for klimatilpassing og klimatilpassing er eit tema i regional plan for klima, natur og klimatilpassing. Eit sentralt tema er klimavenleg mobilitet i Gol tettstad, eit arbeid som må vurderast mellom anna gjennom endring av områdereguleringsplan for Gol sentrum vest.



For å nå måla i samfunnsdelen må kommunen arbeide mot arealnøytralitet. Arealnøytralitet inneber;

- auka gjenbruk og fortetting av areal som alt er utsett for menneskelege inngrep
- arealregnskap og arealavgift for å redusere presset på natur
- føresegner og rekkjefølgjekrav i planprosesser

Arealregnskap er eit viktig tiltak for å få oversikt over arealbruken og danne grunnlag for å nå måla om arealnøytralitet.

Plan og utvikling har i dag lovpålagnede oppgåver som i dag ikkje følgjast opp, t.d. tilsyn i byggesaker jf. forskrift om byggesak § 15-3 første ledd. Innanfor plan er avdelinga styrka med ein ny stilling innanfor samfunnsplanlegging frå 01.05.2024.

## Økonomiplan for 2025-2028



Innsatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Bustadbygging</b>	Legge til rette for fleire bustader og eit variert bustadtilbod i Gol tettstad.	Følgje opp kommunedelplan for Gol tettstad.	Revisjon av områdeplan for Gol sentrum vest
<b>Styrke næringsarbeidet</b>	Følgje opp strategisk næringsplan for Gol ved å opprette næringsnettverk. Målet er samskaping mellom ulike aktørar; gründer, universitet/fagskole, bank, offentleg	Oppstart 2025	Evaluering av næringsnettverk og vegen vidare for nettverket.

	forvaltning og bedrifter		
<b>FNs berekraftsmål</b>	Måla skal innarbeidast i kommuneplanens samfunnsdel. Utarbeiding av indikatorsett for å måle berekraftsutvikling i kommunen vil vere ein del av dette arbeidet	Oppstart revisjon-kommuneplanens samfunnsdel	Samfunnsdel vedteke
<b>Gol som knutepunkt</b>	Styrke Gol stasjon - stasjonsområdet	Vidareføre arbeidet med detaljplan med Bane Nor	Oppgradert stasjonsområde.
<b>Hyttebygging</b>	Følgje opp strategiane i kommunal planstrategi for 2024-2027	Oppstart av planrevisjon/ «planvask» av eldre planar	Planrevisjon gjennomført
<b>Tilsyn byggesak</b>	Følgje opp tiltak i tilsynsstrategi	Tilsyn i tråd med vedtatt tilsyns-strategi	Vurdering av tilsynsstrategi
<b>Klima- og miljø</b>	Regional plan for klima, natur og klimatilpassing	Ferdigstillast	Følgje opp mål og tiltak i plan
<b>Naturmangfold</b>	Følgje opp tiltaksdel i kommunedelplan for naturmangfold	Kartlegging av naturmangfold	Revidert KDP-naturmangfold
<b>Landbruk</b>	Landbruksplan for Gol	Oppstart av planarbeid	Vedteke
<b>Arealnøytralitet</b>	Gjenbruka og fortette utbygde areal, stanse arealforbruket	Første utgåve til arealrekneskap for Gol kommune	Status arealnøytralitet med konkrete tiltak
<b>Klimavennleg mobilitet i Gol tettstad</b>	Fremje sykkel og gange, universell utforming, bilfrie soner, framtidsretta parkeringsløysingar	Følgje opp kommunedelplan for Gol tettstad	Revisjon av områdeplan for Gol sentrum vest
<b>Kompetanse og rekruttering</b>	Styrke fagmiljø og regionalt samarbeid	Styrke det regionale samarbeidet	Konkrete samarbeidstiltak
<b>Skogbruk</b>	Skogbruksplan for Gol	Oppstart planarbeid	Vedteke

## Eigedomsavdelinga

Avdelinga har ansvar for kommunal eigedomsforvaltning, kommunale trygde- og omsorgsbustader, formålsbygg og park/uteområde.

## Nosituasjonen

Eigedomsavdelinga med sine ressursar fungerer i dag som ein rein drifts- og vedlikehaldsorganisasjon, og ynskjer å bli styrka slik at ein også kan leve på andre forvaltningsoppgåver og investeringsprosjekt. Gjennomføringsevne vil avhenge av dette.

### **Brukaren i sentrum**

Skal Gol kommune opplevast som en god kommune å bu i og tiltrekke seg nye innbyggjarar, må kommunen leve tenester som svarer på sluttbrukaren sine behov i størst mogleg grad. Det betyr at Eigedomsavdelinga må leve bygg og bustader som er tidsrette, godt vedlikehalde og eigna for sektorane bruk og tenesteleveranse. For å få til dette må vi etablere formelle samarbeidsarenaer mellom sektorane og det må innførast brukaravtaler. Det skal i løpet av 2025 ferdigstilla etablering av digital infrastruktur i alle bygg for internett, tv og velferdsteknologi.

### **Kompetanse og kapasitet**

For at avdelinga skal rekruttere og behalde rett kompetanse, må vi sikre høg medarbeidar-tilfredsheit. Vidare bli ein avdeling som nyttar saumlause digitale prosessar der det er smart. Administrasjonen består av tre ressursar i dag, så det må på plass ein ny ressurs som skal jobbe med forvaltaroppgåver, vedlikehaldsplanaar samt prosjekt- og byggeleiing av investeringsprosjekt.

### **Meir for pengane**

Eigedomsavdelinga har starta ein prosess der vi jobbar meir effektivt blant anna gjennom å utnytte potensiale i innkjøpte digitale verktøy. Fleire oppgåver skal digitaliserast der det er smart. Avdelinga vil prioritere driftsmidlar som maskiner, utstyr og biler som gjev meir effektiv dagleg drift, og lokalisere all operativ verksemad på Glitre når brannstasjonen blir frigjort. Vi må få på plass eit skallsikringssystem som fjernar tungvint og utdatert nøkkeladministrasjon, eit tiltak som også er knytt til samfunns- og informasjonstryggleik prioritert i kommunal ROS.


### **Verdibasert forvaltning av bygg**

Gol kommune må ha en vedlikehaldsstrategi og plan som sikrar eit verdibasert vedlikehald av eigedomsmassen. Arbeidet har starta og strategi og plan skal vedtakast i 2026. Det er fortsatt eit potensiale i å avhende bygg og areal kommunen ikkje lenger har behov for.

Eit nytt tiltak er inneklima i Helsevegen 24 – 42 som er kartlagt. Arbeidet med å utbetre manglar må starte slik at vi sikrar verdiar og eit godt inneklima for beboarar og tilsette i Miljøterapitenesta. Brannsikring av omsorgsbustader skal også gjennomførast i tråd med Handlingsprogrammet.

Gjennomført moglegheitsstudie for energivurderingar viser eit potensial for energisparing i formålsbygg. Konkrete tiltak blir lagt inn i økonomiplan.

## Økonomiplan for 2025-2028



Kilde SSB/KOSTRA kommunefakta- nøkkeltal tabell 12051

Kjelde: SSB/KOSTRA kommunefakta- nøkkeltal tabell 12051

Gol har no om lag like mange m<sup>2</sup> formålsbygg som kostragruppe 5, men fleire enn fylke og landet.

Kommunen har låge driftsutgifter inkl. driftsoperatør- og reinhaldstenester per m<sup>2</sup>. Energikostnadane er svært låge i høve andre kommunar. Tala for 2020 og 2021 er i ein viss grad påverka av koronapandemien og ulike tiltak som følgje av den.

Innatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Brukaren i sentrum</b>	Auka brukarorientering gjennom forventningsstyrт og formalisert samarbeid med tenesteleverandør	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukaravtale Gol Helsetun</li> <li>• Digital infrastruktur etablert i alle omsorgsbustader og formålsbygg</li> </ul>	Brukaravtaler i alle formålsbygg og avtaler evaluert
<b>Kompetanse og kapasitet</b>	Rekruttere og behalde gjennom å legge til for opplæring, innsiktbasert utvikling og godt arbeidsmiljø	Ny administrativ ressurs på plass	50% av stillingar reinhald har fagbrev
<b>Meir for pengane</b>	Jobbe på nye måtar gjennom meir saumlaus og effektiv drift der tilstrekkeleg med driftsmidlar og digitale verktøy er på plass	<ul style="list-style-type: none"> <li>- LAFT reinhald implementert i alle formålsbygg.</li> <li>- Visma ressursstyring tatt i bruk på reinhald.</li> <li>- Ipad- til alle reinhaldarar.</li> <li>- LAFT Utleige implementert.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- All operativ drift lokalisert på Glitre</li> <li>- Skallsikring etablert</li> <li>- Nytt låsesystem omsorgsbustader etablert</li> </ul>

## Økonomiplan for 2025-2028

		- Skallsikring formålsbygg kartlagt.	
<b>Verdibasert forvaltning av bygg</b>	Ivareta verdiar gjennom kontinuerleg vedlikehald og investering	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide vedlikehaldsstrategi og -plan for vedtak i 2026.</li> <li>- Prioritere og iverksette tiltak som gjev energisparing i tråd med anbefalingar i mogelegheitsstudiet.</li> <li>- Skifte belysningsarmatur til led i alle formålsbygg</li> <li>- Oppstart utbetring knytt til inneklima Helsetunv. 24-42</li> <li>- Brannsikring omsorgsbustader etablert</li> </ul>	Nivå på vedlikehald og investeringar svarar til definerte måltal-KPI.

## Driftsbudsjett

Beløp i 1000

### Fordeling på eining (tabell)

## Økonomiplan for 2025-2028

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2023	2024	2025	2026
Kommunalsjef samfunn og utvikling		8 396	9 848	10 512	10 462	10 462
Utbyggingsavdeling		582	1 214	2 178	2 178	1 478
Landbruk og miljø		3 687	5 480	6 498	6 698	6 348
Kommunalteknisk avdeling		15 643	11 542	11 310	11 660	11 510
Eigedomsavdelinga		18 951	20 245	22 882	27 657	28 157
<b>Sum</b>		<b>47 258</b>	<b>48 329</b>	<b>53 379</b>	<b>58 654</b>	<b>57 954</b>
						<b>57 454</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>48 329</b>	<b>48 329</b>	<b>48 329</b>	<b>48 329</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>		<b>2 286</b>	<b>2 286</b>	<b>2 286</b>	<b>2 286</b>
<b>Vedtak forrige periode</b>					
Endringar husleiger andre kommunale bygg	UNN – kommunal drift	-1	-1	-1	-1
Fiberutbygging omsorgsbustader	UNN – kommunal drift	-150	-150	-150	-150
Gol brannstasjon- leige av nye lokale av GKE AS	UNN – kommunal drift	0	2 500	2 500	2 500
Gol sentrum- universell utforming jf. kartlegging frå mellom anna RÅFU	UNN – kommunal drift	-200	-200	-200	-200
KAV- utgreiing av behov for nitrogenrensing ved kommunale avløpsanlegg i Hallingdal	UNN – kommunal drift	-120	-120	-120	-120
Samfunnsplanleggar- ny stilling Trafikktryggleiksplan- revidering Utskifting av trafikkskilt	UNN – kommunal drift	190	190	190	190
Vegoppmerking med termoplast	UNN – kommunal drift	0	-100	-100	-100
Vinterdrift kommunale vegar- prisjustering kontrakter	UNN – kommunal drift	0	-100	-100	-100
Vinterdrift kommunale vegar- prisjustering kontrakter	UNN – kommunal drift	-500	-500	-500	-500
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>-731</b>	<b>1 719</b>	<b>1 869</b>	<b>1 869</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>1 555</b>	<b>4 005</b>	<b>4 155</b>	<b>4 155</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>49 884</b>	<b>52 334</b>	<b>52 484</b>	<b>52 484</b>
<b>Driftskonsekvens</b>					
Driftskonsekvens ny barnehage Hallingmoområdet	UNN – kommunal drift	0	1 500	2 500	2 500
<b>Sum Driftskonsekvens</b>		<b>0</b>	<b>1 500</b>	<b>2 500</b>	<b>2 500</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Redusert strømutgifter	UNN – kommunal drift	-400	-400	-400	-400
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-400</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auke Hallingdal Brann og Redning IKS	UNN – kommunal drift	300	300	300	300
Beredskap- auka kostnadjar	UNN – kommunal drift	120	120	120	120
Endring av bygningsmasse etter behov frå andre tenester/sektorar	UNN – kommunal drift	300	300	300	300
Farekartlegging skred og rasfare	UNN – kommunal drift	300	300	0	0
FDV- kostnader ROP-bustadar	UNN – kommunal drift	300	300	300	300
Furuvegen					
FDV-kostnadar ny leikeplass i sentrumsparken	UNN – kommunal drift	75	150	150	150
Ingeniør/prosjektleiar	UNN – kommunal drift	450	500	500	500
Eigedomsavdelinga					
Klimatiltak jf. regional klimaplan	UNN – kommunal drift	200	100	100	100

## Økonomiplan for 2025-2028

<b>Beskriving tiltak</b>	<b>Avdeling</b>	<b>Økonomiplan</b>			
		<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Kommuneplan- revidering av samfunnsdelen	UNN – kommunal drift	300	0	0	0
Næringsutviklar- utvide til 100% stilling	UNN – kommunal drift	450	450	450	450
Områdereguleringsplan Gol sentrum vest- revidering	UNN – kommunal drift	0	300	300	0
Planmodul Framsikt	UNN – kommunal drift	150	100	100	100
Planvask av eldre reguleringsplanar inkludert kartlegging naturmangfald	UNN – kommunal drift	200	400	0	0
Skallsikring- standardisert adgangskontroll i formålsbygg	UNN – kommunal drift	300	350	0	0
Tiltak friluftsområde jf. forvaltningsplan	UNN – kommunal drift	100	400	50	50
Utbetring bruer jf. inspeksjonsrapport	UNN – kommunal drift	0	300	0	0
Utskifting av køyretøy	UNN – kommunal drift	0	250	0	0
Eigedomsavdelinga					
Vedlikehaldsplan kommunale bygninger	UNN – kommunal drift	0	100	200	0
Vegnavnskilt- adressering vegar	UNN – kommunal drift	100	0	0	0
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>3 645</b>	<b>4 720</b>	<b>2 870</b>	<b>2 370</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>3 245</b>	<b>5 820</b>	<b>4 970</b>	<b>4 470</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>		<b>53 129</b>	<b>58 154</b>	<b>57 454</b>	<b>56 954</b>

### Vedtak forrige periode

#### Endringar husleiger andre kommunale bygg

Årleg indeksregulering og endring av leigeavtaler for husleiger kommunale bygg.

#### Fiberutbygging omsorgsbustader

Fiberutbygging omsorgsbustader. Kommunen bør legge til rette for fibertilgang i omsorgsbustadane. Det blir foreslått ei tilrettelegging for dette fordelt på 3 år. Årlige beløp er stipulerte kostnader.

#### Gol brannstasjon- leige av nye lokale av GKE AS

Etablering av ny brannstasjon i Gol. Notat datert 05.03.21 ligg til grunn for ny brannstasjon i

lokala til Hallingdal Bilsenter AS. Kommunen har innvilga dispensasjon frå plankrav på Storøyne. Justert tidsakse tilseier at ny brannstasjon kan stå klar i første halvdel av 2026. Kostnader til leige på 2,5 mill. kr. blir difor skyvd frå 2025 til 2026.

#### Gol sentrum- universell utforming jf. kartlegging frå mellom anna RÅFU

Gol sentrum - universell utforming jf. kartlegging mellom anna frå RÅFU. RÅFU har kartlagt ulike tiltak som dei ynskjer kommunen kan utbetre. Gatebruksplanen vart etablert i 1992-94 og det er behov for å rehabilitera deler av anlegget av omsyn til ferdsel for mjuke trafikantar og personar med funksjonshemmning spesielt. Kostnadane er stipulerte og det kan bli behov for prioritering av tiltak saman med RÅFU undervegs. Midlane må også sjåast i samanheng med eventuelle investeringsmidlar til trafikktryggleikstiltak/fartsdempande tiltak på deler av vegnettet.

### **KAV- utgreiing av behov for nitrogenrensing ved kommunale avløpsanlegg i Hallingdal**

KAV- felles avløpskontor og vassområde i Hallingdal skal på vegne av kommunane i regionen utarbeide rapport om behovet for framtidig nitrogenrensning ved kommunale avløpsanlegg i Hallingdal. Kommunane i regionen får krav om slik utgreiing gjennom nye utsleppsløyve. Arbeidet er omfattande og skal ta for seg alle områder som kan påverke utsleppet av nitrogen til Hallingdalsvassdraget, mellom anna landbruket. Kostnaden blir fordelt på kommunane og Gol sin del er stipulert til kr 120 000. Kostnaden kan ikkje dekkast av sjølvkost.

### **Samfunnsplanleggar- ny stilling**

Samfunnsplanleggar. Gol kommune er vekstcommune med dei utfordringar og moglegheiter dette skapar. Funksjone skal drive samfunnsplanlegging og utvikling med fokus på kommuneplan, samfunns- og arealdel, større reguleringsplanar og framtidig strategiarbeid for kommunenes utvikling på tvers av fag- og sektornivå. Kommunen har i dag svært liten kapasitet/ressursar knytt til overordna strategiarbeid i plan- og utviklingsarbeid. Styrking av planfunksjonane er nødvendig dersom vi skal lukkast med løyse oppgåvene som den nye *Plan og utviklingsavdelinga* skal ha ansvar for. Tiltaket blir foreslått med verknad frå om lag 1. mai-2024 og heilårsverknad fom 2025. Stillinga er tenkt finansiert med om lag 30% av sjølvkost, dvs. inntekter frå behandling av reguleringsplanar, medan 70 % til kommuneplan og strategiarbeid blir dekka av kommunen sin ordinære drift.

### **Trafikktryggleiksplan- revidering**

Revidering av trafikktryggleiksplan. I løpet av 2025 blir ansvaret for trafikktryggleiksplan og ordninga med Trafikksikker kommune lagt til den nye Plan og utviklingsavdelinga. Kommunen er forplikt til å ha trafikktryggleiksplan for å vere sertifisert som Trafikksikker kommune. Ein føresetnad for at planarbeidet kan skje i 2024/25 er at det blir tilsett samfunnsplanleggar.

### **Utskifting av trafikkskilt**

Utskifting av offentlige trafikkskilt på kommunale vregar. Mange skilt er av dårlig forfatning og det er behov for å ta ein samla gjennomgang og oppgradering.

### **Vegoppmerking med termoplast**

Vegoppmerking med termoplast på kommunale veger. Merking vil ha om lag 4-8 år levetid.

### **Vinterdrift kommunale vregar- prisjustering kontrakter**

Vinterdrift kommunale vregar- prisjustering kontrakter- prisauke 2023/24. UNN har vedtatt kvalitetskriterier som ligg til grunn. Prisauken som er lagt inn i økonomiplan 2023-26 er ikkje nok for å dekke kostnaden.

### **Vinterdrift kommunale vregar- prisjustering kontrakter**

Vinterdrift kommunale vregar- prisauke i tråd med regulering i kontrakt. UNN har vedtatt kvalitetskriterier som ligg til grunn. Eksisterande øk-plan 23-26 tek ikkje høgde for prisjustering fom 2024.

## **Driftskonsekvens**

### **Driftskonsekvens ny barnehage Hallingmoområdet**

Drift, vedlikehold etc. basert på Holte modell kr. 1500 per kvadratmeter.

## Nye tiltak

### Beredskap- auka kostnad

Auka kostnad knytt til beredskapsoppgåver:

- Husleige Sivilforsvaret (FIG)- Torpomoen. Husleigearke FIG har ikke vore regulert på mange år.
- IUA- region, felles organisering for akutt forureining. Auka bidrag fom 2025.
- Drift- Nødnett og telefoni beredskap (satellitefon).

### Endring av bygningsmasse etter behov frå andre tenester/sektorar

Endringar av bygningsmassen etter behov frå andre tenester/sektorar. Dei seinare åra har det vist seg eit større behov for å gjere om ulike lokale for anna bruk i løpet av budsjettåret. Dei aller fleste tilfella er bustader knytt til behov i helse og omsorg. Kostnadane kan variere ein del frå år til år, men det er lettare å kunne gjennomføre nødvendige tiltak dersom det er satt av ein pott midlar. Alternativt må slike kostnader fremjast i årleg budsjettjustering.

### Farekartlegging skred og rasfare

Farekartlegging skred og rasfare. Gjennomgang av eksisterande farekartlegging og utvide den med nye områder. Dette er også omtalt i rapporten og oppsummering av tema og tiltak etter ekstremværet Hans i 2023. Det er aktuelt å søkje om statlege midlar i tillegg til dette beløpet.

### FDV- kostnader ROP-bustadar Furuvegen

Etablering av ROP-bustadar i Furuvegen. Erfaringar frå denne typen bustadar og brukargrupper viser at vedlikehaldskostnadane aukar. Dette er også signalisert frå administrasjonen i tertialrapport 2-24. Beløpet legg til grunn 1 personalleilegheit og 7 leilegheiter til bebuarar.

### FDV-kostnadar ny leikeplass i sentrumsparken

Drift- og vedlikehaldsmidlar for ny leikeplass i sentrumsparken. Det skal gjennomførast årleg lovpålagt tilsyn med retting av eventuelle avvik. Det er behov for løpende drift og vedlikehald av bevegelege deler, etterfylling av sand, gummireparasjonar og rydding av dekke. Det må også forventast at det oppstår mindre skader på konstruksjon i løpet av året.

### Ingeniør/prosjeakteiar Egedomsavdelinga

Egedomsavdelinga med sine ressursar fungerer i dag som ein rein drift- og vedlikehaldsorganisasjon og i svært liten grad som forvaltar av eigedom. Styrke kommunal egedomsforvaltning med 100% stilling med forvaltaroppgåver, byggkompetanse/planlegging og oppfølging av mindre prosjekt, grunnerverv, kjøp/sal av eigedom. Dette er oppgåver som i dag er spreidd utover fleire funksjonar/tenester og oppgåver som kommunen ikkje har ressursar/kompetanse til i dagens organisasjon. Dette er ein funksjon som er avgjerande for at kommunen skal ha ein meir heilhieleg og samla egedomsforvaltning. Om lag 50% av stillinga er tenkt finansiert med eigne driftsmidlar. I tillegg vil det vere mogleg å finansiere deler av stillinga gjennom å belaste konkrete investeringsprosjekt. Netto utgift for stillinga vil i så fall bli låg. Gjennomføringsevne for mindre investeringsprosjekt og større driftstiltak i Egedomsavdelinga er avhengig av denne stillinga.

### Klimatiltak jf. regional klimaplan

Klimatiltak jf. regional klimaplan. Midlane er tenkt som disponibile for å kunne gjennomføre tiltak knytt til ny Klimaplan for Hallingdal.

### Kommuneplan- revidering av samfunnsdelen

Revidering av kommuneplan- samfunnssdelen inkl. behovsanalyse Gol sentrum (planmidlar). Midlar til arbeidet med revidering samt behovsanalyse Gol sentrum som også er eit viktig grunnlag for revidering av Områdeplan Gol sentrum vest seinare i perioden.

### **Næringsutviklar- utvide til 100% stilling**

Næringsutviklar- utvide frå 50 til 100% stilling. I samanheng med at stillinga blir ledig frå januar-25 er det ynske om å utvide stillinga til 100% stilling. Gol er den kommunen i Hallingdal som har minst stillingsressurs på dette feltet. Gol har eit sterkt og variert næringsliv som er viktig for heile regionen. Ei utviding av stillingsprosenten vil gjere det lettare å rekruttere ønska kompetanse. Samstundes vil ein styrke kommunen sitt næringsarbeid knytt til mellom anna næringsetablering, arbeidet med berekraftig utvikling og Bu- og blilystprosjektet.

### **Områdereguleringsplan Gol sentrum vest- revidering**

Revidering av Områdereguleringsplan Gol sentrum vest. Dette er i tråd med Planstrategi for Gol 2024 - 27 tenkt oppstart i siste del av planperioden, dvs. 2026/27.

### **Planmodul Framsikt**

Innkjøp av planmodulen i Framsikt vil samle alle planer på ein plattform og integrere dei ulike kommunale planane i handlingsprogrammet med tiltaksdel. Mange kommunar som har Framsikt har teke modulen i bruk eller er i ferd med å gjøre det. På sikt vil dette lette oversikten over kommunale planar og gjøre til at plansystemet blir integrert system saman med økonomi og handlingsplan.

### **Planvask av eldre reguleringsplanar inkludert kartlegging naturmangfold**

Planvask eldre reguleringsplanar inkludert kartlegging naturmangfold i tråd med planstrategi 2024-27. Midlane vil gå til ekstern bistand og planfagleg arbeid. Tiltaket omfattar også ein del midlar til kartlegging av naturmangfold. I tillegg til desse midlane vil det også bli søkt om statlege midlar til planvask.

### **Skallsikring- standardisert adgangskontroll i formålsbygg**

Skallsikring av bygg, einsarta og standardisert elektronisk tilgangskontroll i formålsbygg og omsorgs-/trygdebustader. Dette er eit viktig tiltak for meir effektiv drift/vedlikehald av lås-system og nøkkeladministrasjon ved utleige. Reduserer risiko for at uvedkomande har tilgang til formålsbygg jf. mellom anna personvernforordninga GDPR og beredskap generelt. Er eit prioritert tiltak i ROS-analyse for Gol 2022-26.

### **Tiltak friluftsområde jf. forvaltningsplan**

Tiltak friluftsområde jf. forvaltningsplan. Forslaget går ut på å budsjetttere eit beløp som skal dekke kommunalt bidrag/eigenandel ved søknad om tilskot frå Viken fylkeskommune. Aktuelle tiltak blir vurdert av administrasjonen ut frå prioritering av tiltak i forvaltningsplan. I 2025 er det forslag om midlar til å rive gammal kommunal bustad og planere denne til fleire parkeringsplassar for friluftsområde ved Mobrua.

### **Utbetring bruer jf. inspeksjonsrapport**

Utbetring av bruer jf. inspeksjonsrapport. Dette omfattar 8 definerte bruer.

### **Utskifting av køyretøy Egedomsavdelinga**

Utskifting av køyretøy Egedomsavdelinga. Det er stort behov for å skifte ut eldre køyretøy i avdelinga. Det er lagt inn midlar til å bytte i brukbil. Det blir vurdert å skifte til el-bilar om det let seg gjøre.

## Økonomiplan for 2025-2028

### Vedlikehaldsplan kommunale bygningar

Utarbeiding av vedlikehaldsplan og generell auke i vedlikehaldsmidlar til kommunal bygningsmasse er nødvendig for å unngå verditap utover normalt elde/slitasje. Gol kommune bruker mindre til drift og vedlikehald per m<sup>2</sup> formålsbygg enn andre kommunar.

### Vegnavnskilt- adressering vregar

Vegnavnskilt som del av kravet til adressering langs private vregar, mellom anna hytteområder.

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp Netto prosjektutgift	Økonomiplan				Sum Økonomiplan 2025-28
		2025	2026	2027	2028	
<b>UNN – kommunal drift</b>						
Brannsikring omsorgsbustader	3 200	400	2 400	0	0	2 800
Driftsstyringsanlegg teknisk anlegg formålsbygg	5 000	500	4 500	0	0	5 000
Enøk- tiltak - oppfølging rapport mulighetsstudie Enøk	2 000	500	500	500	500	2 000
Fortau Rundingen	650	0	900	0	0	900
Gol samfunnshus - energitiltak	13 000	0	3 000	7 000	0	10 000
Gol samfunnshus- rehabilitering garderobebeanlegg og idrettshall	22 700	13 000	0	0	0	13 000
Gol skule -solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena - ENØK-tiltak	10 000	0	3 000	7 000	0	10 000
Ny avkjøring RV7	450	200	0	0	0	200
Oppgradering avdeling ODA Gol helsetun	10 000	10 000	0	0	0	10 000
Rehabilitering PU-Helsetunvegen 24-42	2 000	0	2 000	0	0	2 000
Samferdselsløft kommunale vregar	33 400	0	7 000	0	0	7 000
Trafikktryggleikstiltak - fartsreduserande tiltak	2 450	400	0	0	0	400
Utskifting av LED-belysning- ENØK-tiltak	14 800	7 400	7 400	0	0	14 800
<b>Sum UNN – kommunal drift</b>	<b>119 650</b>	<b>32 400</b>	<b>30 700</b>	<b>14 500</b>	<b>500</b>	<b>78 100</b>

### Brannsikring omsorgsbustader

Brannteknisk rådgjevarfirma har gjennomført ei grovanalyse av moglege tiltak som kan auke branntryggleiken. Dette må også vurderast i forhold til oppdeling av prosjektet. Førebels prioritert rekkefølgje; Elgfaret 4, (4 eininger), Helsetunvegen 6-20 (8 eininger på to bygg), Helsetunvegen 24-42 (11 eininger). Av ressursmessige årsaker og mange prosjekt på same tid må prosjektet skyvast eit år fram i tid. Ubrukte midlar i 2024 blir overført til 2025. Midlar i 2025 blir skyvd til 2026.

### Driftsstyringsanlegg teknisk anlegg formålsbygg

Sentral driftskontroll av de tekniske anlegg på formålsbygga. Moglegheitsstudiet i 2024 viser at det er behov for å oppgradere styringsanlegga og brønnvarmepumpene for å gje meir effektiv drift og ta ut potensiale som ligg i styring og dermed reduserte energikostnader. Det same gjeld ei rekke ventilasjonsanlegg. Det bør derfor etablerast eit felles SD-anlegg for de viktigaste bygga, med unntak av kommunehuset som må sjåast på som eit eiga prosjekt.

### **Enøk- tiltak - oppfølging rapport mulighetsstudie Enøk**

Gjennomføring av mindre tiltak med stor effekt, årlig i perioden. Tiltaka er skildra i moglekeitstudien for energisparing utarbeida i 2024 .

#### **Fortau Runding**

Fortau Runding, strekninga Sentrumsvegen- Gol helsetun. Prosjektet må sjåast i samanheng med oppgradering av VA-anlegg i området. Prosjektet er skyvd frå 2025 til 2026 og auka frå kr 750 000 til kr 900 000. Det er førebels ikkje lagt inn midlar til VA i økonomiplanen.

#### **Gol samfunnshus - energitiltak**

Prosjektet omfattar utskifting av radiatorar i heile bygget og utskifting av glasvindauga i heile bygget, inkl. nye vindaugefelt ved hovudbygningen. Dette er er installasjonar og bygningsdelar som ikkje er gjort noko med sidan bygginga av samfunnshuset for vel 50 år sidan. Viktig med utskifting av radiatorar som kan få stort skade omfang om det skulle oppstå ei vasslekkasje. Uskifting av vindauge vil ha energisparande verknad på sikt.

#### **Gol samfunnshus- rehabilitering garderobebeanlegg og idrettshall**

Gol samfunnshus- rehabilitering garderobebeanlegg. Sanitær/garderobebeanlegget er svært nedslite og er ikkje i tråd med dagens krav. Tiltaket er prioritert høgt i avtalen med Viken fylkeskommune. Renovering av idrettshallen vart gjort i 2023. Det vart i 2024 utlyst konkurranse men innkomne tilbod låg så høgt at ein valde å vurdere anna konkurranseform. Med bakgrunn i prissetting i tilbod i 2024 vil ein likevel rå til at samla ramme for prosjektet blir auka frå 7,5 til 13 mill.kr inkl. mva. Det blir overført 7,5 mill.kr i ubrukte midlar frå 2024 til 2025 samt ei auke på 5,5 mill.kr, totalt 13 mill.kr. i 2025.

#### **Gol skule -solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena - ENØK-tiltak**

Solcelleanlegg Gol skule og Gol idrettsarena. Mogleheitsstudie i 2024 viser eit godt potensiale for solselleanlegg. Anlegga vil gi høgare del eigenproduksjon og eigenforbruk av straum.

#### **Ny avkøyring RV7**

Attståande midlar etter bygging av veg over Storøyne, satt av til sluttføring av vegprosjektet. Restmidlar på kr. 200.000 blir overført til 2025 til bruk for kommunens del i finansiering av 50 meter av veg S4 iht. utbyggingsavtale og/eller andre tiltak. Når dette skal skje er avhengig av når utbygger skal bygge resterande del av S4 mot Vikojordet. Dersom utbygging ikkje skjer i 2025, bør kommunen i budsjett for 2026 vurdere om midlane skal setjast av på fond til formålet, eller løyve midlane på nytt når behovet melder seg og tiltaket skal gjennomførast.

#### **Rehabilitering PU-Helsetunvegen 24-42**

Det er behov for rehabilitering av PU-Helsetunvegen 24-42. Kartlegging gjennomført i 2024 viser at to bad må totalrenoverast, ventilasjonsanlegget er underdimensjonert og det blir anbefalt drenering av grunnmur på heile nordsida av bygget. Dette vil være tiltak som vil betre inneklimaet for beboarar og tilsette. Tiltaket er førebels kostnadsestimert til om lag 2 mill.kr.

#### **Samferdselsløft kommunale vegar**

Hovudplan veg er vedtatt av kommunestyret. Kommunen er i ferd med å oppgradere grenadavegane i kommunen. I 2024 er det løyvd 12 mill.kr til Liagardsvegen. Dette prosjektet blir oppstarta i 2024 og avslutta i 2025. Restmidlar frå 2024 må overførast til 2025.

Det er forslag om å utbetre Nordre Øygardsveg med midlar i 2026 med eit førebels ramme på 7 mill.kr inkl. mva. Samla ramme til vegløftet aukar i så fall frå 26,4 mill.kr. til 33,4 mill.kr inkl. mva. Då vil alle dei viktigaste kommunale grenadavegane vere utbетra i løpet av 6 år.

#### **Trafikktryggleikstiltak - fartsreduserande tiltak**

## Økonomiplan for 2025-2028

Trafikktryggleikstiltak inkl. fartsreduserande tiltak på kommunale vegar. Det vart løyvd til saman 1,2 mill. kr til dette i 2023 og 24. Det er ynskje om å utvide denne ramma med kr 400 000 i 2025. Prioritering av tiltak blir gjort av kommunaltekhnisk avdeling

### Utskifting av LED-belysning- ENØK-tiltak

Fra 2023 er det ikkje lenger anledning til å selje lysstoffrøyr, og det må prioriterast å få på plass nye armatur i alle bygg. Moglegheitsstudiet viser at tiltaket ikke har så stort inntjeningspotensiale, men det må gjennomførast innan relativ kor tid.

## UNN - selvkost

### Innleiing


#### Samfunn og utvikling (SU) 2025-28 – sjølvkostområde

Sjølvkostområda er ein del av verksemda til kommunaltekhnisk avdeling og Utbyggingsavdelinga, dvs. vatn, avløp og renovasjon (VAR) og områda knytt til bygesak, plan, seksjonering og kart/oppmåling.

Separate avløpsanlegg blir handtert av KAV Hallingdal - Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning med Ål som vertskommune.


### Nosituasjonen

Gol har ein god og stabil kvalitet på sjølvkosttenestene. Gebyra på VAR-området auka vesentleg i 2023 pga. straumpris, prisvekst og auka kapitalkostnader i form av renter og avdrag. Sjølvkostkalkyla for 2025 med bakgrunn i stipulerte rekneskapstal i 2024 vil gje oss svar på gebyrutviklinga. Ein må forvente ytterlegare auke i gebyra framover som følgje av nødvendige investeringar og strengare krav frå Statsforvaltaren til drift i nye utsleppsløyve. Samtidig er det knytt usikkert til utviklinga i straumpris og renteutvikling. *Sjølvkost er også kommentert i avdelingsvise omtaler.*




## Økonomiplan for 2025-2028

Gebryra på byggesak og kart/oppmåling i Gol er samla om lag som KOSTRA-gruppe 5 og lågare enn fylkes- og landsnitt. Gebyr for behandling av private reguleringsplanar er høgare enn KOSTRA-gruppe 5 og landsnittet, men under fylkessnittet.



Gol har svært høg sjølvkostdekning samanlikna med resten av landets kommunar for plan, byggesak, kartforretning. Gebryoversikten viser at Gol har «låge gebry» ut frå dekningsgrad i forhold til andre kommunar.



## Økonomiplan for 2025-2028

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på byggesaker i Gol er langt lågare enn kostragruppe 5, fylke og landssnitt. Gol har vesentleg mindre byggesaker der det er innvilga dispensasjon frå plan.

Behandlingstida på reguleringsplan varierer mykje år for år avhengig av tal og kompleksitet mv., og var i 2023 vesentleg lengre enn i 2022. Dekningsgraden på sjølvkost er høg i Gol.

Tilsyn byggesak er ei lovpålagt oppgåve som skal dekkast av byggesaksgebyra. Gol er godt under landssnittet i utøving av slike tilsyn. Dette er ei prioritert oppgåve framover.

Det har vore behov for å styrke ressursen til kart og oppmålingsarbeid. Statens kartverk har gjennom tilsyn dei siste åra peikt på at Gol må betre arbeidet med Matrikkelen. Utbyggingsavdelinga er difor styrka med ein ny fast ressurs som bidreg i desse tenestene og som på sikt også skal delta i byggesak og utøving av tilhøyrande tilsyn.

For VAR-området vil det bli behov for investeringar både til nye anlegg og til fornying av eksisterande anlegg som følgje av befolkningsvekst, skjerpa myndighetskrav, klimatilpassing og overvatn. Ikkje minst har ekstremværet «Hans» i august 2023 viste oss utfordringane kommunane har med å tilpasse seg eit anna klima enn det vi er vant med.

Strengare regelverk stiller auka krav til vatn- og avløpstenestenes kvalitet. Kommunen er lovpålagt å yte vatn- og avløpstenester etter sjølvkostprinsippet. Det betyr at brukarane av tenestene i hovudsak skal betale det tenestene kostar. Gebyra vil auke i åra framover som følge av krav om nye investeringa. Det er behov for å styrke ressursen til arbeid med VA i samband med oppfølging av drift og løyper for verksemda.

Dekningsgraden for tenestene kjem fram i sjølvkostrekneskapen som blir lagt til grunn for avsetning eller bruk av fond i kommunerekneskapen. Av samla budsjett for Samfunn og utvikling dekker sjølvkostområda om lag 40% av kostnadane.

Innsatsområde	Strategi – korleis gjer vi det	Mål 2025	Mål 2028
<b>Hovudplanar for drikkevatn, avløp (VA) og vassmiljø</b>	Revidere hovudplanar. Planprogram vedtatt	Utarbeide og vedta hovudplanar VA	Følgje opp tiltaksdel i hovudplanar VA samt tiltaksplan for vassregion Viken.
<b>Kompetanse og rekruttering VA</b>	Etablere større fagmiljø slik at vi sikrar nødvendig kompetanse og evne til å gjennomføre tiltak.	Styrke samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal.	Styrke samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal.
<b>Renovasjonsplassar «færre og større».</b>	Kommunal investering, jf. HR sin framdriftsplan for sanering av containerplassar og etablering av nye	Følgje HR sin framdriftsplan for sanering av containerplassar og etablering av nye renovasjonsplassar	Gjennomført tiltak, jf. HR sin framdriftsplan og vedtatt EU krav.

## Økonomiplan for 2025-2028

	renovasjonsplassar med kjeldesortering.	med kjeldesortering.	
<b>Innbyggardialog-digitale løysingar</b>	Digitalisere byggesaksarkivet	Prosjektplan for gjennomføring	Byggesaksarkivet er digitalisert
<b>Styrking av arbeidet med Matrikkel</b>	Følgje opp tilsyn fra Statens Kartverk- kart og oppmålingsarbeid. Følgje opp restanselister.	Lukke avvik etter matrikkeltilsyn	Ingen avvik
<b>Fondsmidlar på sjølvkostområda skal ikkje overstige 5-års regelen</b>	Berekning av sjølvkostkalkyle med fondsregulering i tråd med sjølvkostregelverk.	Ingen avvik	Ingen avvik

## Driftsbudsjett

Beløp i 1000

### Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2023	2024	2025	2026
Utbyggingsavdeling - sjølvkost		80	1 008	1 434	1 434	1 434
VAR		-8 180	-14 856	-19 743	-18 985	-19 666
<b>Sum</b>		<b>-8 100</b>	<b>-13 848</b>	<b>-18 308</b>	<b>-17 550</b>	<b>-18 231</b>

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Avdeling	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>-13 848</b>	<b>-13 848</b>	<b>-13 848</b>	<b>-13 848</b>
Sum Tekniske justeringer		1 061	1 061	1 061	1 061
<b>Vedtak forrige periode</b>					
Samfunnsplanleggar	UNN - selvkost	80	80	80	80
VAR-Momentum okt 23	UNN - selvkost	-1 004	-2 505	-3 186	-3 186
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>-924</b>	<b>-2 425</b>	<b>-3 106</b>	<b>-3 106</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>137</b>	<b>-1 364</b>	<b>-2 045</b>	<b>-2 045</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>-13 711</b>	<b>-15 212</b>	<b>-15 893</b>	<b>-15 893</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Andre tiltak	UNN - selvkost	-4 597	-2 338	-2 338	-2 338
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-4 597</b>	<b>-2 338</b>	<b>-2 338</b>	<b>-2 338</b>
<b>Nye tiltak og realandringer budsjett</b>		<b>-4 597</b>	<b>-2 338</b>	<b>-2 338</b>	<b>-2 338</b>
<b>Ramme 2025-2028</b>		<b>-18 308</b>	<b>-17 550</b>	<b>-18 231</b>	<b>-18 231</b>

## Vedtak forrige periode

### VAR-Momentum okt 23

## Økonomiplan for 2025-2028

Endring iht Momentum's beregninger 2023

Endringane skuldast nye sjølvkostberekninger for vatn og avløp, og tabellen under visa ei oppsummering av inntekter og utgifter for 2024.

**Prognose-,  
budsjett- eller  
økonomiplan (velg  
år i cellen under):**

2024	Totalt	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtømming
Gebyrinntekter	<b>55 180 921</b>	8 256 298	19 060 858	18 836 193	1 484 263
Driftsinntekter	<b>55 180 921</b>	8 256 298	19 060 858	18 836 193	1 484 263
Direkte driftsutgifter	<b>42 738 240</b>	5 246 608	9 416 536	18 645 169	1 508 080
Avskrivningskostnad	<b>6 655 594</b>	1 869 206	4 313 794	328 231	144 363
Kalkulatorisk rente (4,69 %)	<b>8 450 408</b>	1 407 408	6 556 631	221 135	265 234
Indirekte driftsutgifter (netto)	<b>1 320 291</b>	156 000	208 000	38 275	36 843
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	<b>66 015</b>	7 800	10 400	1 914	1 842
Driftskostnader	<b>59 230 548</b>	8 687 022	20 505 361	19 234 722	1 956 363
Resultat	<b>-4 049 627</b>	-430 724	-1 444 503	-398 529	-472 100
Selvkostgrad (%)	<b>100,0 %</b>	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiering	<b>16 492 308</b>	3 440 414	11 088 825	589 554	448 283
Selvkostfond 01.01	<b>11 659 771</b>	484 393	6 976 765	760 440	1 448 341
- Bruk av selvkostfond	<b>-4 140 001</b>	-430 724	-1 444 503	-398 529	-472 100
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (4,69 %)	<b>423 652</b>	12 618	293 337	26 319	56 856
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	<b>7 943 424</b>	66 287	5 825 599	388 231	1 033 098
Fremførbart underskudd 01.01	<b>-903 985</b>	0	0	0	0
+ Inndeckning av fremførbart underskudd	<b>169 395</b>	0	0	0	0
- Underskudd til fremføring	<b>-79 021</b>	0	0	0	0

## Økonomiplan for 2025-2028

- Kalkulert rentekostnad selvkostfond (4,69 %)	<b>-14 169</b>	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)	<b>-827 780</b>	0	0	0	0
	<b>-4049627,336</b>	-430724	-1444503	-398529	-472100
Gebyrinntekter	<b>55 180 921</b>	8 256 298	19 060 858	18 836 193	1 484 263
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	<b>59 230 548</b>	8 687 022	20 505 361	19 234 722	1 956 363
Finansiell dekningsgrad (%)	<b>93,2 %</b>	95,0 %	93,0 %	97,9 %	75,9 %

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp  Netto prosjektutgift	Økonomiplan				Sum Økonomiplan  2025-28
		2025	2026	2027	2028	
<b>UNN - selvkost</b>						
Brønnhus vassverk	400	400	0	0	0	400
Eiklid avløppspumpestasjon - rehabilitering	1 500	1 500	0	0	0	1 500
Gol vannverk nytt høgdebasseng Skaga	7 000	0	7 000	0	0	7 000
